



**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**



## **Årsrapport 2016**

## Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	5
1.4 Andre forhold	5
Sted, dato og fylkesmannens signatur	5
2 Introduksjon til embetets hovedtall	6
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	11
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	11
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	11
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	11
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	11
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	12
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	12
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	12
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	15
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	16
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	16
3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet	17
3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester	19
3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	20
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring	20
3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	22
3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene	22
3.1.1.11 Kommunereform	23
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket	23
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk	25
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	26
3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge	26
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	26
3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	27
3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	27
3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	28
3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen	29
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	30
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	30
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	33
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	35

3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	38
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	40
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	40
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	40
3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks	41
3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	42
3.3 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	65
3.4 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	66
3.5 Andre forhold	66
4 Styring og kontroll i embetet	69
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	69
4.1.1 Embetets risikostyring	69
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	69
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	70
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	70
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	70
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	70
5 Vurdering av framtidsutsikter	71
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	71
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	72
5.3 Andre forhold	72
6 Årsregnskap	73

## 1 Fylkesmannens beretning

### 1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Overordna har Fylkesmannen i 2016 hatt ei god måloppnåing. Vi har stort sett fullført embetsoppdraga våre. På somme område har vi prioritert ned mellom anna fordi vi medvite har vakansar når tilsette sluttar, for å spare pengar. På andre område legg vi, som følge av behov i fylket, inn større tyngd enn det ei nøktern lesing av embetsoppdraget skulle føre til.

I tillegg til at vi fullfører embetsoppdraga våre, brukar vi initiativrolla til å vere ein viktig motor for utviklinga av fylket. Eit særmerke for fylket er ein sterk samhandlingskultur mellom dei viktigaste samfunnsaktørane, der vi arbeider saman for å nå felles mål for å skape gode samfunn. I eit fylke utan store byar, har Fylkesmannen teke initiativ til mange av samhandlingsprosjekta. Vi meiner at samhandlingskulturen er nøkkelen til at fylket presterer best for dei fleste levekårsindikatorane, sjå meir under hovudmåla i kapittel III.

I 2016 gjekk vi samla med eit overskot på 1 192 000 kr, der vi hadde med oss 1 252 000 kr frå året før. Vi har altså nesten klart å halde på overskotet frå året før, etter ei stram økonomistyring der vi reduserte med endå ei stilling og stilte krav til vakansar der folk slutta. I tillegg fekk vi noko høgare refusjon av sjukepengar enn vi rekna med.

Etter at avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma vart innført frå 2015, har vi over tre år fått redusert løyvinga med 1 633 000 kr for 2017, i praksis nær tre stillingar.

På andre sida vart både beredskap og utdanning (skulemiljø og mobbing) i 2016 og 2017 styrkt med nesten ei stilling kvar. Den ekstraordinære situasjonen med stor auke i einslege mindreårige asylsøklarar hausten 2015 og vinteren 2016 førte til at vi tilsette fleire personar mellombels på verjemålsområdet. Vi har ikkje midlar til å forlenge, sjølv om vi har mykje etterslep og framleis har vanskeleg for å ta unna sakene på verjemål.

Vi innrettar drifta etter reduserte rammeløyvingar, og takkar for tilliten til sjølve å prioritere mellom fagområda. Men vi ser at det fører til vanskelege diskusjonar mellom fagområde og avdelingar og i siste omgang misnøye frå oppdragsgjevarane våre der vi prioriterer ned.

### 1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

Kommunereforma, beredskap, klimaomstilling, barnevern, integrering og oppfølging av einslege mindreårige asylsøklarar på verjemålsområdet etter den sterke auken av mottak i fylket, var høgt prioriterte oppgåver i 2016.

I tillegg la vi også dette året stor vekt på å vere i front på å utvikle og ta i bruk digitale verktøy, både internt og for alle fylkesmannsembeta. Vi merkar at tenestene våre på området er høgt etterspurde, slik at vi diverre må seia nei til somme oppdrag. Vi tykkjer IKT-samlingane KMD har skipa til for fylkesmennene, har vore gode, og ser at dei har auka medvitet monaleg på digitaliseringsområdet.

Særskilt prioriterte område i strategiplanen for 2014 til 2017 er:

- Kriseberedskap både i eigen organisasjon og i fylket
- Rettleiing, tilsyn og klagehandsaming for å sikre rettane til innbyggjarane og god kvalitet på kommunale tenester
- Oppdaterte og gode planar i kommunane
- Samhandling med nasjonale styresmakter, nabofylka og organisasjonar i fylket til beste for Sogn og Fjordane
- Dialog og god kommunikasjon
- Rekruttering, kompetanse og trivsel hjå dei tilsette

For rettleiing, tilsyn og klagehandsaming og på planområdet har vi hatt desse særskilte satsingane siste åra:

- Sjumilssteget, om å ta i bruk barnekonvensjonen til beste for born og unge
- Eigenevalueringstilsyn der nabokommunar utfører eigentilsyn under rettleiing og parallelt med at vi har tilsyn med ein kommune
- Rettstryggleiksløftet, om å etterleve grunnleggjande sakshandsamingsreglar
- Planløftet, med vekt på gode kommuneplanar. Vi har mellom anna etablert regionale læringsnettverk for kommuneplanleggjarar saman med fylkeskommunen for å styrke kvaliteten på det kommunale planarbeidet. Her legg vi òg vekt på omsyn til klimaendringar og kommunane sitt ansvar for å planleggje for større innsats på busetjing og integrering av flyktningar.

Satsingane gjer medvitet til kommunane blir sterkare på områda. Dei tek med stor interesse i bruk ulike praktiske verktøy vi har utarbeidd, som framlegg til sakshandsamingsrutinar og kunnskapsbankar. På planområdet merkar vi klar framgang i arbeidet med

revisjon av kommuneplanane.

### **1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater**

Embetet har stabile og kompetente medarbeidarar, som er godt motiverte for å utføre embetsoppdraga og gjere samfunnet betre. I alt 2,19 prosent av dei tilsette slutta for å ta stilling andre stader i fjor, og sjukefråværet var 4,02 prosent. Vi rekrutterer godt til ledige stillingar.

Også i 2016 har både embetet og fylket elles vore mykje prega av diskusjonane om strukturreformer på ulike samfunnsområde. Som nemnt presterer Sogn og Fjordane godt for dei fleste levekårsindikatorane som kriminalitet, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning, arbeidsløyse og levealder. Vi er også langt framme på IKT-området, både i privat og offentleg sektor. Vi meiner viktigaste grunnen er at vi har eit særskilt godt samarbeid mellom dei sentrale aktørane, altså fylkeskommunen, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Politiet, NHO, LO, KS, Vestlandsforskning og kommunane. For å bruke moderne språk har vi «robuste samhandlingsstrukturar», der ulike etatar er vande med å arbeide tett i lag for å nå felles mål. Etter kvart har vi kalla desse samhandlingsstrukturane for «Sogn og Fjordane-modellen».

Vi er urolige for at denne modellen ikkje vil overleve i eventuelt nye regionale strukturar i eit område med mange små kommunar og store geografiske avstandar. I så fall går det ut over tenestetilbodet til innbyggjarane. Vi vil difor sterkt oppmode om at våre arbeidsmetodar vert tekne med som ein faktor i eventuelt nye strukturar.

### **1.4 Andre forhold**

På det administrative området er vi overtydde om at det er gevinstar å hente på å samle visse fagressursar for alle fylkesmenn og visse funksjonar i departementet, i fylkesmennes fellesadministrasjon (FMFA). Også her er ein viktig føresetnad at vi klarar å ta vare på kunnskapen frå tidlegare organisering. Vi meiner det ligg godt til rette for å bygge opp FMFA i tilknytning til FMSF, ut frå vårt nasjonale ansvar for å utvikle og vere pådrivar for å ta i bruk digitale tenester, erfaring med desentralisert kontorstruktur og vår nærleik til og godt samarbeid med den nasjonale forvaltningskompetansen i Difi.

### **Sted, dato og fylkesmannens signatur**

Leikanger, 28. februar.

Anne Karin Hamre

fylkesmann

## 2 Introduksjon til embetets hovedtall

### 2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

#### Embetet og samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Fylkesmannen er:

1. å vere **sektorstyresmakt** på ei rekkje område, på oppdrag frå elleve departement og ni direktorat og tilsyn
2. å vere **regional samordningsstyresmakt** for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
3. å vere **rettstryggleikshandhevar** som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
4. å verke til **gagn og beste for fylket** og å ta dei initiativ som er påkravde
5. å **orientere sentrale styresmakter** om viktige spørsmål i fylket, og å **formidle relevant informasjon** til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ

### 2.2 Organisasjon og ledelse



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane held til på Leikanger i Sogn med unntak av landbruksavdelinga vår som er i Førde i Sunnfjord. Anne Karin Hamre er fylkesmann, og Gunnar Hæreid er assisterande fylkesmann. Ved sist årsskifte var vi 137 tilsette og hadde 122 årsverk. Vi har seks avdelingar:

- Administrasjon, med IKT- seksjon
- Helse - og sosial
- Juridisk, med verjemål
- Landbruk
- Miljøvern
- Utdanning

I tillegg er fagområda beredskap, kommuneøkonomi og kommunikasjon samla i staben til fylkesmannen.

Samanlikna med andre embete er det to særtrekk hjå oss. Det eine er at vi har to kontorstader. Dette har sine ulemper med reisetid mellom kontora og at landbruksavdelinga lever åtskilt frå resten av embetet. På andre sida dreg vi ein fordel av å ha ein lyttepost i ein annan del av fylket, som gjer oss betre i stand til å ha ein god dialog med kommunane som ligg lengre frå hovudkontoret. Derneft rekrutterer vi frå ein større arbeidsmarknad når vi for somme stillingar kan tilby kontorplass i to delar av fylket. Ulempa med avstand er kraftig redusert av utstrekt bruk av videomøte, og det gjer oss også gode til å samhandle digitalt både i embetet og med eksterne. Når vi også tek omsyn til risikoen for å øydeleggje eit sær kompetent fagmiljø i landbruksavdelinga, er det lite aktuelt for oss å samle embetet på ein stad.

Det andre særtrekket er at vi har nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen har nasjonale oppgåver med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegreerte sakshandsamingsløyisingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte.

## 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

### Lærling

Vi har hatt ein lærling på IKT-drift i 2016. Læretida hans vert avslutta i februar 2017, og vi planlegg å ta inn ny lærling frå august 2017.

### Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2016 var på 4,02 prosent. Dette er noko høgare enn i 2015 då det var 3,71 prosent. I IA - avtalen er målet vårt at sjukefråværet skal vere under fire prosent.

### Driftsutgifter

Frå 2014 til 2016 auka prosentvis lønsdel av driftsutgifter frå 72,6 til 78,3 prosent. Vi har nedbemanna, men samtidig har vi fått styrkingsmidlar på nokre område som gjer at vi har auka bemanninga totalt sett. Ei utfordring med styrkingsmidlar er manglande fullfinansiering av stillingar som går frå prosjektfinansiering til embetstfinansiering, eksempelvis gjeld dette beredskapsstillinga som kom i 2016.

### Turnover

Vi har hatt låg gjennomtrekk i 2016. Nokre mellombels tilsette på verjemål slutta fordi engasjementet har gått ut. Ut frå arbeidsmengda burde vi forlenga engasjementa, men tildelinga gjev ikkje rom.

### Andel administrasjon av totalt antall årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum, andel administrasjon	Økonomi	Lønn	IKT	Personal	Arkiv	Resepsjon og sentralbord	Antall årsverk totalt
Antall årsverk	10.7 %	2.3	0.5	3.0	1.5	5.3	0.6	123.0

Ein tilsett på IKT er lærling i 2016. Vi har framleis sentralbordtenestene sjølv. Administrasjonssjef er fordelt forholdsmessig innanfor dei ulike fagområda. Administrative ressursar i landbruksavdelinga i Førde er med i tala. Det er svært vanskeleg å vurdere administrativ ressursbruk i dei andre fagavdelingane. Dei er difor ikkje med i rapporteringa.

### Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	5 042

Administrativ kostnadsdekking er om lag som i 2015.

### Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (kr)	1 133.0
Budsjettavvik (%)	1.4 %

Budsjettavviket er noko høgare enn det vi varsla ved andre tertialrapportering. Årsaka er høgare sjukerefusjon enn forventa, og at vi valde å ikkje dekke meirforbruket på verjemål.

### Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	80 631.0
Lønn 052501	63 155.0
Lønnsandel av driftsutgifter	78.3 %

Lønnsdelen av våre driftsutgifter aukar. I 2014 nytta vi 72,6 prosent av driftsutgiftene til løn, og i 2016 nytta vi 78,3 prosent. Dette er ein stor auke, og dette fører til mindre økonomiske handlingsrom.

### Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	12 238
Husleie (% av driftsutgifter)	15 %

Det er ikkje vesentlege endringar i husleiga.

## Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	39 731	24 994	14 737

Verjerekneskapa er lagt inn som ein journalpost med vedlegg. Ved ettersending av dokument er det blitt oppretta ny journalpost for desse dokumenta.

## Medarbeiderundersøkelsen

Betegnelse på rapporteringskrav	Differanse 2016-2014	Gjennomsnittlig score for 2016	Gjennomsnittlig score for 2014
I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	3.7	3.7	0.0
I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter	3.8	3.8	0.0

Jf. e-post frå KMD 18. jan, det var ikkje aktuelle spørsmål i 2014.

## Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2016
052501	81 380
052521	6 961
Post 01 (unntatt 052501)	14 656
Post 20-29 (unntatt 052521)	38 403
Post 30-39	4 316
Post 40-49	0
Post 60-69	57 688
Post 70-79	128 022
Post 80-89	2 678

## Aldersfordeling

Totalt antall ansatte pr. 31.12	Antall ansatte under 20 år	Antall ansatte 20 - 29 år	Antall ansatte 30 - 39 år	Antall ansatte 40 - 49 år	Antall ansatte 50 - 59 år	Antall ansatte over 60 år
137	0	9	32	47	30	19

## Årsverk og lønnsutgifter

Betegnelse på rapporteringskrav	Rapporteringsåret
Gjennomsnittlig totalt antall årsverk for aktuelt år	123.19
Gjennomsnittlig årsverk for kvinner	72.13
Gjennomsnittlig årsverk for menn	51.06
Gjennomsnittlig årsverk for faste stillinger	111.80
Gjennomsnittlig årsverk for midlertidige stillinger	11.39
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk	592 895.00
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk for kvinner	592 836.00
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk for menn	592 978.00

Gjennomsnittlege lønnsutgifter per årsverk er berekna slik: mnd. løn oppjustert til årsløn, delt på årsverk for menn og kvinner.



## Turnover

Turnover i prosent	Gjennomsnittlig antall ansatte i rapporteringsåret	Totalt antall ansatte som har sluttet (ekskludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret og ble erstattet	Totalt antall ansatte som har sluttet (inkludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret
2.19 %	137.00	3.00	8.00

Vi har turnover 5,11% om vi ser bort fra definisjon ovenfor.

## Tilstandsrapportering om likestilling i embetet

Betegnelse på rapporteringskrav:	2015	2016
Sum Antall ansatte	134.00	137.00
Grunnlagstall 1: Antall menn	51.00	53.00
Grunnlagstall 2: Antall kvinner	83.00	84.00
Grunnlagstall 3: Gjennomsnittlig månedslønn for menn	47 398.00	48 694.00
Grunnlagstall 4: Gjennomsnittlig månedslønn for kvinner	43 296.00	44 599.00
Sum antall deltidsansatte	16.00	22.00
Sum prosent andel deltidsansatte	11.94 %	16.06 %
Grunnlagstall 5: Antall menn i deltidsstilling	2.00	3.00
Grunnlagstall 6: Antall kvinner i deltidsstilling	14.00	19.00
Sum antall midlertidige ansatte	9.00	12.00
Sum prosent antall midlertidig ansatte	6.72 %	8.76 %
Grunnlagstall 7: Antall menn i midlertidig stilling	4.00	6.00
Grunnlagstall 8: Antall kvinner i midlertidig stilling	5.00	6.00
Sum personer i foreldrepermisjon	12.00	8.00
Grunnlagstall 9: Antall menn i foreldrepermisjon	6.00	2.00
Grunnlagstall 10: Antall kvinner i foreldrepermisjon	6.00	6.00
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 094.00	1 210.00
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	280.00	369.00
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	814.00	841.00
Sum andel legemeldt sykefravær menn	1.26 %	1.75 %
Sum andel legemeldt sykefravær kvinner	3.06 %	3.34 %
Grunntall 11: Antall legemeldte sykedager for menn	144.00	209.00
Grunntall 12: Avtalte arbeidsdager for menn	11 393.00	11 951.00
Grunntall 13: Antall legemeldte sykedager for kvinner	551.00	605.00
Grunntall 14: Avtalte arbeidsdager for kvinner	18 036.00	18 108.00
Sum andel egenmeldt sykefravær menn	1.19 %	1.34 %
Sum andel egenmeldt sykefravær kvinner	1.46 %	1.30 %
Grunntall 15: Antall egenmeldte sykedager for menn	136.00	160.00
Grunntall 16: Antall egenmeldte sykedager for kvinner	263.00	236.00

## Tilstandsrapportering om likestilling på leder- og medarbeidernivå

Betegnelse på rapporteringskrav:	2016	2015
Antall ansatte i embetet	137.00	134.00
Antall kvinnelige ansatte	84.00	83.00
Antall mannlige ansatte	53.00	51.00
Antall kvinner med personalansvar	4.00	4.00
Antall menn med personalansvar	7.00	7.00
Sum antall ansatte med personalansvar	11.00	11.00
Andel kvinner med personalansvar	2.92 %	2.99 %
Andel menn med personalansvar	5.11 %	5.22 %
Andel ansatte med personalansvar	8.03 %	8.21 %
Antall ansatte uten personalansvar	126.00	123.00
Antall kvinnelige medarbeidere uten personalansvar	80.00	79.00
Antall mannlige medarbeidere uten personalansvar	46.00	44.00
Andel kvinnelige medarbeidere uten personalansvar	58.39 %	58.96 %
Andel mannlige medarbeidere uten personalansvar	33.58 %	32.84 %
Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige ledere	71 769.00	69 746.00
Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige ledere	70 399.00	68 139.00
Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige medarbeider	43 240.00	41 957.00
Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige medarbeidere	45 392.00	44 098.00

## Gjennomsnittlig månedslønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Årstall	Prosent menn av alle ansatte pr. 31.12.	Prosent kvinner av alle ansatte pr. 31.12.	Månedslønn menn pr. 31.12	Månedslønn kvinner pr. 31.12	Prosentandel kvinners månedslønn av menns månedslønn pr. 31.12
Totalt i virksomheten	2016	39 %	61 %	48 694	44 599	92
Totalt i virksomheten	2015	38 %	62 %	47 398	43 296	91
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2016	63 %	37 %	76 442	77 261	101
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2015	63 %	37 %	74 048	75 206	102
Seksjonssjef / ass. dir.	2016	50 %	50 %	59 802	59 056	99
Seksjonssjef / ass. dir.	2015	63 %	37 %	56 455	64 883	115
Saksbehandler 1	2016	46 %	54 %	48 095	46 409	96
Saksbehandler 1	2015	58 %	42 %	46 740	46 109	99
Saksbehandler 2	2016	32 %	68 %	48 095	46 409	96
Saksbehandler 2	2015	28 %	72 %	41 684	41 712	100
Kontorstillinger	2016	14 %	86 %	36 833	36 617	99
Kontorstillinger	2015	17 %	83 %	36 425	35 784	98
Fagarb.stillinger	2016	0 %	100 %	0	33 663	Infinity
Fagarb.stillinger	2015	0 %	100 %	0	31 513	Infinity
Læringer	2016	100 %	0 %	21 353	0	0
Læringer	2015	100 %	0 %	11 880	0	0

### 3 Årets aktiviteter og resultater

#### 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

##### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Vi brukar dei tradisjonelle verktyøa rådgjeving, rettleiing, tilsyn og klagehandsaming for å gjere kjent og setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vår erfaring er at rettleiing er viktigast, men tilsyn og klagehandsaming naudsynte supplement. Dei fire verktyøa heng nøye saman fordi rådgjeving, klagesaker og tilsyn gjev oss kunnskap om kva rettleiing vi skal prioritere.

For å rettleie og lære opp brukar vi møteplassar som konferansar, fagsamlingar, kommunemøte med ein eller fleire kommunar, målretta opplæring for einskildkommunar og læringsnettverk. Vi har særskilt god erfaring med det siste, særleg der vi gjennomfører faste regionvise samlingar i dei fire regionane i fylket.

På dei områda der vi meiner det trengst mest, brukar vi det vi etter kvart kallar «Sogn og Fjordane-modellen». Vi meiner at denne modellen har ført til at vi ligg i landstoppen på dei fleste levekårsindikatorane, som til dømes kriminalitetsrate, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning, arbeidsløyse, sjukefråvær og uføregrad, sosialhjelp, medikamentbruk, tannhelse, rus og levealder. Vi er også langt framme i bruk av moderne IKT-teknologi. For meir informasjon om kva «Sogn og Fjordane-modellen» går ut på, sjå rapporteringa under hovudmål 2.

Samla meiner vi difor å ha lukkast godt på hovudmål 1.

##### Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Vi ser på god samordning og samhandling som ein avgjerande faktor for å få til gode resultat for kommunane i eit fylke. Som nemnt over under hovudmål 1, ligg Sogn og Fjordane i landstoppen for dei fleste levekårsindikatorane, og vi meiner at våre initiativ til å ta i bruk «Sogn og Fjordane-modellen» på mange område, er ein av dei viktigaste grunnane

«Sogn og Fjordane-modellen» går ut på at vi over tid har brukt initiativrolla til Fylkesmannen for å lage faste nettverk, der alle viktigaste aktørane samarbeider i formaliserte forum for å nå felles mål på ulike livsområde.

Døme på slike er:

- Forum for folkehelse, helse og omsorg, saman med regionråda, Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, Nav, brukarrepresentant og samhandlingskoordinator
- Forum for rus og psykisk helse, saman med Helse Førde, fylkeskommunen, RVTS, KoRus Vest, Stiftelsen Bergenklinikkene, høgskulen, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA), Nav Sogn og Fjordane, kommunerepresentant, Regionsenter for barn og unges psykiske helse og brukarorganisasjonar
- Forum for skule og barnehageutvikling, saman med KS, fylkeskommunen, høgskulen, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet
- Læringsnettverk om mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar, saman med kommunane og dels IMDi, Husbanken og Nav
- Regionalt plannettverk, saman med fylkeskommunen og KS
- IT-forum Sogn og Fjordane, saman med fylkeskommunen, Vestlandsforskning, høgskulen, NHO, KS, Helse Førde, Kunnskapsparken, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Sogn og Fjordane Energi, Innovasjon Noreg, Sunnfjord Energi, Hydro Aluminium, Sogndal Fotball og Lerum

Samordning mellom regionale statlege verksemder, slik det går fram av hovudmål 2, er viktig. Men som det går fram av vår modell og dei ulike døma, meiner vi at for å lukkast med å setje i verk statleg politikk og omsetje han til gode levekår, må vi sjå vidare enn på statlege verksemder. Vår erfaring er at vi oppnår langt betre samordning og samhandling når statlege regionale verksemder også klarar å samhandle med fylkeskommunen, kommunane og dei kommunale regionråda, KS og private organisasjonar eller verksemder, avhengig av livsområde.

I strukturreformene er vi mest uroa over korleis vi kan vidareføre «Sogn og Fjordane-modellen» dersom det blir nye og større strukturar. Stundom fører nye og større organisasjonar til at organisasjonen vender blikket innover i eigen organisasjon, og prioriterer ned samhandling med andre.

##### Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

Vi legg stor vekt på å utvikle gode tverrfaglege kompetansemiljø i embetet. Tilsynsgruppa, plangruppa, beredskapsarbeidet, satsinga på sjumilssteget for barn og unge og verksemdsplanlegging på tvers av avdelingar er døme på dette. Gjennom å kjenne til eit breiare spekter av fag og oppgåver, klarar vi i større grad å harmonisere praksis og innslagsnivå i tilsynssakene på tvers av fagområda. I tillegg får vi breiare kunnskap om kommunane, som vi kan bruke til å risikovurdere kvar vi skal setje inn ressursar på rettleiing, opplæring og tilsyn.

For å harmonisere praksisen vår i sakshandsaminga har vi samla juristane i juridisk avdeling, samstundes som fleire av dei har faste oppgåver for dei andre avdelingane. Slik sikrar vi felles tilnærming til felles problemstillingar for ulike fagområde, til dømes

forvaltningsrettslege spørsmål og innsyn etter offentleglova. I tillegg sikrar vi deling av kommunekunnskap og dobbeltkompetanse på alle områda vi har ansvar for.

Med andre fylkesmenn har vi formaliserte faglege nettverk for å sikre einskapleg praksis, mellom anna på desse fagområda:

- Kystsonenettverk i plan og bygg, med Rogaland og Hordaland
- Verjemål, med Rogaland, Hordaland, Vest-Agder og Aust-Agder
- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland og Hordaland
- Landbruksnettverk med Hordaland og delvis Møre og Romsdal om felles utviklingsprosjekt og noko sakshandsaming
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, saman med Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernnettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nav og sosialnettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nettverk om helse- og omsorgstenestlova kap. 9, med Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag
- Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland og Hordaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland og Hordaland
- Erfaringsutveksling for regional stat på flyktingområdet, saman med IMDi, Husbanken, UDI, Nav og fylkesmannsembeta i Hordaland og Rogaland

I tillegg har vi mykje uformell kontakt med kollegaer både på leiar- og sakshandsamarnivå på ulike fagfelt, særskilt med vestlandsfylka.

Vi har stort utbytte av samarbeid med andre fylkesmenn, både for å få felles tilnærmingar til prinsipielle problemstillingar og å samordne praksis i embeta.

Vi legg vekt på å delta på nasjonale samlingar der praksis blir diskutert. For å sikre effektiv tidsbruk og unngå reisekostnader, ønskjer vi at departement og direktorat i større grad legg til rette for strøyming av samlingane over nettet.

#### **Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk**

Vi viser til rapporteringa under hovudmål 1 og 2, om korleis vi stadig tek initiativ til samordnings- og samhandlingsforum for å få til gode resultat og å setje i verk statleg politikk på ulike område, det vi har kalla «Sogn og Fjordane-modellen». Ut frå dette meiner vi å vere særskilt aktive i å ta i bruk initiativrolla vår.

Vi legg også vekt på å vere tilgjengelege for kommunane, slik at dei kan ta opp uklare reglar eller uheldige eller utilsikta utslag av statleg politikk med oss, for at vi kan formidle vidare til relevant departement eller direktorat. Eit døme frå i fjor var då vi etter innspel frå kommunane sende spørsmål til Bufdir om kva krav som låg til akuttberedskap for barnevernet i kommunane, nærare bestemt «kva som vil vera eit minimum av kommunal akuttberedskap som stettar myndekrava i barnevernlova». Bufdir avklara i brev 11.06.2016, der det mellom anna går fram:

"Kravene til internkontroll i barnevernloven § 2-1 annet ledd tilsier at alle kommuner må være i stand til å redegjøre og dokumentere hvordan de oppfyller kravene barnevernloven stiller til akuttberedskap. Barneverntjenestens tilgjengelighet, kompetanse og samarbeid med andre hjelpeinstanser vil her være sentralt."

Bufdir har på fellessamlingar kome med rosande tilbakemeldingar fordi vi tok opp problemstillinga. Vi følgjer no opp arbeidet med å betre akuttberedskapen i barnevernet i samlingar for leiarar og fagfolk i kommunane, og ved å setje av skjønsmidlar til tiltak.

Vi meiner initiativrolla og rolla som lyttepost framleis må vere eit hovudmål for fylkesmennene. Vi er kritiske til at dette målet knapt er nemnt i rapporten om ny struktur for fylkesmennene, slik vi har peikt på i innspelet vårt til rapporten.

#### **3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket**

##### **3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk**

Arbeidet med innspel frå ulike fagområde til kommunale og regionale planar vert koordinert av miljøvernavdelinga i ei plangruppe, noko som også bidreg til interne avklaringar mellom ulike arealbruksinteresser.

Vi har i mange år prioritert plansakene høgt. Spesielt formidlar vi til kommunane at dei må leggje vekt på overordna planlegging (samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen). Saman med fylkeskommunen har vi etablert eit læringsnettverk for kommunal planlegging, med samlingar i dei fire regionane i fylket.

##### **Resultatmål 3.1.1.1.1**

**Rapportere på**

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Vi arbeider systematisk med å styrke plankompetansen i kommunane, og legg stor vekt på tidleg involvering i store og viktige saker, som t.d. arealdelen til kommuneplanen. Framleis er det likevel mange dispensasjonssaker som kjem til vurdering. Vi har effektivisert sakshandsaminga av små og kurante plan- og dispensasjonssaker, m.a. ved bruk av standardbrev med konkrete innspel til lite konfliktfulle dispensasjonssaker og oppstart av reguleringsplanar der arealbruken er i samsvar med arealdelen. [Rutinebrev og standardbrev ligg på nettstaden vår](#). Vi har også utvikla nettstaden (under plan og bygg/arealforvaltning) med mykje rettleiingsstoff for kommunane i Sogn og Fjordane. Med dette har vi effektivisert arbeidet og redusert risikofaktorane.

Som eit kompetanseoppbyggingstiltak i kommunane har vi, i samarbeid med fylkeskommunen, starta opp eit læringsnettverk på planområdet for kommunane i fylket. Vi har lagt mykje tid og ressursar i 2016 i å få desse regionvise læringsnettverka til å fungere godt og bli eit godt forum for planleggarane i kommunane.

Vi har tett dialog med fylkeskommunen, med samarbeid om planforum, læringsnettverk og årlege plansamlingar for kommuneplanleggarar. Vi har i mange år hatt ei arbeidsdeling med fylkeskommunen på planområdet. Utanom kulturminneområdet har fylkeskommunen dessverre i liten grad gitt innspel til høyringar frå kommunane på plan- og dispensasjonssaker.

Internt har vi organisert planarbeidet i ei eiga plangruppa på miljøvernavdelinga som koordinerer alle innspel frå ulike fagområde til kommunale og regionale planar. Vidare har vi ei tverrfagleg plangruppe på embetet der spesielt landbruk og stab/beredskap er tungt inne, men med aktiv deltaking også frå juridisk (planjuss), utdanning (barn og unge) og helse (folkehelse).

**Resultatmål 3.1.1.1.2.1****Rapportere på**

Prinsippene i de statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Innspela våre til kommunale planar har tradisjonelt først og fremst vore konsentrert om arealbruk i strandsone og viktige område for biologisk mangfald, og i seinare tid i større grad også folkehelse tema.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging er samtidig alltid trekt fram som viktige tema ved oppstart av revisjon av overordna arealplanar og ved oppstart av reguleringsplanar der dette er aktuelt. Vi har utover dette ikkje hatt kapasitet til å jobbe med utfordringar med transport utanom å bidra til mest mogeleg konsentrert arealbruk i plan- og dispensasjonssaker. I den samanhengen er det viktig å vere merksam på at Sogn og Fjordane har eit utfordrande desentralisert utbyggingsmønster og eit dårleg utbygd kollektivsystem.

**Resultatmål 3.1.1.1.3.1****Rapportere på**

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100%

Vi medverkar tidleg i alle kommunale og regionale planar gjennom fråsegner til oppstartvarsel og også gjennom deltaking i regionalt planforum når kommunane ønskjer det.

**Resultatmål 3.1.1.1.3.2****Rapportere på**

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100%

Vi har mekla i to saker i 2016.

**Mekling i planprosesser med uløste innsigelser**

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	0 %	100 %

**Resultatmål 3.1.1.1.4.1****Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til klimaendringer.

Konsekvensane av klimaendringar har lenge vore eit område som har fått særleg merksemd i behandlinga av plansaker i embetet. Når vi gir uttale til planar som er til høyring, vurderer vi alltid om det er teke tilstrekkeleg omsyn til dette i analysar av risiko og sårbarheit (ROS-analysar). Manglande eller mangelfulle vurderingar kan i seg sjølv gi grunn for å bruke motsegn.

Når vi uttalar oss ved oppstart av planprosessar og i anna rettleiing av kommunane, er konsekvensar av klimaendringar eit fast tema. ROS-analyse har vore tema i læringsnettverket på planområdet (samarbeidsprosjektet mellom fylkeskommunen og oss). I samband med det sette vi av tid til å diskutere korleis omsynet til klimaendringar kan takast i vare i analyseprosessen.

Vi deltek i eit FoU-prosjekt saman med Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet. Målet med prosjektet er å utvikle eit verktøy for ROS-analysar som skal gjere det enklare for kommunar og konsulentar å syte for at omsynet til klimaendringar blir inkludert i risiko- og sårbarheitsvurderingane. Verktøyet bygger på DSBs nye rettleiar for ROS-analysar i arealplanlegging.

**Vurdering av konsekvenser av klimaendringer i planer****Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til klimaendringer?**

Delvis

**Resultatmål 3.1.1.1.5.1****Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet.

Vi har gått gjennom alle kommuneplanane og hovudtyngda av reguleringsplanane som vi har hatt på høyring. Vi har nytta motsegn i dei tilfella vi har meint at samfunnstryggleiksomsyn har vore vesentleg sette til side. Dei tema som oftest gir grunn til merknader eller å fremje motsegn, er manglande eller mangelfulle risikovurderingar, eller at det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til klimaendringar.

Vi ser òg at det i ein god del saker ikkje er synleggjort tilstrekkeleg kva vurderingar som er gjorde av branntryggleiken, og at brannsjefen ikkje har vore involvert i planarbeidet. Vi meiner det svekkjer omsynet til tryggleiken i planarbeidet, og tek det difor opp.

Vi har ikkje kapasitet til å sjå på alle planar som kjem inn, og har difor prioritert ned disposisjonssakar. På den måten kan vi først og fremst bruke ressursane på å sjå på dei overordna planane, og hovuddelen av reguleringsplanar. I dei reguleringssakene vi ikkje har høve til å gå nærmare inn i, sjekkar vi som eit minimum at det er gjort ein ROS-analyse.

**Vurdering av konsekvenser av samfunnssikkerhet i planer****Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet?**

Delvis

**Resultatmål 3.1.1.1.6.1****Rapportere på**

Landbrukets og reindriftens arealressurser er ivaretatt i alle planprosesser.

Arbeidet med plansaker er organisert i ei plangruppe i embetet med fem personar, og ein av desse er dedikert til å følge opp landbruksinteressene. Vi legg vekt på grundige fråsegner til overordna planar, enten det no er til større veganlegg eller arealdelen av kommuneplanen. For reguleringsplanar og andre planar i samsvar med overordna plan, sender vi berre ein kort kommentar om landbruk. Det viktigaste er oftest å følge opp krav om arealutnytting, disponering av matjord og eventuelt rekkefølgjekrav.

Vi får også på høyring ganske mange dispensasjonar i LNF-området. Her legg vi mest konkret vekt på jordvern, men kommenterer også dei langsiktige ulempene ved uheldig oppdeling av teigar, "punktering" av samanhengande jordbruksområde, og nærleik til aktiv jordbruksdrift.

Vi gav i 2016 fråsegn til sju kommuneplanar, 235 reguleringsplanar og 70 dispensasjonar.

Vi reiste motsegn til ein plan, men denne vart løyst gjennom dialog etter høyringa.

Vi klaga på to dispensasjonar i LNF-området, og ein av desse er avgjort av klageinstans som gav oss medhald i klaga.

### Resultatmål 3.1.1.1.6.2

#### Rapportere på

Reduksjon i omdisponering av dyrket mark sammenlignet med 2014.

Omdisponeringa av dyrka jord har i middels vore 212 dekar sidan 2010. Omdisponeringa av dyrka jord gjekk opp frå 187 dekar i 2014 til 233 dekar i 2015 (som er siste året vi har statistikk for).

Målsetjinga etter vedtak i Stortinget i desember 2015 er maksimalt 4000 dekar per år for heile landet innan 2020. Målt ut frå vår del av samla jordbruksareal i landet, bør vår del av årleg omdisponering av dyrka jord kome ned på ca 170 dekar per år. Difor må vi i planprosessane hegne endå meir om den dyrka jorda.

### 3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet

Informasjon og felles rettleiing til sektoren vert gitt på relevante møtepunkt. I tillegg rettleier vi barnehagemyndigheit, barnehage- og skuleeigar i enkeltsaker eller satsingar dei einskilde er med i. Vi rettleier også styrar og skuleleiar (saman med barnehage- eller skuleeigar) ut frå spørsmål, eller der vi ser at det er trong for dette. I tillegg til informasjon gjennom møteplassar, videomøte og telefon, informerer vi på fagsider og blogg på nettsida vår.

Varsla endringar på lov- og regelverksområdet har vore sentrale tema på fleire av samlingane våre. Spesielt har vi informert om nytt kapittel 9a i opplæringslova og ny rammeplan for barnehage.

Utdanningsavdelinga har saman med helse- og sosialavdelinga jobba mykje med feltet asylsøkjjarar og flyktningar. Gjennom tverrfaglege samlingar for kommunetilsette og dei som jobbar på mottak, har vi rettleidd om lovverk og skapt ein arena for betre samhandling.

Vi har lagt stor vekt på samordning av regional stat i asyl- og flyktningarbeidet. Vi har møtt IMDi, UDI, RVTS, Husbanken, Nav, FMRO og FMHO jamleg gjennom året, og vore med på fellesmøte mellom dei statlege etatane og einskilde kommunar. Dette har gjort at staten står meir samla fram overfor kommunane.

Vi meiner vi har jobba målretta og godt med informasjon og rettleiing ut frå behova til kommunane og vårt oppdrag med å bidra til at statleg politikk vert gjennomført.

### Resultatmål 3.1.1.2.1.1

#### Rapportere på

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

I rapporten *Spørsmål til barnehage-Norge 2017* viser tabell 8.3 at barnehagemyndigeita si tilfredsheit med rettleiing og støtte til kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane har ein gjennomsnittsverdi på 3,6. Det er ti kommunar som har svart på spørsmålet. Landssnittet i 2015 var på 3,67.

Vi har gjennom året jobba vidare med stor merksemd på styrking av myndighetsrolla. Vi opplever at kommunane står sterkare på dette feltet no enn for berre nokre år sidan. Vi meiner at vårt målretta arbeid å auke kompetansen hjå kommunalsjefar og klargjere forventningar til utføring, viser att.

### Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanse utviklingstiltak

Differanse resultatmål	Resultatmål	Grunnlagstall
- 0.1	3.7	3.6

### Resultatmål 3.1.1.2.1.2

**Rapportere på**

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Gjennom 2016 har vi hatt tett dialog med kommunane om kompetanseutviklingstiltak. Mange skuleeigarar er avhengige av at Fylkesmannen er ein aktiv utviklingsaktør som "hjelper til" med å vise koplingar mellom statlege satsingar og situasjonen i kommunane. Eksempelvis har regional tilrettelegging av vidareutdanning innanfor *Kompetanse for kvalitet* vore vellukka i vårt fylke.

Gjennom rapportane *Spørsmål til skole-Norge* for 2015 og 2016 finn vi ikkje direkte samanliknbare tal for vårt fylke, men registrerer ein nedgang i tilfredsheit på elleve prosent på landsbasis.

Vi jobbar målretta med å betre samarbeidet med støtte og rettleiing innan kompetanseutviklingstiltak. Mellom anna har vi saman med KS starta programmet *Den gode barnehage- og skuleeigar* i slutten av 2016. Programmet vil gå gjennom heile 2017. Her er 18 av 26 kommunar med.

**Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak**

Resultatmål	Differanse resultatmål	Grunnlagstall
58.0 %	- 11.0 %	47.0 %

Her er ingen tal på landsdel eller fylkesnivå. Går vi ut frå totaloversikta i tabell 8.2 kjem Sør og Vestlandet ut med ein score på 63% for "I svært stor grad" og "I stor grad".

**3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap**

I oktober gjennomførte vi ein øvings- og seminar dag for kommunane. I øvinga deltok 16 av dei 26 kommunane med ein større del av kriseleiinga. Det var i tillegg med rådmenn, ordførarar eller andre representantar frå seks andre kommunar.

I april arrangerte vi eit medietreningskurs, primært om krisekommunikasjon, for ordførarane.

I september gjennomførte vi eit kurs i DSB-CIM, for å heve kompetansen på bruken av krisehanderingsverktøyet i kommunane. Som oppfølging av kurset gjennomførte vi seinare ein "CIM-trim", ved at vi sendte ut ei oppgåve som vi bad kommunane respondere på.

Vi viser òg pkt. 3.1.1.1.4.1, der det er omtale av opplæringa i ROS-analysar i arealplanar for læringsnettverket.

**Resultatmål 3.1.1.3.1.1**

**Rapportere på**

Gjennomført tilsyn i ¼ av kommunene.

Vi hadde tilsyn i sju av 26 kommunar og nådde resultatmålet. Tilsyna var i kommunane Aurland, Lærdal, Gloppen, Høyanger, Førde, Årdal og Fjaler.

Tilsynet i Lærdal var eit felles tilsyn mellom helse- og sosialavdelinga og beredskapseininga. Tema var §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og lov om helsemessig og sosial beredskap §§ 2-2 med tilhøyrande forskrifter.

Det er framleis mange av kommunane som får avvik, først og fremst fordi den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen ikkje oppfyller krava i lov og forskrift.

Vi kombinerte alle tilsyna med å tilby eit rettleiingsmøte. Alle kommunane takk ja til rettleiinga.

**Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt**

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	1.92	26.92 %	26.00	7.00

**3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven**



Vi har eit nært samarbeid med Nav Sogn og Fjordane om kompetansetiltak for Nav-kontora. Vi har delteke på dei fleste Nav-leiarsamlingane, der vi har hatt ansvar for delar av programmet.

Alle Nav-kontor i fylket har fått tilbod om opplæring i sosialtenestelova i 2016, og vi vurderer å ha nådd målet om auka kunnskap om sosialtenestelova.

### Resultatmål 3.1.2.1.1.1

#### Rapportere på

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbod om opplæring.

Vi gir råd og rettleiing over telefon til Nav-tilsette og andre om korleis regelverket skal forståast og praktiserast, og vi har i 2016 skrive fleire nettartiklar om sosialtenestelova på heimesida vår.

I samband med klage- og tilsynssakshandsaming rettleier vi kommunane om korleis sosialtenestelova skal forståast og praktiserast.

Våren 2016 tok vi kontakt med alle Nav-leiarane i fylket for mellom anna å få informasjon om stoda for dei sosiale tenestene i Nav-kontora og for å avklare behov for opplæring. To Nav-kontor fekk etter eige ønske opplæring i kvalifiseringsprogram og om opplysning, råd og rettleiing.

Vi har vår og haust hatt opplæring av nytilsette i Nav-kontora, med vekt på innføring i sosialtenestelova og forvaltningslova. Opplæringa vert planlagt og gjennomført i lag med Nav Sogn og Fjordane, og vi opnar for at også andre tilsette i Nav kan delta på opplæringa.

Alle Nav-tilsette i fylket har fått tilbod om grunnkurs i økonomisk rådgjeving, eit samarbeidsprosjekt med Fylkesmannen i Hordaland.

Hausten 2016 arrangerte vi fagdag om rettane til utlendingar etter sosialtenestelova. Arbeids- og velferdsdirektoratet hadde gjennomgang av regelverket på området, og vi drøfta problemstillingar frå Nav-kontora.

Vi har i 2016 hatt opplæring i sosialtenestelova på fleire Nav-leiarsamlingar, mellom anna ved gjennomgang av regelverk og ved å dele tilsynserfaring. Vi har lagt vekt på barneperspektivet i Nav, ved å arbeide med anonymiserte klage- og tilsynssaker. Vi har informert om barnekonvensjonen, barnefattigdom og fått erfaringar frå Høyanger, som har vore pilot for utprøving av analyseskjema for å sikre barneperspektivet i Nav. Vi har i leiarsamlingar informert om kvalifiseringsprogrammet, aktivitetsplikt for stønadmottakarar under 30 år og tenesta opplysning, råd og rettleiing.

### Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbod om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	26	26

### 3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet

Vi har delteke i møte med Husbanken og gitt fagleg rettleiing i deira sakshandsaming av søknader om investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar. Vårt inntrykk er at talet på søknader om investeringstilskot har auka i fylket dei siste par åra. Dei fleste søknadene gjeld mindre prosjekt og utbygging av omsorgsbustader til ulike brukargrupper. Erfaringar frå klage- og tilsynsarbeidet vårt syner at fleire kommunar har kapasitetsproblem, spesielt på institusjonsplassar. Vi er difor usikre på om byggeprosjekta vil føre til kapasitetsvekst som samsvarer med behova i kommunane våre.

Utviklingscenteret i Sogn og Fjordane og Helse Førde HF har vore ansvarlege for gjennomføringa av mellom anna Pasienttryggleiksprogrammet i fylket. Til no har 16 av 26 kommunar delteke. For å stimulere til endå større deltaking og betre leiarforankring har vi hatt temaet oppe på ulike møteplassar, mellom anna samling for leiarar i helse- og omsorgstenestene. I 2017 vil vi leggje vekt på leiing av pasienttryggleik.

Rekruttering, kompetanse og leiing i dei kommunale tenestene har vore tema på samling med leiarar i helse- og omsorgstenestene i kommunane. Det er vår erfaring at leiarane gjerne vil verte inspirerte av andre kommunar som har lukka, og som kan bidra med gode døme frå eige arbeid. Vi vil følgje arbeidet med Kompetanseløft 2020 vidare opp i 2017. Demensplan 2020 har også vore tema på leiarsamling.

Vi har gjort ei kartlegging av status for oversiktsarbeidet til kommunane på folkehelseområdet. Alle kommunar har svart. Vi kan no betre identifisere kva kommunar som har kome til kort på dette området. Halvparten av kommunane i fylket er ikkje ferdige med å utarbeide eit oversiktsdokument, og kartlegginga viser at fleire også manglar rutinar for oppfølging av det jamlege oversiktsarbeidet.

Hovudfunna frå kartlegginga er delte med fylkeskommunen, og skal slik inngå som ein del av grunnlaget for vidare rettleiing.

Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet skal i samarbeid med fylkeskommunen våren 2017 halde fagdag om «Kompetansebygging i kommuner – det systematiske folkehelsearbeidet».

Fylkesmannen har delteke i fylkesprosjektet Velferdsteknologi i kommunane. Vi er med i ei arbeidsgruppe (under IT-forum Sogn og Fjordane) med mange aktørar i fylket. Tre kommunar har pilotprosjekt om velferdsteknologi. Vi har vore medarrangør av fleire konferansar med tverrfagleg deltaking. Kommunane i fylket er både interesserte i, og i stor grad har tatt i bruk eller planlagt å ta i bruk, velferdsteknologi. Så vidt vi har skjønt, er vi einaste fylket der alle kommunane samarbeider om å ta i bruk velferdsteknologi.

#### Resultatmål 3.1.3.1.1

##### Rapportere på

Alle kommuner har utarbeidet lokale helse- og omsorgsplaner som del av det helhetlige kommuneplanarbeidet.

Vi har teke opp kommunal helse- og omsorgsplanlegging som tema på leiarsamling dette året. Det er vårt inntrykk at kommunane har utarbeidd planar for dei kommunale helse- og omsorgstenestene som del av den kommunale planlegginga. Kvaliteten på planarbeidet på desse tenesteområda varierer. Det er ikkje alle kommunar som har oppdaterte planar eller egne delplanar for dei ulike områda.

#### Resultatmål 3.1.3.1.2

##### Rapportere på

Alle kommuner har iverksatt tiltak for å bedre kvaliteten på tjenestetilbudet til personer med demens.

Demensplan 2020 var hausten 2016 tema på samling med leiarar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Vi har informert om tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod til demente på nettstaden vår. Eit døme på tiltak for å betre kvaliteten på tenestetilbodet kan vere fagnettverket innan eldremedisin og eldreomsorg i fylket. Nettverket er for tilsette i kommunane og vert drive av helseføretaket og utviklingssenteret i fylket. Alle kommunane i fylket gjennomfører eller har gjennomført ABC-opplæring for tilsette. I ølgje rapporterte tal er det svært få kommunar i fylket som ikkje har eit dagtilbod til personar med demens. Fleire kommunar driv pårørandeopplæring og samtalegrupper.

#### Resultatmål 3.1.3.1.3

##### Rapportere på

Alle kommuner har oppnådd en økt andel ansatte med relevant utdanning sammenliknet med 2015.

Vi syner til rapportering om Kompetanseløftet 2020 i vårt brev til Hdir 24.06.2016. Kostra-rapporteringa for 2016 vil syne om vi har fått fleire tilsette med relevant utdanning i alle kommunar samanlikna med 2015. Kommunane i fylket har hatt mange årsverk i brukarretta tenester utan helse- og sosialfagleg utdanning samanlikna med resten av landet. Statistikk frå 2015 tyda på betring samanlikna med tidlegare år, og at det vert fleire fagutdanna i brukarretta tenester samla for fylket. Samstundes er det framleis mange kommunar som har hatt ei negativ utvikling.

Vår kartlegging viser at talet på faste legar er mindre enn talet på legestillingar grunna manglande rekruttering (vakansar) og vikarbruk. Manglande jamm rekruttering av legar fører til forgubbing, med ein gjennomsnittsalder på 50 år. Mange av kommunelegane (30 prosent) er eldre enn 55 år. 70 prosent av legane er menn. 46 prosent er spesialistar i allmenmedisin. Berre seks legar (5 prosent) har spesialitet i samfunnsmedisin.

I alt 22 prosent av legane har vaktfritak. I 2015 fekk vi ny akuttmedisinforskrift som stiller auka krav til legane som skal ha sjølvstendig legevakt. Når mange av kommunelegane har vaktfritak, blir mange vakter dekte av urøynde turnuslegar eller vikarar. Nokre kommunar har store problem med å dekke legevaktene av denne grunn.

Om lag 20 prosent av legestillingane er vakante eller dekte av vikar. Vi ser auke i dette talet siste år. Bruken av korttidsvikarar representerer eit kvalitetsproblem.

Om lag tre av fire kommunar har kommuneoverlege som kan gje kommuneleiinga råd om samfunnsmedisinske spørsmål. Talet er høgt, ikkje minst grunna interkommunalt samarbeid rundt folkehelseavdelinga i Flora kommune.

I ni av 26 kommunar ser leiande kommunelege eller kontorleiar med uro på legerekrutteringa ut frå erfaringane i 2016. Fire kommunar vurderer driftssituasjonen som vanskeleg. Altså er det til saman 13 kommunar som er urolege for legerekrutteringa. Talet

er aukande siste år.

Samhandlingsreforma har gitt auka behov for legeårsverk i kommunane. Dette gjeld spesielt for legetenestene i førebyggjande helsearbeid, omsorgstenesta, rehabilitering og kommunal akutt døgnoophald. Nokre kommunar har rekruttert betre etter oppretting av fastlegestillingar.

#### Resultatmål 3.1.3.1.4.1

##### Rapportere på

Alle kommuner skal ha deltatt i kompetansehevende program.

Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot er eit viktig bidrag i kommunanes arbeid for kvalitet i kommunale tenester og kompetanseheving for tilsette. Alle kommunane i fylket søkte om og fekk tildelt tilskotsmidlar i 2016. Mange tilsette har fått tilskot til fagutdanning, høgskuleutdanning og vidareutdanning. ABC-opplæringa i fylket har vore vellukka. Utviklingssenteret har gjort ein god innsats i dette arbeidet. Vi erfarer at mange av kommunane søker om relativt stor del tilskot til internopplæring om ulike tema. Få kommunar har søkt om tilskot til opplæring i BPA-ordninga til no. For å sikre betre formell kompetanse hjå tilsette vil vi i 2017 prioritere søknader om tilskot til formalkompetanse.

#### 3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester

Kommunane har fått auka kompetanse om psykisk helse og rus etter at det vart sett i verk ein opptrappingsplan på feltet. Det er godt samarbeid på tvers i kommunane, og det er stor oppslutnad på kompetansehevande tiltak som blir arrangert for denne gruppa.

#### Resultatmål 3.1.3.2.1.1

##### Rapportere på

Alle kommuner i fylket har tatt i bruk BrukerPlan eller lignende kartleggingsverktøy i sitt planverk.

Det er sju kommunar som nytta BrukerPlan i 2016. Dette er kommunane Flora, Førde, Gaular, Naustdal, Sogndal, Stryn og Årdal.

#### Resultatmål 3.1.3.2.2.1

##### Rapportere på

Alle kommuner i fylket har deltatt i kompetansehevande tiltak på rusfeltet.

Vi har i samarbeid med KoRus Vest koordinert følgjande arrangement:

- MI-nettverk for alle kommunane i fylket, over tre samlingar
- opplæring i BrukerPlan på to datoar våren 2016 (også i samarbeid med NAPHA)
- samling for Betre tverrfagleg innsats våren 2016 med brei invitasjon til alle kommunane
- MI grunnkurs over to dagar i februar, med alle kommunane som målgruppe
- oppstart av ROP-samling hausten 2016, med framhald våren 2017

Vi har i tillegg koordinert to samlingar i Forum for rus og psykisk helse over to dagar, ei i Sogndal og ei i Loen.

Hausten 2016 arrangerte vi samling for leiarar og mellomleiarar i helse- og omsorgstenesta i kommunane, med psykisk helse og rus som eitt av fleire tema.

#### Resultatmål 3.1.3.2.3.1

##### Rapportere på

Alle kommuner har dokumentert kapasitetsvekst i lokalt rus- og psykisk helsearbeid sammenliknet med 2015.

Kommunane rapporterer årsverk, kompetanse og innhald i tenestene til SINTEF avdeling helse. Samanlikna med landsgjennomsnittet er kommunane i Sogn og Fjordane samla sett mellom dei fylka med flest årsverk per 10 000 innbyggjar. Fylket har lege høgt i årsverk per innbyggjar for vaksne, medan vi har lege under landsgjennomsnittet for årsverk fordelt på barn og

ungdom. Samanliknar vi tal frå 2015 med 2016, har det samla sett ikkje vore kapasitetsvekst på området, men det ser ut til at ein liten nedgang i talet på årsverk for vaksne har blitt overført til barn og unge.

I samlingar med kommunane kjem det fram at dei meiner rapporteringa på området er vanskeleg og unødvendig, då dei også rapporterer i Kostra. Det er vanskeleg å vite om kommunar rapporterer på same måte, og om ulikskapane kan medføre at talmaterialet ikkje kan samanliknast.

### 3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester

Vi har bidrege med å oppdatere liste over nasjonalt verdfulle kulturlandskap, og vi har bidrege med å prioritere areal for kartlegging av naturtypar. På grunn av vakanse i stilling har vi ikkje prioritert å setje i gang nye overvakingsprogram i vassregionen, og vi har ikkje hatt kapasitet til å oppdatere kultiveringsplan for fisk.

#### Resultatmål 3.1.4.1.1

##### Rapportere på

Restaureringsprosjekter skal være igangsatt i henhold til plan 2016-2020 for restaurering av myr og annen våtmark.

For Sætremyran naturreservat (som ligg i den landsomfemnande myr-restaureringsplanen) avventar Fylkesmannen nærare føringar frå Miljødirektoratet om etablering av overvakingsystem (metodikk og val av tenesteleverandør). Andre potensielle restaureringsobjekt i myrreservat er melde inn til Miljødirektoratet, som grunnlag for å få midlar til før-undersøkingar.

#### Resultatmål 3.1.4.1.2

##### Rapportere på

Overvåkingsprogram er igangsatt i alle vannregioner.

Vi har brukt det overvåkingsprogrammet vi har, og vi vil prøve å etablere eit årleg rullerande overvåkingsprogram. Vi har følgd opp med problemkartlegging og tiltak der vi har myndigheit.

#### Resultatmål 3.1.4.1.3

##### Rapportere på

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2015.

Vi har endra nokre utsettingspålegg av fisk i regulerte innsjøar, etter tilrådingar frå *Regulantprosjektet i Sogn og Fjordane*.

### 3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truete arter er i bedring

Berre for nokre relativt få artar finst det overvakingsystem som er i stand til å påvise alvorleg bestandsnedgang eller utdøying før det er for seint.

For naturtypar har vi heller ikkje noko operativt system for å kvantifisere eventuell nedgang eller forsvinning. På noko sikt vil NiN-kartlegging (i og utanfor verneområde) kunne gje slik informasjon (om registreringane vert tilstrekkeleg jamleg repeterte for same område), men NiN er framleis i praksis i ein etableringsfase, der mange spørsmål kring detaljeringsnivå og val av parameter er uavklara.

Sannsynlegvis utgjer framande artar som spreier seg ukontrollert, eit alvorleg trugsmål mot fleire naturtypar (og truleg også artar).

Med bakgrunn i satellittbaserte kartdata og eigne undersøkingar finst det gran i 52 naturreservat i Sogn og Fjordane, anten planta før vernevedtaket eller i form av spreieing frå plantefelt. Ut frå satellittdata frå Miljødirektoratet ser det ut til at det på Vestlandet truleg ikkje lenger finst låglandsområde som ligg utanfor ein spreieradius på to km frå næraste granførekomst. Gran (og utanlandske skuggetolande bartre) utgjer difor eit trugsmål mot ein del vestnorske skogtypar utvikla i fråvær av gran, m.a. nokre furuskogtypar og boreale lauvskogar. I Åsane naturreservat i Eid er granskogen som veks opp, eit direkte trugsmål mot lauvskog med raudlista soppartar, og det kan vere liknande problem i verdifulle naturtypar utanfor verneområde, sjølv om det ikkje er kvantifisert.

#### Resultatmål 3.1.4.2.1

**Rapportere på**

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

Vi har rutinar for å følge opp truga artar og naturtypar. I tillegg har vi bidrege til ny kunnskap om, og hjelp til, elvemuslingen i Dalsbøvassdraget (Selje kommune).

**Arbeid med og forvaltning av trua naturtyper og trua arter, inkludert utvalgte naturtyper og prioriterte arter**

Hvilken art / naturtype	Type tiltak	Utdyping av, eller kommentar til, gjennomført tiltak	Der det er handlingsplan/faggrunnlag: Koordinerende FM oppgir hvilke fylker det var oppfølging av HP/FG i 2016?	Hvordan ble midler fra koordinerende FM fordelt til andre fylker?	Sum brukt	Ev. oppdragsnr.
Hubro	Kartlegging	Av om lag 90 tidlegare kjente eller moglege hekkeplassar for hubro i fylket, har vi no oversikt over tilstanden ved nesten 60. For 2016 er konklusjonen at det var aktivitet ved ni hekkeplassar, men berre ved fem av desse var det snakk om par (elles einslege hannar). Ingen ungeproduksjon i 2016.		Etter søknad fra andre fylker	0	
Hule eiker	Kartlegging	Avgrensa aktivitet i 2016; 25 forskriftseiker registrert. Etter dei første åra med innleigde konsulentar til kartlegginga, har FM sjølv fylt på med kartlegging i "kvite flekkar" på kartet. Det har vist seg å vere langt meir eik enn tidlegare vurdert, og arbeidet må først vidare i fleire delar av fylket. Vi har ikkje søkt om midlar til dette.		Etter søknad fra andre fylker	0	
Purpurmariland	Kartlegging	Ikkje aktivitet i 2016 (vi er koordinerande FM). Faggrunnlag ligg til behandling i MDIR.		Etter søknad fra andre fylker	0	
Slåttemark	Skjøtsel	Noko (om lag kr. 150.000,-) registrerings- og overvåkingsarbeid er inkludert i summen, og ikkje skilt ut, sidan nokre tilskotssøknader femnar om både skjøtsel og overvaking. NB: Alt dette gjeld oppfølging avgrensa til Sogn og Fjordane. Dersom tabellen er meint å vere avgrensa til kva "koordinerande fylkesmann" har gjort, skal denne tabell-lina slettast.		Etter søknad fra andre fylker	1 222 897	
Kystlynghei	Skjøtsel	Dersom tabellen er meint å vere avgrensa til kva "koordinerande fylkesmann" har gjort, skal denne tabell-lina slettast.		Etter søknad fra andre fylker	286 330	

Naturbeitemark	Skjøtsel	Dersom tabellen er meint å vere avgrensa til kva "koordinerande fylkesmann" har gjort, skal denne tabell-lina slettast.		Etter søknad fra andre fylker	8 000	
Haustingsskog	Skjøtsel	Den einaste lokaliteten vil frå 2017 vere omdefinert til lauveng. NB: Dersom tabellen er meint å vere avgrensa til kva "koordinerande fylkesmann" har gjort, skal denne tabell-lina slettast.		Etter søknad fra andre fylker	41 300	
Slåttemyr	Skjøtsel	Dersom tabellen er meint å vere avgrensa til kva		Etter søknad fra andre fylker	48 150	
					1 606 677	

### 3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø

Vi har gjennomført oppdraga i 2016, m.a. har vi gode erfaringar med felles tilsynsaksjonar. Med den totale innsatsen vår innan ureiningsområdet meiner vi at vi har bidrege godt til å redusere utsepp av helse- og miljøfarlege stoff.

#### Resultatmål 3.1.4.3.1.1

##### Rapportere på

Alle industri- og avfallsvirksomheter driver i tråd med nye krav i industriutslippsdirektivet.

Vi har ingen verksemdar i Sogn og Fjordane som driv med treimpregnering, platearbeiding eller intensivt fjørfeavl og svinehald.

Vi følgjer med på aktuelle BREF-dokument og vil oppgradere utseppsløyve etter kvart som BREF-dokument og BAT-konklusjonane er publiserte.

Forureiningsforskrifta kap. 36 har nytt krav om tilstandsrapport for grunn og grunnvatn for verksemdar som er omfatta av vedlegg 1 til kapittel 36, dersom det er fare for ureining. Vi vil sjå til at rapport er utarbeidd før løyve vert gitt, eller ved endring av aktuelle løyve.

#### Resultatmål 3.1.4.3.2.1

##### Rapportere på

Avløpsanleggane skal ha lukket alle avvik som ble påvist i 2015.

Alle våre tre kommunar med avløpsanlegg etter kapittel 14 vart kontrollert i 2014, og vart såleis ikkje kontrollert igjen i 2015. Flora kommune må følgjast opp vidare i 2017, for å sikre god framdrift for fristar i utseppsløyvet.

### 3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene

I statsbudsjettet for 2016 vart veksten i frie inntekter for kommunesektoren 4,3 prosent, og deflator var på 2,7 prosent. Gjennomsnittet for Sogn og Fjordane vart på 3,8 prosent. Realvekst i frie inntekter vart dermed på 1,1 prosent for fylket vårt, medan landsgjennomsnittet vart 1,6 prosent. Fire av våre kommunar kom ut med ein vekst som var lågare enn løns- og prisauken, medan 24 av dei 26 kommunane kom ut med ein lågare vekst i frie inntekter enn snittet for landet.

I tillegg vart skjønsmidlane til kommunane våre reduserte med 15 prosent. Reduksjonen utgjer 11 millionar kroner. Vi har vanskar med å forstå kvifor Sogn og Fjordane har fått den største prosentvise reduksjonen i skjønsmidlane, større enn både dei som får meir og dei som får mindre skjønsmidlar per innbyggjar enn våre kommunar.

For kommunane som kjem dårlegast ut, vil det gå ut over tenestene.

#### Resultatmål 3.1.5.1.1.1

**Rapportere på**

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2016 ikke skal overstige antallet ved utgangen av 2015.

Ved utgangen av 2016 var fem av 26 kommunar registrerte i Robek. Vik og Årdal vart melde ut i 2016, medan Gloppen og Naustdal vart melde inn. Bremanger, Selje og Gaular var i Robek frå før.

**Antall kommuner i ROBEK**

Kommuner per okt'15	Kommuner per okt'16	Avvik
5.00	5.00	0.00

**3.1.1.11 Kommunereform**

Vi har brukt mykje tid og ressursar på å formidle nasjonale mål og forventningar til kommunane og lagt stor vekt på å vera til stades som rådgjevar i diskusjonar om intensjonsavtalar og korleis vedtekne samanslåingar skal fungere.

Av 26 kommunar har sju gjort gjensidige vedtak om samanslåing:

- Førde, Jølster, Gaular og Naustdal
- Hornindal med Volda kommune i Møre og Romsdal
- Eid og Selje (vedtak i januar 2017)

Vi rår til at kommunane som har gjort gjensidige vedtak, vert nye kommunar frå 2020.

Dei andre kommunane har anten gjort vedtak om samanslåing utan å få ja frå kommunane dei helst ønskte samanslåing med, eller å halde fram som eigen kommune.

I tilrådinga til KMD 1. oktober rådde vi, i tillegg til dei kommunane som hadde gjort gjensidige vedtak, til samanslåing av kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand og Vågsøy og Selje. Desse kommunane har ikkje gjort seinare gjensidige vedtak om samanslåing, men tilrådinga førte til at Selje etter kvart kom til semje med Eid. I tillegg har Vågsøy og Flora i februar 2017 gjort sams vedtak om å forhandle.

For andre kommunar vil det vere naudsynt med grundigare drøftingar og lengre modningstid i det vi kan kalle neste fase i kommunereforma. På lengre sikt skisserte vi samanslåingar som kan føre til at det blir ti til tolv kommunar i fylket.

[Vår tilråding frå 29.09.2016.](#)

[Oppdatert tilråding frå 09.01.2017](#)

**3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket**

NIBIO gjennomførte i 2015 ei vurdering av verdiskapinga i landbruket i dei to fylka Sogn og Fjordane og Hordaland, som viste at mjølkeproduksjonen står for 58 prosent, sauehald 22 prosent og frukt og bær åtte prosent. Desse tre driftsgreinene står sentralt i vårt arbeid med tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket, i tillegg til skogbruk og lokalmat og reiseliv. Den samla verdiskapinga i primærproduksjonen vart rekna ut til nesten 900 millionar kroner.

I 2016 vart det laga eit eige strategidokument for landbruk i den regionale planen for verdiskaping. Vi har eit godt samarbeid om utviklingsarbeidet med fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, KS og organisasjonane i landbruket.

Prioriterte satsingar er nye driftsbygningar for ku og sau, fornying av frukt- og bærarealet, utbygging av betre vegnett i skogbruket, kompetanse om lokal mat og tenesteproduksjon under fellesnemninga *Inn på tunet*.

Den næringsgreina som syntte best framgang, var frukt- og bærproduksjonen. Der auka førstehands omsetningsverdi frå 121 til 135 millionar kroner. Vi hadde lite vinterskade i 2016. Det var relativt gode forhold under bløminga i mai, men vått i innhaustinga av bringebær (juli/ august). Flott vår om hausten gav gode hausteforhold for eplebøndene og god kvalitet på frukta.

Bøndene i Lærdal hadde eit veldig godt år for moreller (239 tonn) med 49 prosent av produksjonen i Noreg. Epleproduksjonen (om lag 900 tonn) i fylket var 50 prosent høgare enn i fjor. Bringebærproduksjonen var rekordhøg (1 631 tonn), men det våte året gjorde at det vart ein nedgang i delen til konsum og meir til industri. Totalverdien av bringebæra var 67 millionar kroner, og dette utgjør halvparten av omsetningsverdien i hagebruket i fylket.

**Resultatmål 3.1.6.1.1.1**

**Rapportere på**

Regionalt bygdeutviklingsprogram er utarbeidet og fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

**Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU)**

RBU for Sogn og Fjordane vert følgt opp gjennom ein årleg handlingsplan. Planen vert utarbeidd av ei eiga gruppe samansett av Bondelaget, Småbrukarlaget, Vestskog, Innovasjon Norge, fylkeskommunen, KS og Fylkesmannen. Her vert særlege satsingar forankra og ein får samla ulike verkemiddel. Faglaga har vore mest opptekne av utmålingsreglar for dei bedriftsretta verkemiddela som Innovasjon Noreg forvaltar.

Det er stor søknad på dei bedriftsretta midlane. For å få ei god fordeling mellom ulike næringar er potten fordelt med 50 prosent til lausdrift for mjølkeproduksjon, 25 prosent til andre driftsbygningar til husdyr, 15 prosent til frukt og bær og 10 prosent til andre næringar. Midlane sikrar omstilling til lausdrift i mjølkeproduksjonen der vi no har knapt 100 mjølkerobotar. Om lag 40 prosent av mjølka er produsert av kyr i lausdrift. Det er også stor interesse for fornying av fjøs til sau. Det har vore ein fin auke i etterspurnad av midlar til nye næringar der det i 2016 er brukt nesten dobbelt så mykje som i 2015.

Saman med FMHO har FMSF og faglaga etablert prosjektet Grøn FoU Vest. Her er det etablert faggrupper på grovførbasert husdyrhald og frukt/bær. Det er planlagt ei eiga gruppe på skogbruk. Målet med arbeidet er auka forskning på dei utfordringane landbruket har på Vestlandet. Ein del av dette er knytt opp klimaendringane vi no opplever.

**Jordbruk**

I 2016 var det 2 909 føretak som søkte om produksjonstilskot. Det er ein nedgang på 46 frå året før. Jordbruksarealet har gått ned med 2448 dekar frå året før. På tre år er nedgangen 154 bruk og 3 705 dekar. Produksjonen av mjølk ligg stabilt kring 103 millionar liter. Produksjonen av storfekjøtt har hatt ein jamn nedgang over fleire år. Det er difor sett i gang eit arbeid for å auke produksjonen på ammeku. For sau har det vore ein nedgang i mange år, men vi ser no ein svak auke, sjølv om produksjonen framleis ligg under nivået frå 2005. Det er stor interesse for å fornye driftsapparatet og bygge moderne fjøs. Samleis er det stor interesse for å ta i bruk teknologiske løysingar som mjølkerobot, kraftförautomat og radiobjeller.

**Hagebruk**

Sogn og Fjordane har kring 2/3 av den nasjonale produksjonen av bringebær og 1/3 av produksjonen av morellar. Vi arbeider med å auke produksjonen av plommer, eple, pære og jordbær. Det er etablert felles samhandlingsforum der forvaltning, forskning, rådgjeving, varemottakar og produsent saman drøftar utfordringar, tiltak og samarbeid. Sommaren 2016 hadde kjøleg og fuktig vêr, som skapte utfordringar. For bringebær var produksjon av industribær større enn det industrien ønskte. Det vert difor arbeidd med å sikre ein større del konsumbær gjennom auka satsing på bringebær i tunnel.

Fylkesmannen har gjennomført eit prosjekt med å kartfeste lokalklima for dyrking av frukt og bær. Vi har m.a. kartfesta gjennomsnittstemperatur og solinnstråling i vekstsesongen og ut frå dette laga dyrkingssoner for ulike artar og sortar av frukt og bær som blir brukte i rådgiving til bønder.

**Skogbruk**

I 2016 var hogsten i Sogn og Fjordane 145 000 m<sup>3</sup>, ein auke på 28 000 m<sup>3</sup> frå året før. Furuhogsten var som vanleg låg, i underkant av 5 000 m<sup>3</sup>. På grunn av at grana har svært uthaldande vekst og høgast produksjon mellom 40 og 75 år, rår vi skogeigarane generelt til å vente med hogst til skogen er 70 år gamal. Skogreisninga skaut fart i 1950, og areala planta dette året bør ikkje hoggast før 2020. Etter 2020 kan likevel årleg hogst auke til det doble av dagens. Med små hogstmodne felt spreidde utover er det vanskeleg å unngå at det vert hogd kringliggande skog for tidleg dei komande ti åra dersom det skal vere høg aktivitet i skogbruket. Ved å vente frå 55 til 70 år med å hogge, doblar likevel skogeigaren driftsnettoen og aukar internforrentinga med 10 prosent. Forutan at dårleg økonomi ved tidleg hogst fører til negativ oppfatning av skogbruk, kan det dessverre også påverke lønsemda til naboar og rive bort grunnlaget for lønsam vegbygging og drift seinare. Vi meiner likevel at for tidleg hogst i det omfanget vi ser no, har liten innverknad på langsiktig hogstnivå i fylket.

**Skogsvegar**

Samanlikna med skogstroka er vegdekninga på Vestlandet svært låg. Terrenget vårt ligg i europatoppen i produksjon, men det er bratt og vanskeleg, og treng tettare vegnett enn elles i landet. Hovudplanane for skogsvegar avdekkar ein stor og aukande trong for skogsvegbygging. Med mange store planlagde fellesanlegg og stor auke i byggjekostnader har tilskotsrammene vorte altfor små.

**Kommunale hovudplanar for skogsvegar**

I 2010 gjorde vi i samarbeid med kommunane og Kystskogbruket eit stort arbeid med å etablere hovudplanar for skogsvegar i alle kommunar i fylket, og planane vart tidleg presenterte på Fylkesmannen si kartsida «Fylkesatlas». Dette er fagleg baserte planar som viser behovet for skogsvegar framover.

Fem kommunar har til no vedteke hovudplanane, men ingen i 2016. Vi prioriterte i første omgang å få laga vegplanane. Vi har til no valt å ikkje presse kommunar med manglande eller svært perifer skogbrukskompetanse til å få til ei politisk handsaming av hovudplanane. Men etter det no er etablert eit nytt interkommunalt samarbeid om skogbruk i Sogn, vert det no jobba med å få til politisk handsaming i kommunane Vik, Leikanger og Sogndal.



#### Kartlegging og fjerning av flaskehalsar på offentleg veg

Flaskehalsar på det offentlege sekundær- og tertiærvegnettet er svært kostbart for skogeigarane i Sogn og Fjordane. Vi har hatt eit møte med ein kommune om dette, og har jobba ein del vidare med kunnskapsgrunnlaget og kva som skal til både teknisk og formelt for å skrive opp kommunale vegar. Vi har også gjeve innspel til fylkeskommunen sitt arbeid med regional transportplan, der vi prioriterte fylkesveglenker for oppgradering ut frå estimert kippekostnad dei komande førti åra.

#### **Resultatmål 3.1.6.1.2.1**

##### **Rapportere på**

Tilfredsstillende foryngelse av all hogst innen tre år etter hogst.

Det vil alltid vere eit visst etterslep på planteareal samanlikna med hogstareal, jamfør også at det er ein plantefrist på tre år etter hogst. Totalt plantetal i 2016 var nesten 340 000 plantar fordelt på 1 481 dekar. Statistikk for dei siste åra tyder likevel på at plantearealet er under halvparten av hogstarealet, om lag 1 500 mot 3 000 dekar.

No vil det alltid vere ein del hogstareal som av ulike grunnar ikkje skal eller bør plantast på nytt, men inntrykket er dessverre at per i dag er ikkje forynginga av skog etter hogst på eit tilfredsstillande nivå.

Kommunane har blitt flinkare til å kontrollere foryngingsplikta. Av 96 kontrollerte felt i 2016 ser om lag 60 ut til å vere nokolunde i orden, men treng oppfølging. I alt 15 felt skal av ulike grunnar ut av skogproduksjon, og resten er mangelfulle.

Vi har også drøfta problemstillinga med Vestskog, som står for mesteparten av tømmerhogsten, og prøver å få lagt inn forynging som ein naturleg del av hogsttalen. Vi får tilbakemelding om at enkelte skogeigarar er skeptiske til forynging med gran. Det er derfor viktig med rådgjeving og kunnskapsformidling om at forynging er viktig for både framtidig næringsgrunnlag og som klimatiltak.

#### **3.1.1.13 Bærekraftig landbruk**

Viktigast for innsatsen for bærekraftig landbruk er klimatiltak, hovudsakleg forynging av skog etter hogst og informasjonstiltak for meir klimavenleg jordbruksdrift. Deretter har vi eit regionalt miljøprogram med vekt på kulturlandskap, og ei arealforvaltning som også tek vare på produktive jordbruksareal til matproduksjon.

Vi har i fleire år hatt problem med å oppnå balanse mellom planteareal etter hogst. Her trengst meir kunnskapsformidling kombinert med strengare oppfølging av regelverket.

Nedbygging av dyrka jord auka litt frå 2014 til 2015, som er det siste året vi har statistikk for. Årsaka kan vere tilfeldige årlege variasjonar, men det er trong for å leggje stor vekt på jordvern i planprosessane. Vi gjennomførte fagdagar for folkevalde i kommunane i 2016, der mellom anna plansaker og jordvern var tema.

#### **Resultatmål 3.1.6.2.1.1**

##### **Rapportere på**

Andel kommuner som følger opp kontroll med foryngelseskravet: 100 pst i løpet av tre år.

Kommunane har kontrollert alle dei 96 utplukka foryngingsfeltene. På om lag 65 prosent av feltene var det gjort foryngingstiltak, men det må følgjast opp slik at forynginga vert tilfredsstillande.

#### **Resultatmål 3.1.6.2.1.2**

##### **Rapportere på**

Økt planting med tilskudd til tettare planting, og økt gjødsling, sammenlignet med 2015.

Vi har ikkje felt der det vart gjeve auka tilskot til tettare planting, eller til gjødsling.

#### **Resultatmål 3.1.6.2.2.1**

##### **Rapportere på**

Alle miljøvirkemidlene er forvaltet i tråd med regionalt miljøprogram og nasjonale føringer.

Vårt regionale miljøprogram har hovudvekt på kulturlandskap, der målsettinga er å "ta vare på og utvikle det særmerkte kulturlandskapet i fylket". Vi hadde ei økonomisk ramme på 23,4 millionar kroner i 2016, som vert utbetalt i 2017. Halvparten av midlane vert brukte til slått av bratt areal, og resten til diverse beitetilak i prioriterte område, og til diverse skjøtsel av særmerkte element i kulturlandskapet.

Vi fekk ei ramme på 5,9 millionar kroner til spesielle miljøtiltak i kulturlandskapet (SMIL), som vart forvalta av kommunane. Midlane vart hovudsakleg brukte til gammal kulturmark og bygningar.

Grøfting av dyrka jord bidreg til mindre ureining til vassdrag og mindre utslepp av klimagassar. Det var ikkje stor pågang av søknader i 2016, men vi brukte likvel meir enn tildelinga for 2016 ved hjelp av overførte midlar frå 2015.

Vi har også fordelt 200 000 kroner til informasjonstiltak om mellom anna drenering, jordpakking, klimagassutslepp frå jordbruket, ureining og tiltak i kulturlandskapet.

#### Utvalde kulturlandskap og verdsarvområda

Vi har to utvalde kulturlandskap; Grinde - Engjasete i Leikanger kommune og Hoddevik - Liset i Selje. Gardbrukarane i området får midlar til diverse skjøtsetiltak både på enkeltbruk og fellestiltak. I 2016 vart det også samla inn gamle fotografi som grunnlag for ny fotografering av desse landskapa.

Nærøyfjorden er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, og også i dette området vert det gjeve ekstra støtte til diverse skjøtsetiltak. Vi har godt samarbeid med kommunen om forvaltninga, med årlege besøk. Hovudkonklusjonen er at areala til slått og beite vart stelt i samsvar med skjøtselavtalane.

### **3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger**

#### **3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge**

Fylkesmannen driv tverrfagleg samordning av arbeidet for barn og unge blant anna gjennom satsinga *Sjumilssteget*. Dette er ein integrert del av arbeidet i alle avdelingar. I *Sjumilssteget* har vi eit godt samarbeid med Nav, fylkeskommunen og Høgskulen på Vestlandet. Vi har sjumilsstegkoordinatorar i alle kommunar. Desse er nyttige kontakter for oss for å få tilbakemeldingar frå kommunane, og for å nå ut med informasjon.

Vi har gjennomført eit felles prosjekt mellom utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga; *læringsnettverk om psykisk helse og opplæring hos utsette barn og unge*. Målet med prosjektet har vore å auke kompetansen hjå kommunane på utsette barn og unge, ved å sjå på mindreårige asylsøkarar og flyktingar som ei spesifikk gruppe. Sentrale tema er psykisk helse og opplæring. Gjennom prosjektet har vi jobba for å sikre eit tettare tverrfagleg samarbeid internt i kommunen om barn og unge og familiar med spesielle utfordringar. Tenester som har samhandla, er barnevern, barnehage, helsestasjon, skule, kommunal psykiatriteneste, flyktingteneste og Nav. Det har vore tre fellessamlingar. Første samling la vekt på problemretta rettleiing i grupper med erfaringsutveksling om arbeidet med mindreårige asylsøkarar og flyktingar. Andre samling tok opp landkunne og tredje samling traume og regelverk for opplæring.

#### **3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv**

Internt i embetet har helse- og sosialavdelinga og miljøvernavdelinga samarbeidd om regionvise nettverkssamlingar for kommunane. Der har temaet mellom anna vore bustadsosialt arbeid retta inn mot integrering av flyktingar og heilskapleg planlegging i kommunane.

Vi har òg hatt bustadsosialt arbeid som tema på Nav-leiarsamling.

##### **Resultatmål 3.2.1.2.1.1**

###### **Rapportere på**

Gjennomført minimum to kompetanseheevende tiltak for kommunane i fylket om boligsosialt arbeid, f.eks. bolig og integrering av flyktingar, bolig og tenester til rusmiddelavhengige, helhetlig planlegging, bolig og folkehelse.

Internt i embetet har helse- og sosialavdelinga og miljøvernavdelinga gjennomført regionvise nettverkssamlingar for kommunane der temaet mellom anna har vore bustadsosialt arbeid med vekt på bustad og integrering av flyktingar og heilskapleg planlegging i kommunane.

Vi har òg hatt bustadsosialt arbeid som tema på Nav-leiarsamling.

**Fylkesmannens bidrag til at det boligsosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert**

Resultatmål	Differanse	Grunnlagstall 1
2	0	2

**3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket**

Det årlege møtet i Fylkesberedskapsrådet (FBR) var i januar. Møta bidreg til å gjere sentrale beredskapsaktørar i fylket kjende med kvarande og å avklare roller. Vi trur at det er viktig for å utvikle samvirket mellom aktørane endå meir. Flyktningkrise og oppfølging av evalueringsrapportar var to av emna i møtet.

Vi har ein låg terskel for å kalle inn til møte i fylkesberedskapsrådet når det skje uønskte hendingar. Vi hadde telefonmøte 2. juledag med 38 personar frå 23 etatar i samband med førebuinga til ekstremvêret Urd. Vi har fått tilbakemeldingar frå aktørane i rådet at slike møte vert opplevde som verdifulle, og dei bidreg til å gi ei heilskapleg og felles forståing av situasjonen. Det gir eit godt grunnlag for ei samordna krisehandtering.

**Resultatmål 3.2.1.3.1.1****Rapportere på**

Det er gjennomført minst en årlig øvelse av kriseorganisasjonen i embetet med grunnlag i ny samfunnssikkerhetsinstruks.

Kriseorganisasjonen hadde ei speløving i oktober, i samband med beredskapsgjennomgangen frå DSB. Politiet, alarmsentralen, Jølster kommune og Vik kommune deltok som responsceller under øvinga. Scenarioet var ein ikkje-definert trussel mot tre barne- og ungdomsskular i fylket. Sjå elles pkt. 7.3.4.4.

**3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring**

Planlagt tilsyn med kommunal helseteneste oppfyller nesten målalet (11 av 12), mens det er overopppfylling av målalet for tilsyn med helsetenesta i spesialisthelsetenesta.

Tilsyn med sosialtenesta er gjennomført som ein systemrevisjon og ni eigenvurderingstilsyn. Ein av kommunane leverte ikkje eigenvurdering, men gjennomføringa av tilsynsaktiviteten er etter målalet.

For tilsyn med kommunalt barnevern oppfyller vi måltala. Ut frå ei risikovurdering har vi erstatta tilsyn med statleg barnevernsinstitusjon med eit omfattande tilsyn med ei stor interkommunal barnevernsordning.

Dei siste åra har vi brukt det vi kallar *eigenvurderingstilsyn* (også kalla *læringstilsyn* eller *clustertilsyn*) med kommunar på helse-, sosial- og barnevernsområdet. Det går ut på at medan vi utfører systemrevisjon med utvalt tilsynskommune, utfører nabokommunane eigenvurdering av egne tenester etter rettleing. Til slutt går vi gjennom erfaringane saman med alle kommunane og peikar på kva som må betrast. På denne måten femmer vi om fleire kommunar. Kvalitative og kvantitative evalueringar har stadfesta at kommunane er nøgde og at effekten av eigenvurderinga på tenestekvalitet er på nivå med det vi ser ved vanleg tilsyn. Kommunane seier at dei lærer meir når dei vert utfordra til å sjå seg sjølv utanfrå.

Ut frå dei gode erfaringane legg vi vekt på eigenvurderingstilsyn som del av tilsynsaktiviteten.

**Resultatmål 3.2.1.4.1.1****Rapportere på**

Alle tilsyn hvor det er funnet brudd på lov og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

Vi har hatt tilsyn i tre kommunar med temaet helse- og omsorgstenester til utviklingshemma over 18 år (LOT 2016). Vi fann avvik i alle kommunane. Tilsyna er ikkje lukka, og kommunane har frist på nyåret 2017 til å gi oss tilbakemelding. Seks kommunar gjennomførte eigenvurderingstilsyn med same tema. Ein av desse kommunane fann ikkje avvik hos seg sjølv. Av dei siste fem kommunane er det berre éin som har gitt oss tilbakemelding innan fristen 1. januar 2017. Vi har purra kommunane.

Helseseksjonen gjennomførte saman med beredskapseininga hos Fylkesmannen tilsyn på helseberedskapsfeltet i ein kommune. Det vart funne lovbrøt. Tilsynet er førebels ikkje lukka.

Vi har delteke på regionalt tilsyn i spesialisthelsetenesta; sepsistilsynet (LOT 2016). Vi avdekte to avvik i Sogn og Fjordane. Helseføretaket har utarbeidd plan for retting av avvika. Tilbakemeldingsfrist er sett til februar 2017. I mars 2017 vil vi ha ny journalgjennomgang.

Etter ROS-vurdering valde vi å gjennomføre tilsyn med Helse Førde, psykisk helsevern, akutt døgnpast. Vi hadde samtalar med brukarar og pårørande i forkant av tilsynet. Tema for tilsynet var behandlingsplan, brukarmedverknad og samhandling. Vi fann ingen lovbrøt, men hadde to merknader i rapporten.

På barnevernsfeltet har vi gjennomført landsomfattande tilsyn 2015/2016 med kommunens arbeid med oppfølging av meldingar. Dette vart gjort i Gloppen og Jølster. Begge kommunane fekk to avvik. I tillegg vart det gjennomført eigenvurdering der kommunane Eid, Hornindal, Selje, Stryn, Vågsøy og Årdal deltok. Tema var kommunane sitt arbeid med meldingar og tilbakemelding til melder. Tre kommunar konkluderte med lovbrøt, og tre kommunar fann ikkje lovbrøt. Dette tilsynet er avslutta. Hausten 2016 gjennomførte vi dokumenttilsyn med Sogn barnevern (Sogndal kommune), der vi gjekk gjennom over 200 saker frå 2015 og 2016.

For sosiale tenester i Nav har vi gjennomført systemrevisjon i Eid med tema frå landsomfattande tilsyn 2015/2016, *sosiale tenester i Nav til unge mellom 17 og 23 år*, og vi fann avvik på tilsynsområdet. Etter tilbakemelding frå kommunen har vi avslutta tilsynet.

Vi har gjennomført eigenvurdering med same tilsynsystema, LOT 2015/2016, i kommunane Askvoll, Balestrand, Førde, Hyllestad, Høyanger, Leikanger, Luster og Årdal. Alle kommunane fann avvik på området. Vi hadde sluttmøte med kommunane i november 2016 og ved årsskiftet hadde vi avslutta tilsyna i Førde og Hyllestad.

Vi har gjennomført tilsyn i tre kommunar med temaet *somatisk helsehjelp gitt med tvang* (pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A). Det var avvik i to kommunar. Tilsynet i den eine kommunen har vore vanskeleg å få avslutta, fordi kommunen ikkje klarer å svare på korleis dei gjennom styringssystemet skal klare å etterleve lovkrava. Vi har gitt ny frist for tilbakemelding. Eitt av tilsyna vart gjennomført seint på hausten. Endeleg rapport vert sendt i januar 2017. Kommunen sitt arbeid med å lukke avvik vert følgt opp i løpet av våren 2017.

#### Resultatmål 3.2.1.4.2.1

##### Rapportere på

Alle tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav, er fulgt opp og avsluttet innen utgangen av 2016.

Vi gjennomførte tilsyn med folkehelsearbeid i tre kommunar i 2014. Det vart peikt på avvik i eitt av dei tre tilsyna. Tilsynet i kommunen der det vart påpeikt avvik, vart avslutta 29. oktober 2015.

#### Avslutning av tilsyn med folkehelsearbeid

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav.	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav som er avsluttet.
100 %	0 %	100 %	1	1

#### Resultatmål 3.2.1.4.3.1

##### Rapportere på

Krav til gjennomsnittsscore i spørreundersøkelse: 75 % svarer "FMs tilsynsvirksomhet er godt eller nokså godt samordnet".

Vi viser til supplerande tildelingsbrev 2016 om endring av rapporteringskrav ved at planlagt undersøking ikkje vart gjennomført

#### Resultatmål 3.2.1.4.4.1

##### Rapportere på

Krav til gjennomsnittsscore i spørreundersøkelse - 75 % svarer at FMs tilsyn "i stor eller nokså stor grad har vært lagt til rette med sikte på læring og forbedring lokalt".

Vi viser til supplerande tildelingsbrev 2016 om endring av rapporteringskrav ved at planlagt undersøking ikkje vart gjennomført.

#### 3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Vi samarbeider godt med fylkeskommunen om oppfølging av regional klimaplan, m.a. gir vi bidrag til oppdateringar av handlingsdelen av klimaplanen. Her gir vi spesielt innspel innan natur og miljø, landbruk og samfunnstryggleik.

På landbruksområdet er det viktigaste klimaarbeidet forynging av skog etter hogst, og kunnskapsformidling om driftsmåtar som gir mindre utslepp av klimagassar. Vi prøver også å skaffe meir kunnskap om korleis næringa kan tilpasse seg både meir krevjande vêrforhold og tilpassing med nye vekster.

#### Resultatmål 3.2.1.5.1.1

##### Rapportere på

FM har hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventningar til klima- og energiplanleggingen.

Vi har i 2016 ikkje hatt dialog med alle kommunane om forventningar til klima- og energiplanlegginga. Vi har heller teke opp slike problemstillingar med kommunar som har vore i arbeid med revisjon av kommuneplanen, og vidare har klima- og energiplanlegging vore tema når vi har vore på kommunebesøk. Det er ingen av kommunane våre som i 2016 har revidert klima- og energiplanar, og vi har i dialog med kommunane lagt vekt på at klima- og energitema høyrer heime ved revisjon av samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen.

Elles har vi tett kontakt med fylkeskommunen, m.a. i styringsgruppa for oppfølging av den regionale klimaplanen.

#### Resultatmål 3.2.1.5.2.1

##### Rapportere på

Vurdering av effekt på klimagassutslipp, samt mål og tiltak for å redusere klimagassutslipp og energibruk, skal finnes igjen i alle relevante planer og enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven og annet lovverk.

Vi har vektlagt at kommunane skal integrere klimaomsyn i både ordinær drift og i arealplanlegginga. Sidan vi til vanleg ikkje har oversikt over korleis kommunane handterer ordinær drift, er det helst gjennom arealplanlegginga at vi har hatt høve til å gje innspel om klimaomsyn.

#### Resultatmål 3.2.1.5.3.1

##### Rapportere på

FM har hatt dialog med kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, blant annet om nasjonale og fylkesvise klimaframskrivinger og den nye nettsiden klimatilpasning.no

Klimaendring er alltid tema når vi går gjennom analysar av risiko og sårbarheit (ROS-analysar) i plansaker som er på høyring. Vi gir tilbakemelding dersom vi meiner at det i analysen ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til konsekvensane av klimaendringar. Vi fremjar motsegn dersom vi meiner at manglane kan ha vesentleg innverknad på samfunnstryggleiken.

Vi har marknadsført sterkt klimaprofilen for Sogn og Fjordane (utarbeidd av Klimaservicesenteret). Vi viser til den når vi uttalar oss i plansaker, og når vi har tilsyns- eller rettleiingsmøte med kommunane. Vi har publisert klimaprofilen på heimesida vår, og omtalt den i ei rekkje presentasjonar for kommunar og andre relevante aktørar.

### 3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen

Vi har systematisk nytta alle våre møtepunkt med kommunane i arbeidet med asyl- og flyktningssituasjonen. Vi har koordinert arbeidet med dei andre i regional stat, som IMDi, UDI, Husbanken og Nav.

I samarbeid med fylkeskommunen, Nav og KS har vi starta eit prosjekt for eit meir arbeidsretta introduksjonsprogram.

I våre fråsegner til kommunale planstrategiar la vi vekt på at busetting av flyktningar er ein strategi for å auke folketalet. Vidare oppmoda vi om å planlegge for samordna tenester på asyl- og flyktningområdet.

Vi restrukturerte læringsnettverk for kommunar med asylmottak for å auke tverrfagleg innsats for mindreårige asylsøkarar og flyktningar, som ei særleg utsett gruppe barn og unge (sjå punkt 3.1.1.2).

Basert på tilbakemeldingar frå kommunane og våre samarbeidspartar, vurderer vi at desse tiltaka har vore viktige for å koordinere informasjons- og kompetansebehovet i fylket.

#### Resultatmål 3.2.1.6.1.1

**Rapportere på**

Andel flyktninger som er bosatt innen 6 mnd. etter at vedtak om opphold i Norge eller reisetillatelse er gitt: 55 % av IMDIs totale bosettingsanmodning til kommunene i fylket. Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

IMDi opplyser at 87 prosent er busett innan seks månadar mot 81 prosent nasjonalt, og at 99 prosent er busett innan tolv månadar.

**Resultatmål 3.2.1.6.1.2****Rapportere på**

Andel enslige mindreårige som er bosatt: 100 % av IMDIs totale bosettingsanmodning til kommunene i fylket.

IMDi spurde kommunane i Sogn og Fjordane om å busette 159 einslege mindreårige i 2016. Kommunane busette 43. Dette utgjer 27 prosent av førespurnadene.

Her er det viktig å peike på at kommunane i fylket i 2016 gjorde vedtak om å busette nær 100 einslege mindreårige i 2017. Førespurnadene frå IMDi vart justerte ned til 20 hausten 2016. For kommunane skapar det vanskar når dei har planlagt tenestene for å ta imot 80 prosent fleire einslege mindreårige enn dei som kjem.

**3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene****3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling**

Tilsynsaktiviteten etter opplæringslova, barnehagelova og introduksjonslova er utført slik dei ligg føre i aktivitetskrava.

Klagesaker etter desse tre lovverka vert handsama etter kvart som dei kjem inn, og ingen saker har hatt lengre sakshandsamingstid enn tre månader. Dei fleste er ferdig handsama innan fire veker.

Rettleiingsarbeid vert gjennomført på fleire ulike nivå:

1. Individuell rettleiing: Telefon, video og e-post til einskildpersonar og barnehagemyndigheit, barnehage- og skuleeigar og vaksenopplæring.
2. Planlagde samlingar: Vi brukar etablerte møteplassar for å rettleie innan nasjonale satsingar og lovverk.
3. Regionale samlingar: Når kommunar eller regionar ber om rettleiing på særskilte emne (eller vi tek initiativ), gjennomfører vi dette etter avtale.

Vi legg spesielt vekt på å få fram samanhengar i dei nasjonale satsingane slik at satsingar og tilbod framstår som heilskaplege og ikkje fragmenterte.

I 2016 har vi særskilt trekt fram rammeplan, barnehagemyndighetsrolla, skulemiljø, læringsresultat og førebygging av fråfall.

For måleparameter til rapportane *Spørsmål til barnehage-Norge* og *Spørsmål til skole-Norge*, manglar vi talmateriale for å kunne svare på rapporteringskrava. Vi har for få respondentar til å få brukbare målingar. Når det er sagt, meiner vi at ein kan vidareutvikle koplinga mellom rapportane, vår bruk av informasjonen og bruk inn i årsrapporten.

**Resultatmål 3.3.1.1.1.1****Rapportere på**

Minimum 2 tilsyn i hvert fylke per år.

Tilsyn frå 2015 med Jølster og Førde vart ferdige i februar 2016. Det vart gjennomført tilsyn med Vågsøy og Selje, der førebels rapport var ferdig i desember. Endeleg rapport var ferdig i februar 2017.

**Resultatmål 3.3.1.1.2.1**

**Rapportere på**

Det enkelte embedets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2015, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

Vi har gjennomført tilsyn som tilfredstiller aktivitetskrava:

1. 34 poeng etter opplæringslova
2. 14 poeng etter barnehagelova
3. To tilsyn etter introduksjonslova

Val av tilsynsobjekt har vorte gjort etter kriterium gitt frå Udir.

**Resultatmål 3.3.1.1.3.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Tilsyn: 72 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet tilsyn som viktig.

Landssnittet i 2015 for barnehageeigars og barnehagemyndighets tilfredsheit med tilsyn frå Fylkesmannen var på 3,83, medan det i Sogn og Fjordane i 2016 var 3,90.

For skule syner landssnittet i 2015 at 72 prosent av dei spurte skuleeigarane svarar "I stor grad" eller "I svært stor grad" på spørsmål om tilsyn som virkemiddel er viktig. Vi finn ikkje tal for landsdelen eller fylket på dette.

**Resultatmål 3.3.1.1.4.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Klagesaksbehandling: 52 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet klagesaksbehandling som viktig.

Jf. «Spørsmål til barnehage – Norge høsten 2015», Trøndelag Forskning og Utvikling.

Landssnittet i 2015 for barnehageeigars og barnehagemyndighets tilfredsheit med Fylkesmannens klagesaksbehandling var på 3,63. For Sogn og Fjordane var det i 2016 på 3,30.

Sentralgitt målsetting er dermed ikkje nådd.

For skule syner landssnittet i 2015 at 52 prosent av dei spurte skuleeigarane at dei i "svært stor grad" eller "stor grad" opplever klagesaksbehandlinga som viktig. Tilsvarende prosenttal for 2016 er 62 prosent. Det går ikkje fram fylkesvise tal for dette rapporteringspunktet.

**Resultatmål 3.3.1.1.5.1**

**Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Landssnittet i 2015 for barnehageeigars og barnehagemyndighets tilfredsheit med Fylkesmannens rettleiing om regelverk var på 3,75. For Sogn og Fjordane var gjennomsnittet i 2016 på 3,70.

For skule syner landssnittet i 2015 at 73 prosent av dei spurte skuleeigarar svarar "i stor grad" eller "i svært stor grad" på spørsmålet om oppleving av rettleiing om regelverk som virkemiddel, er viktig. I 2016 var tilsvarande tal 74 prosent.

Vi finn ikkje tal for landsdelen eller fylket på dette.

**Resultatmål 3.3.1.1.6.1****Rapportere på**

Andel klagesaker som er behandlet innen 12 uker: 100%.

Vi er fast settefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland. Av dei 170 byggesakene som vart behandla i 2016, utgjør settesakene 81. Til samanlikning utgjorde settesakene i 2015 i alt 41 av totalt 106 avslutta byggesaker. Talet settesaker påverkar vesentelg den samla statistikken for medhald i klagesakene.

Gjennomsnittleg behandlingstid i 2016 er 130 dagar, mot 89 i 2015. Auken skuldast høgare saksinnang, kombinert med utkwittering av gamle restansar. I tillegg til byggesakene har vi i 2016 behandla 22 klagesaker som gjeld vedtak om reguleringsplan.

Per 31.12.2016 er det samla restansetalet 47, mot 64 ved årsslutt i 2015. Omgjerings- og sakskostnadskrav etter forvaltningslova kjem i tillegg.

Vi har vore testpilot for ny SYSAM-løysing. Uttrekk frå den nye løysinga er også nytta ved årsrapporteinga for 2016, etter avtale med departementet.

**Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 65 %	35 %	170	60

**Resultatmål 3.3.1.1.6.2****Rapportere på**

Andel klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, som er behandlet innen 6 uker: 100%.

Vi har handsama 14 saker der det vart gitt utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42. I ti av desse er fristen på seks veker overskriden. Dette skuldast som nemnt ved resultatmål 3.3.1.1.6.1 over, høgare saksinnang, kombinert med utkwittering av gamle restansar.

**BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 71 %	29 %	14	4

**Resultatmål 3.3.1.1.7.1****Rapportere på**

Andel ekspropriasjonssaker i førsteinstans eller som klageinstans på plan- og bygningsrettens område, som er behandlet innen 12 uker: 100%.



Vi har ikkje hatt saker til handsaming på dette området i 2016.

### 3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Vi har gjennomført dei aller fleste kontrollane, både med kommunar og føretak, slik vi hadde planlagt i kontrollplanen for 2016. Unntaket var kontroll av rekneskapa frå to avløyssarlag, for å sjekke om midlane til landbruksvikar vert brukte i samsvar med regelverket. Dette rakk vi ikkje og har kome til at dette kan sjekkast på anna vis enn ein detaljert gjennomgang av rekneskapa.

Generelt ser vi at kommunane vert flinkare til både å dokumentere eige kontrollarbeid og til å reagere på feil i søknader. Men det er framleis noko ulik praksis i skjønn og reaksjonar.

Vi har for første gong prøvd forvaltningskontroll av fire kommunar samtidig i ein felles kontroll basert på eigenvurdering. Etter vår vurdering var dette vellukka, og vi vil prøve dette vidare.

Vi forvaltar også tilskot til kommunane til veterinærvakt i helgane og utanfor vanleg arbeidstid. Vi får no tilbakemelding frå enkelte kommunar om at det er vanskeleg å få avtale med veterinærar. Bakgrunnen er nok at inntektsgrunnlaget minkar for veterinærene på grunn av færre storfe. Dette gjer at nokre vel å satse på klinikkar for kjæledyr, og i neste omgang syner det seg vanskeleg å rekruttere nye veterinærar inn i vaktordninga.

#### Resultatmål 3.3.1.2.1.1

##### Rapportere på

Gjennomført kontroll av foretak i henhold til kontrollplan.

I kontrollplanen hadde vi sett opp desse føretakskontrollane:

- Erstatning etter avlingssvikt
- Tilskot til tiltak i beiteområde
- Veterinære reiser
- Tidlegpensjon
- Skogkultur
- Tilskot til landbruksvikar

Resultata syner i tabellen nedanfor.

Det vart som nemnt ikkje gjennomført kontroll av avløyssarlaga på tilskot til landbruksvikarar slik det var sett opp i planen.

#### Kontroll av foretak i samsvar med kontrollplan

Foretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Sørsida sankelag, Eid	Tiltak i beiteområde	Ingen	
Gaupne sankelag	Investeringar i beiteområde	Ingen	
46 enkeltpersonar	Tidlegpensjon, sjekka 46 personar som har fått innvilga pensjon.	2 personar har ikkje krav på tilskotet	Krav om tilbakebetaling
Veterinær nr 1.	Tilskot til veterinære reiser	Har rekna moms på utlegg ved leigd skyss	Utbetalt tilskot er endra slik at det ikkje er utbetalt moms på leigd skyss
Veterinær nr 2.	Tilskot til veterinære reiser	Ingen	
17 føretak	Erstatning etter avlingssvikt grovfôr med husdyr	14 søknader manglar vurdering av klimaprocent	Fylkesmannen har endra sin informasjon til søkjarar og kommunane

#### Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Vi har gjennomført kontroll på husdyrkonsesjon. Vi har svært få føretak som ligg i grenseland for konsesjon, og vi har ikkje funne brot på regelverket.

#### Resultatmål 3.3.1.2.1.2

**Rapportere på**

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 pst. av kommunene.

Det vart gjennomført risikobasert forvaltningskontroll i 10 av 26 kommunar i 2016:

I tråd med kontrollplanen vart kontrollen i Førde, Gaular, Jølster og Naustdal gjennomført som eigenvurderingskontroll. Det var første gangen vi prøvde dette. Denne arbeidsforma krev meir førearbeid både frå oss og kommunen, men vi meiner det gir betre læring og oppfølging etter kontrollen. Vi har definitivt inntrykk av at dei kommunane som deltok i eigenvurderingskontrollen, var ærlege og realistiske i vurderinga av egne rutinar. Det er gjennomført forvaltningskontroll innan produksjonstilskot (PT), regionalt miljøprogram (RMP), spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), avløysing ved sjukdom, og ferie/fritid i tråd med planen.

Resultata av kontrollen syner i tabellen nedanfor.

**Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene**

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Gulen	PT med AVL, RMP, Gardskart og SMIL. Kontroll ved besøk.	Manglande dokumentasjon på vurdering av avkorting, manglande vilkår for SMIL-søknadar, forelda SMIL-strategi, mangla formelt bev ved avslag/avvising av søknad.	Kommunen skal korrigere praksis.
Solund	PT, RMP, Gardskart og SMIL	Manglande dokumentasjon på vurdering av avkorting, fatta vedtak utan interne fullmakter, fatta vedtak utan informasjon om klagerett, manglar ved SMIL-søknadar.	Kommunen skulle endre praksis. Avvika er lukka.
Fjaler	SMIL 2015	Ingen avvik.	
Balestrand	SMIL 2015	Ingen avvik.	
Førde	PT med AVL, Gardskart. Gjennomført som eigenvurdering.	Mangelfull arkivering og journalføring av søknadar. Har ikkje vurdert skuldgrad ved avkorting i PT.	Kommunen har lukke avvika.
Naustdal	PT med AVL, Gardskart. Gjennomført som eigenvurdering.	Mangelfull journalføring og arkivering, manglar dokumentasjon på vurderingar ved utplukk av føretakskontroll.	Kommunen skal lukke avvika, frist januar 2017.
Jølster	PT med AVL, Gardskart. Gjennomført som eigenvurdering.	Arkivering i strid med arkivlova, manglar dokumentasjon for utplukk ved kontroll, krev ikkje alltid dokumentasjon på beitedyr, ikkje alltid vurdert avkorting ved feil på arealopplysningar.	Kommunen skulle endre praksis, avvika vart lukka.
Gaular	PT med AVL, Gardskart. jennomført som eigenvurdering.	Mangelfull journalføring og arkivering, manglar risikovurdeirng ved utplukk til kontroll, noko manglar på kontroll på areal, kommunen har tillete søkjar å fylle ut plantevernjournal etter kontroll, mangelfull ajourhald av gardskart, manglar ved vurdering av avkorting, kommunen har retta søknaden til gunst for søkjar etter søknadsfrist.	Kommunen skal endre praksis.
Flora	Avløysing ved sjukdom	Ingen avvik.	
Sogndal	Avløysing ved sjukdom	Ingen avvik.	

**Resultatmål 3.3.1.2.1.3**

**Rapportere på**

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %

Fylkesmannen har fulgt opp alle avvika, og det var berre avvik i Naustdal kommune som ikkje var lukka ved årsskiftet.

For kommunar med mange avvik vil vi følgje med i kva praksis dei har ved seinare søknadsomgangar, og eventuelt følgje opp med ny kontroll.

### 3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Rettstryggleik er prioritert i tilsynsarbeidet i helse-, sosial- og barneverntenesta.

#### Resultatmål 3.3.2.1.1.1

##### Rapportere på

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barneverntjenester: 3 per fylke. Dette innebærer 6 revisjoner for FMOA og FMAV (3 per fylke).

Vi har gjennomført landsomfattande tilsyn med barneverntenesta 2015/2016, kommunens arbeid med oppfølging av meldingar. Dette vart gjort i Gløppen og Jølster. Begge kommunane fekk to avvik. I tillegg vart det gjennomført eigenvurdering i seks kommunar.

Hausten 2016 gjennomførte vi dokumenttilsyn med det interkommunale Sogn barnevern (vert Sogndal kommune), der vi gjekk gjennom over 200 saker frå 2015 og 2016. Tilsynet er avslutta i februar 2017.

#### Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barnevernstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
3	- 1	2

*Grunna eigenvurdering og dokumenttilsyn med Sogn barnevern vart det berre gjennomført to systemrevisjonar jf. LOT 2015/2016.*

#### Resultatmål 3.3.2.1.2.1

##### Rapportere på

Andel nye tvangstiltak regulert i godkjente vedtak som er fulgt opp med stedlige tilsyn: 100%.

I 2016 kom det inn til overprøving 14 tvangstiltak i til saman åtte førstegongsvedtak. Fem av vedtaka er følgde opp med stadlege tilsyn. Dei tre andre vert følgde opp i 2017, fordi dei kom inn seint på året og ikkje er overprøvde enno.

#### Resultatmål 3.3.2.1.2.2

##### Rapportere på

Antall stedlige tilsyn i hvert embete skal økes sammenlignet med 2015.

Det er gjennomført fem stadlege tilsyn i 2016. Dette utgjør 25 prosent av alle brukarar med godkjende eller innsende vedtak om bruk av tvang og makt i Sogn og Fjordane.

#### Stedlige tilsyn etter kap. 9

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2015	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2016
101 %	- 51 %	50 %	10	5

#### Resultatmål 3.3.2.1.3.1

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal ha tatt kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale.

Ved melde tilsyn på barnevernsinstitusjon sender vi alltid informasjon til bebuarane om når vi kjem og om tema for tilsynet. Det går klart fram at vi ønskjer å snakke med alle ungdomane når vi kjem på tilsyn. Ved umelde tilsyn tek vi direkte kontakt med dei ungdomane som er til stades, for å informere om at vi gjerne vil snakke med dei.

#### Resultatmål 3.3.2.1.3.2

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal ha gjennomført samtale med alle barn som ønsker det.

Under tilsyn på barnevernsinstitusjon gjennomfører vi alltid samtale med alle bebuarane som ønsker å snakke med oss. Vi har det siste året hatt faste tema for tilsynet. Ungdomane får likevel alltid starte med det dei er opptekne av eller vil spørje om. Vi skriv notat frå samtalanene. Notat frå samtalanene ligg ikkje som vedlegg til tilsynsrapporten.

#### Resultatmål 3.3.2.1.4.1

##### Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

Ved helseseksjonen var median sakshandsamingstid for hendingsbaserte tilsynssaker 5,6 månader. For omsorgssakene var median sakshandsamingstid 15,4 månader.

Median sakshandsamingstid for hendingsbaserte tilsynssaker om sosiale tenester i Nav var 4,4 månader.

#### Andel tilsynssaker behandlet innen 5 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Helse/omsorg	50 %	2 %	52 %
Sosial	50 %	50 %	100 %

#### Resultatmål 3.3.2.1.4.2

##### Rapportere på

Avslutning av klagesaker: minst 90 prosent innen 3 måneder eller mindre.

Ved helseseksjonen var alle klagesaker handsama innan tre månader.

Ved sosialseksjonen var 79 prosent av sakene handsama innan tre månader.

#### Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Helse/omsorg	90 %	10 %	100 %
Sosial	90 %	- 11 %	79 %

#### Resultatmål 3.3.2.1.4.3

##### Rapportere på

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemming som er overprøvd innen 3 måneder: 100%

Vi har overprøvd 85 prosent av 16 vedtak med b- og c-tiltak innan tre månader.

**Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt**

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
100 %	- 15 %	85 %

**Resultatmål 3.3.2.1.4.4****Rapportere på**

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: 100%

Vi har i 2016 handsama 23 prosent av dei 44 søknadane om dispensasjon frå utdanningskravet innan tre månader.

I alt 77 prosent av søknadene har mangla opplysningar for at vi skal kunne handsame dei. Vi har bede kommunane om utfyllande informasjon, men fristen på tre månader har gått ut før vi har fått nødvendig tilbakemelding frå kommunane.

**Resultatmål 3.3.2.1.5.1****Rapportere på**

Andel ajourførte tilsyn (planlagte og gjennomførte) og saker i NESTOR per 31.12, 30.4. og 31.8.: 100%

Vi ajourfører alle saker i Nestor fortløpande og held såleis fristar for å vere 100 prosent ajour.

**Resultatmål 3.3.2.1.6.6****Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester: 13.

Vi har gjennomført tre tilsyn etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4A.

Vi har gjennomført tre tilsyn med helse- og omsorgstjenester til utviklingshemma. I samband med dette tilsynet fekk seks kommunar tilbod om å delta med eigenvurdering/sjølvmelding.

Saman med Fylkesmannens beredskapseining gjennomførte helseseksjonen tilsyn med kommunal helseberedskap i éin kommune. Totalt er resultatet 11,5 tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester, men det var ikkje mogeleg å fylle inn desimaltal.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
13	- 1	12

**Resultatmål 3.3.2.1.7.3****Rapportere på**

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 3.

Vi har gjennomført tilsyn med sepsis i Helse Vest. Eitt av tilsyna var i vårt fylke. I tillegg har vi hatt ein journalgjennomgang i forkant av tilsynet. Vi deltok ved tilsyna i alle dei fire helseføretaka i regionen. I tillegg var vi med på journalgjennomgang i alle fire helseføretaka. Totalt utgjorde det landsomfattande sepsistilsynet seks tilsyn med spesialisthelsetjenesta.

Vidare hadde vi etter ROS-vurdering tilsyn med Helse Førde, Psykiatrisk klinikk, akutt døgnpst.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten**

Resultatmål	Differanse	Resultat
3	4	7

**Resultatmål 3.3.2.1.8.3****Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester: 4.

Vi har i 2016 gjennomført systemrevisjon med sosiale tenester i Eid. Tilsynet var del av det landsomfattande tilsynet som vart gjennomført i 2015 og 2016, og vi undersøkte om tenestene økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing er tilgjengelege for ungdom i aldersgruppa 17 til 23 år, og om tildelinga og oppfølginga av tenestene er forsvarleg. Vi fann avvik på tilsynsområdet.

Med same tilsynsystema gjennomførte desse kommunane eigenvurdering under vår rettleiing: Askvoll, Balestrand, Førde, Hyllestad, Høyanger, Leikanger, Luster og Årdal. Alle kommunane fann avvik på tilsynsområdet.

Vi inviterte alle kommunane i fylket som ikkje har hatt systemrevisjon på området, til eigenvurdering. Ni kommunar takka ja til å delta, nokre etter særskilt oppmoding frå oss. Jølster trekte seg frå eigenvurderinga etter startmøte, grunna bemanningssituasjonen i kontoret. Dette gjer at vi ikkje heilt nådde målalet for 2016, men fordi vi brukte eigenvurderingstilsyn, skal rett resultat vere 3,7.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
4	- 1	3

*Grunna gjennomføring av eigenvurdering i åtte kommunar, vart det gjennomført berre ein systemrevisjon.*

**3.1.3.4 Økt rettsikkerhet og rettslikhet for vergetrengende**

Gjennom 2016 har vi jobba målretta med prioriteringar, malar og interne rutinar. Saman med nødvendig auke i ressursar har dette ført til god måloppnåing.

Arbeidsbelastinga i 2016 har også vore stor. I første halvår hadde vi stor auke i saker. Mykje kom av at det opna fleire nye asylmottak for einslege mindreårige, som skulle ha representantar og tolkar. Vi fekk tilført ekstra saksbehandlingsressursar, som førte til auka produksjon. I andre halvår hadde vi ein auke i restanse som følgje av at engasjementa til mellombels tilsette tok slutt og saksinngangen fortsatt var høg.

Vi har nådd krava til resultatmåla som var sette for 2016 for saker om oppretting av verjemål, bruk av kapital og godtgjering og utgiftsdekking. I saker om oppnemning av representantar for einslege mindreårige asylsøkjjarar har vi eit avvik på 36 prosent i forhold til resultatmålet. Dette skuldast høg inngang av saker, at det kom mange saker på same tid og at det er tidkrevjande å innhente informasjon.

Vi har gått gjennom alle saker med vedtak om umyndiggjering etter lov av 28. november 1898. Fråtaking av rettsleg handleevne var ikkje aktuelt i nokon av sakene, og alle er vidareførte som ordinære verjemål.

Vi ser at dersom vi skal oppnå krava til resultatmål og samstundes sikre rettstryggleik og rettslikskap for verjetrengande, er tilstrekkeleg med ressursar avgjerande. No er dei fleste asylmottaka for einslege mindreårige avvikla i fylket, så det verste trykket på akkurat det feltet går ned. Men løyvinga vår er framleis dimensjonert ut frå at vi skal handtere om lag 1 100 verjemål, slik vi hadde då verjemålsreforma vart sett i verk i juli 2013. Ved årsskiftet til 2017 hadde vi over 50 prosent meir, 1 717 verjemål.

Restansen er raskt aukande. Vi vil ikkje klare resultatkrava for sakshandsamingstid i 2017, trass i justeringane som er gjorde i endeleg tildelingsbrev. Vi er lite tilgjengeleg for verjer og personar under verjemål gjennom to timar telefonvakt kvar dag. Dette må reduserast meir utover hausten, dersom vi ikkje har meir ressursar. Vi fører ikkje tilsyn med verjer utover oppfølging av det mest alvorlege (straffbare tilhøve) vi blir tipsa om. Kapitalforvaltninga har vi ikkje kunna prioritere frå 2013 og fram til no, og vi vil ikkje kunne ta tak i år heller. Opplæring av verjer er redusert til eit minimum. I rekneskapsgjennomgangen vil vi måtte avgrense til utdraget på 15 prosent.

Vi strekar under at vi gjer vårt beste, men situasjonen er vanskeleg og belastninga stor på dei tilsette. Dersom ikkje Justis- og beredskapsdepartementet tek grep, vil det få konsekvensar.

**Resultatmål 3.3.3.1.1.1****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi alle nye oppnevnte verger og representanter opplæring i form av kurs og/eller individuelle samtaler.

Ved oppretting av verjemål gjennomfører vi samtalar med alle som skal oppnemnast som verjer eller representantar. Elles viser vi

til verjemålsportalen, og ber verje og representant kontakte oss dersom dei har spørsmål eller ønskjer rettleiing.

I løpet av våren hadde vi tre samlingar for våre representantar. To av samlingane var i samband med oppretting av nye mottak for einsleg mindreårige asylsøkjjarar, medan ei samling var felles for alle representantane i fylket.

Vi gjennomførte tre samlingar for nærstående, alminnelege og faste verjer i løpet av hausten.

#### Resultatmål 3.3.3.1.1.2

##### Rapportere på

Alminnelige og faste verger skal ha tilbud om å delta på minst ett kurs/samling for verger i løpet av året.

Alle nærstående, alminnelege og faste verjer fekk tilbod om å delta på verjesamlingar i 2016. Vi gjennomførte tre samlingar, ei i kvar region i fylket.

#### Resultatmål 3.3.3.1.2.1

##### Rapportere på

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 2 måneder.

Vi nådde resultatmålet om å opprette verjemål i 80 prosent av sakene innan 60 dagar. Vi har prioritert saker om oppretting, og jobba målretta med malar og rutiner på dette området. I dei sakene som går over fristen, ser vi at det som oftast skuldast innhenting av ytterlegare opplysingar.

#### Saksbehandlingstid - Opprett vergemål, andel vedtak fattet innen 2 måneder

Resultat	Resultatmål	Differanse
85 %	80 %	5 %

#### Resultatmål 3.3.3.1.2.2

##### Rapportere på

Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker – 90 % av vedtakene skal være fattet innen 5 dager.

Vi nådde ikkje resultatmålet om å oppnemne representantar for einslege mindreårige asylsøkjjarar innan fem dagar i 90 prosent av sakene. Vi nådde målkravet i 54 prosent av sakene.

Behandling av saker knytte til einslege mindreårige asylsøkjjarar har vore ei prioritert oppgåve i 2016. Vi hadde stor auke i saker, og fekk difor tilført ekstra ressursar til saksbehandling. Fristbrot i sakene skuldast hovudsakleg stor pågang av saker, og at mange av sakene kom samstundes. Vår erfaring er også at innhenting av tilstrekkeleg informasjon i sakene, er tidkrevjande.

#### Saksbehandlingstid - Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker, 90% innen 5 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
54 %	90 %	- 36 %

Fristbrot i desse sakene skuldast hovudsakleg stor pågang av saker. Innhenting av informasjon er tidkrevjande, og mange av sakene kom på same tid.

#### Resultatmål 3.3.3.1.2.3

##### Rapportere på

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital -gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 4 uker.

Alle saker om samtykke til bruk av kapital blei behandla innanfor målkravet på fire veker, og med eit gjennomsnitt på 16 dagar.

**Saksbehandlingstid - Samtykke til bruk av kapital, snitt ikke over 4 uker**

Resultat	Resultatmål	Differanse
16	28	12

**Resultatmål 3.3.3.1.2.4****Rapportere på**

*Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter - gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 6 uker.*

Vi har hatt ein merkbar auke i søknader om godtgjøring og utgiftsdekning til verjer og representantar. Dette skuldast auke i saker som gjeld einslege mindreårige asylsøkarar.

Vi er godt innanfor målkravet, og har ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 24 dagar. Dette ser vi som eit resultat av målretta arbeid med malar og rutinar, i tillegg til at vi har utarbeidd nytt søknadsskjema for godtgjøring og utgiftsdekning til representantar.

**Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter, under 6 uker**

Resultat	Resultatmål	Differanse
24	42	18

**3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk****3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene**

I vårt fylke har vi etablert eit samarbeidsforum der alle partar i sektoren er med. Gjennom dette har vi laga eit felles årshjul med fastlagde aktivitetar for det neste året.

Vi ser at våre samlingar om regelverk vert høgt prioritert og får gode tilbakemeldingar. Vi meiner også å sjå ei heving av kompetanse og medvit om regelverket i sektoren.

Deltakinga i vidareutdanning har dei seinare åra vore høg. I 2016 var vi eitt av tre fylke som fekk tilby regionale kurs i *Kompetanse for kvalitet*. Dette gjorde at ein del kommunar sende fleire lærarar på same vidareutdanninga. For å hente ut maksimal gevinst av ei slik satsing krev det at skuleeigarar og skuleleiarar er "tett på" i alle fasar av opplæringa - planlegging, gjennomføring og etter fullført kurs.

**Resultatmål 3.4.1.1.1.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015», Rapport 19/2015 NIFU 76 % av kommunene svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever Oppvekst- og utdanningsavdelingen som en viktig medspiller for kommunen for å sikre utvikling, læring og god kvalitet i barnehagen og opplæringen.

I rapporten *Spørsmål til barnehage-Norge* på spørsmålet om kor viktig Fylkesmannen er for å sikre utvikling og god kvalitet på barnehageområdet, kjem Sogn og Fjordane ut med 3,8 poeng. Det er ti kommunar som har svara, og svara spenner frå 1 til 5.

Vårt resultat er likt med landssnittet for 2016. Landssnittet i 2015 var 3,7 poeng.

I same rapport på spørsmålet om kor viktig Fylkesmannen er for å sikre utvikling og god kvalitet på barnehageområdet, kjem Sogn og Fjordane ut med 3,6 poeng. Her er det åtte kommunar som har svara. Landssnittet i 2016 er på 3,8. Vi finn ikkje tilsvarande måltal for 2015.

**3.1.5 Gjennomførte evalueringer**



## Brukarundersøkingar

Sommaren 2015 gjennomførte vi ved hjelp frå Difi ei undersøking der vi bad rådmenn og ordførarar i alle kommunar om å svare på spørsmål om samhandlinga med oss. Undersøkinga byggjer på den landsfemnande kommuneundersøkinga for alle fylkesmenn, som vart gjennomført i 2010. Difi skriv i rapporten at hovudintrykket er at ordførarar og rådmenn har eit positivt inntrykk av oss. Vi får mellom anna positive tilbakemeldingar om kommunikasjon og tillit, at vi har god kunnskap om fylket, at vi er ein god talsmann for fylket overfor sentrale styremakter, at vi løyser oppgåvene som klageinstans godt, at tilsyn er nyttige, og at vi gjev god støtte i kommunereforma. Vi har klarert med KMD at vi ikkje trong gjennomføre ny brukarundersøking i 2016.

Vi vil likevel nemne at kravet i fellesføringane om å gjennomføre ei uspesifisert brukarundersøking, der det er opp til kvar fylkesmann å avgjere korleis, skapar ein tidstjuv. Etter vårt syn ville det vere betre at KMD og arbeidsutvalet for fylkesmennene vart samde om ein felles mal for brukarundersøking som gjer det enkelt å samanlikne fylkesmannsembeta, og der kvart embete ikkje brukar krefter på å finne ut kva type brukarundersøking som skal gjerast.

### 3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks

#### Lærling

Vi har ein IKT-lærling. Læretida hans vert avslutta i februar 2017. Vi planlegg å ta inn ny læring frå hausten 2017.

#### Tolking i offentleg sektor

For å følge opp NOU 2014:8 har Fylkesmannen starta Forprosjekt – Kvalitetssikra tolketenester for flyktingar og asylsøkarar i region vest, og fått løyvd kr. 100 000 over kapittel 765 post 21. Vi har gjeve Vestlandsforskning eit tredelt oppdrag: Systematisere tilgjengeleg informasjon og etablere opplegg for kartlegging, dialog med kommunar og Nav lokalt for å avdekke kvalitet på tolketenester og komme med forslag til forbetringstiltak. Fylkesmannen har dialog med Helse Førde og Skiwo (som utarbeider av tolkeportalen Tikk Talk) om vidare samarbeid for sikring av betra kvalitet for tolking i offentleg sektor. Vi ser dette som eit viktig tiltak for å sikre likeverdige tenester og rettstryggleik for våre innbyggjarar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

#### Internrevisjon i statlege verksemdar

Vi har vurdert bruk av internrevisor i samsvar med krava i Finansdepartementet sine retningslinder, og kome til at vi ikkje skal gjennomføre internrevisjon.

#### Interne tidstjuvar

Gjennom prosjektet Digital tenesteutvikling har vi lansert skjemaet "sikker melding til fylkesmannen". Dette var ein av dei brukarretta tidstjuvane vi melde inn i 2015. Skjemaet er nasjonalt, og tilgjengeleg for alle embete. Det er mykje brukt.

Vi legg heile tida vekt på å forbetre arbeidsprosessane våre, og vi har halde fram arbeidet vi starta i 2014 om tidstjuvar. I 2016 har vi halde fram arbeidet med sakhandsamlingsrutinane våre ved at vi, innanfor nokre saksområde, har forenkla malar og differensiert dei meir enn før for å prioritere dei vanskelegaste sakene slik at vi kan gå grundigare inn i dei. Vi brukar også Outlook til å styre tida vår i større grad enn før, for å sikre tid til saksbehandling. Nettsidene våre er også i år forbetra for å få færre telefonar. Vi har arbeidd med å legge til rette for strøyming av konferansar og bruk av video framfor å reise. Samtidig arbeider vi med korleis vi kan gjere tilsyn meir effektive, med betre erfaringsutveksling og betre bruk av og kunnskap om IKT-verktøy.

Vi starta også eit prosjekt der vi såg heilskapleg på korleis vi kan arbeider smartare og meir effektivt. Gjennom prosjektet har vi samordna tre konferansar som tidlegare var enkeltarrangement, og vi har gjennomført opplæring for superbrukarar i videoutstyr slik at terskelen for å erstatte fysiske møte med videokonferansar skal vert endå lågare. Vi er ikkje heilt i mål med prosjektet, og skal i 2017 gjennomføre systematisk opplæring i bruk av IKT-verktøy. Opplæringa skal evaluerast slik at vi kan skaffe oss kunnskap om opplæringa har gitt oss meir kompetanse og gjort oss meir effektive.

#### Vesentlege avvik

Verjemål: Vi har på same måte som i 2015 prioritert ned tilsyn, kapitalforvaltning, hatt færre opplæringsksamlingar på grunn av stor inngang og høg restanse. Mange nye saker samstundes og stort press på andre aktørar vi er avhengige av, har ført til at vi ikkje har klart å halde tida for oppnemning av representantar for einsleg mindreårige asylsøklarar.

Barnevern, familievern og krisesenter: Vi prioriterte etter ei risikovurdering ned det eine individtilsynet (av to vi skulle ha utført) på dei to statlege institusjonane våre (tre avdelingar). Vi gjennomførte heller ikkje tilsyn med ansvaret til kommunane for krisesentertilbodet og med dei to familievernkontora (tre avdelingar). Grunnen var at to av dei tilsette på området var sjukmelde delar av hausten, og at vi prioriterte å slutføre eit stort og omfattande tilsyn med den største barneverntenesta i fylket.

Helse: Vi prioriterte ned eit planlagd tilsyn. Vi prioriterer klagene over rettar først, der vi i 2016 ikkje hadde noko sak ut over 3 mnd. Andreprioritet har vore hendingsbaserte tilsyn, der vi har for mange restansar og for lang handsamingstid, median 5,6 mnd i

2016.

Elles har vi på fleire område prioritert ned rettleiing, oppfølging og motivering, og konsentrert oss om sakshandsaming og tilsyn. Vi har gjort greie for dette på dei særskilte områda i årsrapporten.

### 3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

#### Rapporteringskrav 7.3.1.1.1

##### Rapportere på

Kort beskrivelse av aktiviteten på området «Bolig for velferd»

Tre kommunar i Sogn og Fjordane; Førde, Flora og Sogndal, er programkommunar og deltek i Husbankens velferdsprogram på det bustadsosiale området. Fylkesmannen er representert i samordningsutvalet for arbeidet, og sikrar gjennom det at kommunane med dei største utfordringane på bustadområdet legg vekt på arbeidet. Vi har delteke på møta til Husbanken med programkommunane.

Fylkesmannen har ein representant i referansegruppa i den eine programkommunen, men har ikkje vore innkalla til møte i 2016.

#### Rapporteringskrav 7.3.1.1.2

##### Rapportere på

Hvordan har FM bistått i arbeidet med å koordinere og samordne de boligsosiale tilskuddsmidlene ut mot kommunen/NAV-kontor?

Tre kommunar; Leikanger, Sogndal og Luster, har fått tilskot til bustadsosialt arbeid i 2016. Vi la vekt på at desse kommunane er nabokommunar og hadde ganske like søknader og at dei ser føre seg å utvikle eit godt interkommunalt samarbeid på det bustadsosiale området.

For at alle kommunar skal kjenne til tilskotsordninga og dei statlege føringane for bustadsosialt arbeid, har dette vore tema på samling for Nav-leiarar.

Internt i embetet samarbeider vi om tildeling av tilskot på rus, bustadsosialt arbeid og barnefattigdomsområdet.

Vi gir ellers råd og rettleiing på telefon og ved oppfølging av tilskotsordningane.

#### Rapporteringskrav 7.3.1.1.3

##### Rapportere på

Hvilke kompetansehevende tiltak er gjennomført på det boligsosiale feltet?

Helse- og sosialavdelinga og miljøvernavdelinga har samarbeidd om regionvise nettverkssamlingar for kommunane. Tema har blant anna vore bustadsosialt arbeid retta inn mot bustad og integrering av flyktingar og heilskapleg planlegging i kommunane.

#### Rapporteringskrav 7.3.1.2.1

##### Rapportere på

Beskriv situasjonen for KVP i fylket, i tillegg:

- Får de som har krav på det, tilbud om program?
- Hva kjennetegner kontor som arbeider godt med ordningen?
- Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP?
- Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP?

Per november 2016 var det 44 deltakarar i kvalifiseringsprogrammet (KVP) i fylket.

Fylkesmannen får lite spørsmål om KVP. Det er svært sjeldan brukarar tek kontakt om tenesta, og få Nav-tilsette ringer for å få råd og rettleiing. I 2016 hadde vi ingen klagesaker om KVP.

Vi vurderer å ha eit godt samarbeid med Nav fylke, som har eigen kontaktperson for KVP. Vi har laga felles kompetanseplan og gjennomfører opplæring for nyttilsette i Nav saman. Det viktigaste på denne samlinga, som vi har to gonger i året, er innføring i dei fem sosiale tenestene, medrekna KVP. Vi har faste samarbeidsmøte med Nav fylke og prøver å møte på kvarandres aktivitetar ut mot Nav-kontora. Nav fylke sin kontaktperson for KVP, får også svært sjeldan spørsmål om KVP.

For å få oversikt over KVP tok vi våren 2016 kontakt med alle Nav-leiarane i fylket. Mange av deltakarane i KVP i fylket var då flyktningar og innvandraranar. To kommunar ønskte opplæring i KVP og vi gjennomførte opplæring på dei aktuelle Nav-kontora. Hausten 2016 tok vi igjen kontakt med to kommunar som ikkje har hatt deltakarar i KVP over tid, for mellom anna å tilby råd og rettleiing, men dei takka nei. Vi vil følgje opp kommunane vidare.

Vi har i 2016 hatt KVP som tema på fleire Nav-leiarsamlingar. Vi har mellom anna lagt vekt på fattigdom og erfaringsutveksling om kva Nav-kontora kan gjere for å nå fram med målretta tiltak til barn, unge og familiar, for å førebyggje at fattigdom går i arv. Vidare har vi hatt erfaringsutveksling i grupper om korleis Nav-kontora sikrar at alle som har rett til KVP, får tilbod om det.

Vi har ytt tilskot til kommunar som har gått saman og laga nettverk om dei sosiale tenestene. Fylkesmannen har, etter førespurnad, delteke på ei samling og gått gjennom av regelverket for dei sosiale tenestene.

Fleire mindre kommunar melder om at dei ikkje har aktuelle kandidatar til KVP. Dei har få brukarar som får økonomisk stønad som hovudinntektskjelde over tid, og dersom dei har det, brukar dei gjerne statlege tiltak for å få brukarane i arbeid og aktivitet.

Vi har grunn til å tru at ikkje alle personar som har rett til KVP i Sogn og Fjordane, får tilbod om programmet. Det er få deltakarar i KVP i fylket og vi meiner at programmet ikkje vert prioritert av Nav-kontora.

Kva kjenneteiknar kontor som arbeider godt med ordninga: Nokre kommunar melder frå om at dei ikkje har vanskar med å finne aktuelle kandidatar til KVP. Dette seier mellom andre dei to største kommunane i fylket, som har hatt deltakarar i KVP over tid. Kommunar som lukkast med KVP, har hatt deltakarar over tid og vurderer å ha kompetanse på programmet i Nav-kontoret.

Vi opplever at Nav-kontora har følgjande utfordringar med KVP: Arbeid med KVP vert ikkje prioritert i ein travel kvardag på Nav-kontora. Det er eitt av mange arbeidsretta tiltak, og mange kommunar melder at dei heller nyttar statlege arbeidsretta tiltak for å få brukarar i arbeid og aktivitet. Nokre kommunar melder at KVP vert opplevd byråkratisk og ressurskrevjande. Andre kommunar melder frå om at det er utfordrande å lage gode, individuelt tilpassa program og følgje opp deltakarar på ein tett og god måte. Mange deltakarar i KVP er svaktfungerande og treng truleg oppfølging over lengre tid enn det er høve til i KVP.

Dei viktigaste utfordringane for Fylkesmannen i arbeidet med KVP: Arbeid med KVP vert ikkje prioritert og er framleis ikkje godt nok forankra hjå kommunale leiarar og tilsette i Nav-kontora.

### Rapporteringskrav 7.3.2.1

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

Vi måtte i 2016 prioritere bort tilsyn med ansvaret til kommunane etter krisesenterlova.

#### Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

<b>Totalt antall kommuner i fylket</b>	26
<b>Antall krisesentertilbud i fylket</b>	1
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2014</b>	0
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2014</b>	0
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2015</b>	0
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2015</b>	10
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2016</b>	0
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2016</b>	0

### Rapporteringskrav 7.3.2.2

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på status når det gjelder tilbudet i kommunene til voldsutsatte med problemer knyttet til rus og/eller psykiatri, voldsutsatte med nedsatt funksjonsevne og tilbudet til voldsutsatte menn.

Alle kommunane er knytte til krisesenteret i Florø. Frå krisesenteret får kommunane informasjonsmaterieill som femner om desse målgruppene.

**Rapporteringskrav 7.3.2.3****Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggjeler av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Det har ikkje vore nedlegging eller reduksjon i tilbod.

**Rapporteringskrav 7.3.2.4****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på erfaringene med gjennomføring av opplæringsprogram og antall deltakere i opplæringstilbudet for ulike faggrupper i å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep.

I samarbeid med RVTS Vest gjennomførte vi i 2016 to samlingar med temaet *Tverrfagleg kurs i samtale med barn om vald og seksuelle overgrep*. Målgruppe var alle tilsette i aktuelle kommunar som arbeider med barn og unge, og deltakarane representerte helsestasjon, barnehage, grunn- og vidaregåande skule, barnevern, PPT, SFO, avdeling for funksjonshemma, psykisk helseteneste, politi, tannhelsetenesta og barneverninstitusjonar. Totalt hadde vi 135 deltakarar.

**Rapporteringskrav 7.3.2.5****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigingslova i årsrapporten.

I 2016 har vi gjeve 189 separasjonar og 134 skilsmisser.

I 2016 handsama vi 21 saker om godkjenning av utanlandsk separasjon/skilsmisse, og 15 søknader om fritak for plikta til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død.

**Rapporteringskrav 7.3.2.6****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

Vi har har ikkje hatt saker på området i 2016.

**Rapporteringskrav 7.3.2.7****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling.

Vi har rettleidd publikum på telefon nokre få gonger. Rettleiinga har særleg vore om reisekostnader ved samvær. Publikum trur gjerne at Fylkesmannen har mynde til å avgjere desse sakene i større grad enn det vi har, og ein del av rettleiinga blir difor kva som

er Fylkesmannens oppgåve.

### Rapporteringskrav 7.3.2.8

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Fylkesmannen handsama fem saker om biologisk opphav i 2016.

### Rapporteringskrav 7.3.2.9

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på tilsyn med familievernkontorene.

Vi har i 2016 prioritert bort tilsyn med familievernkontor.

### Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015	Antall gjennomførte tilsyn i 2014
2	0	0	0

### Rapporteringskrav 7.3.2.11

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Helse- og sosialavdelinga har samarbeidd med miljøvernavdelinga om universell utforming i fråsegner til kommunalt planarbeid. Universell utforming har vore tema i innspel til kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Her har vi også sett på behovet for tilrettelegging og lågterskeltilbod for at tradisjonelt inaktive grupper av befolkninga skal delta. Mange av desse skil seg ut med omsyn til meistringsnivå, interesser, utstyr og betalingsevne. I mange av fråsegnene har vi oppmoda om at ein tek med representantar frå grupper ein ønskjer å inkludere i arbeidet med å finne treffsikre tiltak og å minske hinder for deltaking.

Universell utforming har vore tema i fråsegner til kommunale planstrategiar og samfunns- og arealdel av kommuneplanar.

Miljøvernavdelinga har saman med fylkeskommunen koordinert læringsnettverk for planleggarar i fylket. Her har universell utforming og deltaking vore tema på tre regionale samlingar. To tilsette i KMD heldt innleiingar og tok imot innspel på to av nettverkssamlingane.

### Rapporteringskrav 7.3.2.12

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016–2020 viser at kjønnsbalansen i aldersgruppa 25 til 45 er skeiv i dei fleste kommunane, ved at det er fleire menn enn kvinner. Kvinner er generelt underrepresenterte i viktige funksjonar i samfunnet og næringslivet, og slik er det også i Sogn og Fjordane. Den regionale planstrategien er tydeleg på at fylket må betre attraktiviteten for kvinner innan både utdanning og arbeidsliv. Strategien viser behovet for at offentleg og privat sektor skal sette i verk tiltak for å auke attraktivitet til fylket for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden. Dette har lagt til rette for at utfordringane også er presenterte i fleire av dei kommunale planstrategiane, som eit tema for vidare arbeid.

I landbrukssektoren eig eller driv kvinner under 20 prosent av gardsbruka i aktiv drift. Men kvinnelege søkjarar hevdar seg svært godt ved søknader om bedriftsretta utviklingsmidlar frå Innovasjon Noreg. I 2016 vart 74 prosent av utviklingsmidlane nytta til kvinneretta prosjekt. Ved søknad om midlar til bedriftsutvikling kan kvinner få inntil 75 prosent til mjuke investeringar, medan

mannlege søkjarar kan få inntil 50 prosent.

I 2016 var det 9,4 prosent menn av dei tilsette i barnehagane i fylket, ein auke med 0,8 prosent frå 2015.

Søkjartalet til barnehagelærarutdanninga ved høgskulen er stabilt. Høgskulen legg i tillegg til grunnutdanninga, til rette for desentralisert etter- og vidareutdanning, tilpassa lokale og regionale behov. Kommunane og regionane arbeider aktivt med rekruttering. Ei utfordring er små barnehageeiningar og ein avgrensa arbeidsmarknad, som kan gjere det mindre interessant å søkje jobb som barnehagelærar.

*Gutar som leikeressurs* er løfta opp som eit prosjekt. Tre kommunar deltek. Evaluering frå gutane som deltok syner at dei har fått god kjennskap til barnehagen som arbeidsplass, og at det er eit variert, krevjande, men travelt yrke. Skal ein rekruttere fleire menn til yrket må vi nå dei ungdomane som bur her med langsiktige tiltak som det nemnde prosjektet. Vi har prioritert leikeressursprosjektet som ein del av rekrutteringsarbeidet, og tildelt midlar til dei tre kommunane som ville halde fram.

Fylkesmannens [Inn på tunet-prosjekt](#) starta opp att i 2016, og tiltak i handlingsplanen for prosjektet er gjennomførte. Dette er mellom anna kompetanseheving, kvalitetssikring og informasjon om korleis kommunar kan nytte *Inn på tunet* i sine tenester og tilbod.

Verdigrunnlaget i verjemålslova handlar om å ta i vare rettane til menneskje med nedsett funksjonsevne. Det inneber at vi som verjemålsstyremakt skal sørge for at vaksne som ikkje er i stand til å ta hand om egne interesser, menneske med nedsett funksjonsevne og barn utan verje får den hjelpa dei treng. Vi gjennomførte fem samlingar for verjer og representantar i 2016, der vi gav opplæring og rettleiing i korleis dei skal utføre oppdraget i tråd med lova. I tillegg deltok vi på samlingar for pårørande til demente, for å orientere om kva rettar dei har etter lov.

#### Rapporteringskrav 7.3.3.1.1

##### Rapportere på

Antall årsverk fordelt på ulike personellgrupper og antall personell som har deltatt i kompetansehevende tiltak jf. tidligere års rapporteringer.

Frå 2014 til 2015 auka ifølgje Statistikkbanken talet på årsverk med fagutdanning i brukarretta pleie- og omsorgstenester i fylket, med 58 årsverk. I alt 35 av årsverka var høgskule- og universitetsutdanna, og 23 av årsverka var for fagutdanna med vidaregåande opplæring. Det er størst auke i talet på sjukepleiarårsverk med ulike vidaregåande utdanningar. Helsefagarbeidarårsverka auka med 32 årsverk. Samstundes er det nedgang i talet på hjelpepleiar- og omsorgsarbeidarårsverk med om lag 36 årsverk i same periode. Det er framleis auke i talet på årsverk utan helse- og sosialfagleg utdanning.

Ifølgje kommunane sine rapporterte tal for 2015 hadde 63 tilsette fullført helsefagleg utdanning på vidaregåande skule-nivå i 2015. 120 tilsette var framleis under slik utdanning. Seks tilsette hadde avslutta fagskuleutdanning, medan 26 tilsette framleis var under utdanning. Av 86 tilsette som tok bachelorutdanning i helse- og sosialfag, hadde 12 avslutta utdanninga dette året. I alt 37 tilsette hadde avslutta ulike vidareutdanningar/masterutdanning. Kommunane rapporterte at 82 tilsette framleis var under utdanning i denne gruppa. I alt 497 tilsette hadde delteke på ulik internopplæring, mellom anna ABC-opplæring. 548 tilsette deltok framleis på slik opplæring. I alt 66 tilsette deltok i opplæring om BPA-ordninga.

Vi syner også til rapporteringa vår i brev til Helsedirektoratet 9. mai 2016 og 24. juni 2016.

#### Rapporteringskrav 7.3.3.1.2

##### Rapportere på

Gi en samlet vurdering av utviklingen for kompetanse og årsverk for kommunene i fylket for det tidligere Kompetanseløftet 2015s planperiode.

Vi syner her til rapporteringa vår i brev 24. juni 2016 til Helsedirektoratet.

Det har vore ei positiv årsverkutvikling i planperioden til Kompetanseløftet 2015. Kostra-tala for dei siste par åra kan likevel tyde på stagnasjon, og også reduksjon i talet på årsverk for nokre personellgrupper i pleie- og omsorgstenestene. Kompetansen til personellet som arbeider i tenestene, har auka i planperioden. Det er framleis ein for stor del tilsette utan helse- og sosialfagleg utdanning som arbeider i helse- og omsorgstenestene i fylket. Tenestene til personar med utviklingshemming er eit av tenesteområda med utfordringar både for rekruttering og kompetanse.

#### Rapporteringskrav 7.3.3.2.1

**Rapportere på**

Planlagte tilsyn etter forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner skal rapporteres i årsrapport for fylkesmannens tilsyn med barnevernet innen 20. januar 2017, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjoner for omsorg og behandling, § 14.

Vi har gjennomført tolv tilsyn ved dei tre avdelingane i Stiftelsen Klokkergården. Tema har vore oppfølging av skularbeid og dagtilbod, rusmiddeltesting, bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel, politiattestar for tilsette og oppfølging av barnets rett til medisinsk tilsyn og behandling. Vi peikte på lovbrøt ved ni av tilsynsbesøka.

I tillegg har vi gjennomført eit tilsynsbesøk ved kvart av dei statlege barnevernsinstitusjonane. Tema har vore oppfølging av skularbeid og dagtilbod, og oppfølging av barnets rett til medisinsk tilsyn og behandling. Vi fann ikkje lovbrøt.

**Rapporteringskrav 7.3.4.1****Rapportere på**

FylkesROS og oppfølgingsplan:

- Når ble siste analyse gjennomført?
- Foreligger oppfølgingsplan, i så fall når ble den sist oppdatert?
- Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

Fylkes-ROS vart ferdigstilt og publisert i april 2013. Tema og omfang var drøfta i fylkesberedskapsrådet, og analysen vart òg lagt fram for rådet før publisering. Fylkesberedskapsrådet vedtok ein oppfølgingsplan. Status og oppfølging av planen har sidan vore fast tema på møta i fylkesberedskapsrådet. Tiltaka i planen er i det alt vesentlege følgde opp.

Forutan etatane og organisasjonane i fylkesberedskapsrådet var fleire kommunar og ein del regionale og nasjonale aktørar (t.d. Fjord1, Avinor og Norkring) involvert i arbeidet med analysen.

Fylkes-ROS er ein viktig del av grunnlaget for vår eiga beredskapsplanlegging. Analysen er òg svært nyttig som grunnlag for informasjon og presentasjonar om samfunnstryggleik. Fylkes-ROS vert brukt som eit viktig kunnskapsgrunnlag for val av scenario for øvingar i fylket. I 2015 starta arbeidet med revisjon av analysen, og arbeidet heldt fram i 2016.

Analysen var tema på det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet og også på møtet i januar 2017. Det har vore tett dialog med aktørane i rådet og andre relevante aktørar i fylket for å kvalitetssikre analysen. Fylkes-ROS er planlagt ferdigstilt i april 2017. Vi lagar ein oppfølgingsplan ved ferdigstillinga som skal følgjast opp i fylkesberedskapsrådet.

Det er eit viktig mål at Fylkes-ROS gir uttrykk for beredskapsstatane si felles forståing av risiko- og sårbarheitsutfordringane i fylket, og ei sams forståing for tiltak for oppfølging. Forankringa av analysearbeidet i fylkesberedskapsrådet er eit viktig bidrag for å sikre dette.

**FylkesROS og oppfølgingsplan**

Når ble siste fylkesROS gjennomført?	Foreligger oppfølgingsplan?	Hvis ja, når ble den sist oppdatert?
2013 eller tidligere	Ja	2013 eller tidligere

**Rapporteringskrav 7.3.4.2****Rapportere på**

Kort beskrivelse av etablerte ordninger for raskt å kunne motta og videreformidle varsel om uønskede hendelser og beredskapsmeldinger.

Vi fekk i 2016 ei rekkje varsel for vidareformidling til kommunane og andre aktørar. Hovuddelen av varslingane var frå NVE, og gjaldt auka fare for flaum, jordskred og snøskred.

Embetet har ikkje noko etablert vaktordning for å ta i mot og formidle vidare varsel utanom ordinær kontortid. Responsen vår på meldingar som kjem på ettermiddagar, kveldar og i helgar er såleis avhengig av at dei tilsette på beredskapseininga fangar opp varselet, og er på ein stad der det er mogleg å sende meldingar frå, og har tilgjengeleg teknisk utstyr til å kunne gjere det.

Dersom det kjem meldingar på det graderte sambandssystemet, vil vi ikkje fange opp utan at det òg kjem ei tekstmelding eller anna

ugradert varsel om at det er sendt ut melding. Mottak, repons og vidarevarsling av slike meldingar er avhengig av at nokon av det autoriserte personellet ikkje er i lang avstand frå Statens hus.

Det kom ikkje varsel i 2016 som ikkje fekk ei god nok oppfølging innan kort tid.

Det er viktig å gjere endringar i ordninga med at Fylkesmannen vidareformidar varsel på gult nivå frå NVE. Direktoratet har lenge arbeidd med eit abonnementssystem for varsel om fare på dette nivået. Vi vil sterkt oppmode om å få fortgang i denne prosessen. Det vil redusere omfanget av varsel, og samstundes vil færre varsel bidra til å redusere faren for ein uheldig "ulv, ulv"-effekt.

### Rapporteringskrav 7.3.4.3

#### Rapportere på

Gjennomført revisjon av beredskapsplan.

Beredskapsplanen blei sist revidert i 2016.

### Gjennomført revisjon av beredskapsplan

#### Når ble siste revisjon av beredskapsplanen gjennomført?

2016

### Rapporteringskrav 7.3.4.4

#### Rapportere på

Hovedfunn fra øvelse av kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan følges disse opp.

DSB hadde beredskapsgjennomgang med embetet 4.-5. oktober. Gjennomgangen omfatta mellom anna ei fire timars øving for kriseorganisasjonen.

I etterkant av øvinga hadde vi ei intern evaluering. DSB gav i sin evalueringsrapport ei svært positiv tilbakemelding på korleis embetet arbeider med beredskap og krisehandtering. Direktoratet skreiv m.a. at vi jobbar heilskapleg og systematisk, og at embetsleiinga prioriterer fagområdet. Det vart halde fram som særleg positivt korleis vi utøver det regionale samordningsansvaret.

DSB hadde nokre forslag til forbetringar, m.a. at vi gjer tiltak for å sikre redundans i kriseorganisasjonen. Det kan gjerast ved å ha øvingar der òg vararepresentantar for nøkkelpersonar i kriseleiinga deltek, og ved å syte for at fleire kan utføre stabsoppgåver. Ei anna tilråding var å gjere tiltak som kan sikre ei betre felles situasjonsforståing. DSB føreslo å vurdere bruk av meir visuelle hjelpemiddel for å få det til.

Vi har laga ein plan for oppfølging av forslaga til forbetringar frå både evalueringa til DSB og frå den interne evalueringa.

### Hovedfunn fra øvelse i kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan disse er fulgt opp

#### Når ble siste øvelse med embetets kriseorganisasjon sist gjennomført?

2016

### Rapporteringskrav 7.3.4.5

#### Rapportere på

Status revisjon av underliggende planverk i regionen knyttet til nasjonale beredskapstiltak

Embetet deltok på kurs i SBS i regi av Justis- og beredskapsdepartementet.

Arbeidet med SBS har vore tema på fleire fagsamlingar og møte med DSB. Alle embeta har valt å ha ei felles tilnærming til dette arbeidet, m.a. ved å etablere ei arbeidsgruppe som skal sjå på felles formuleringar av regionale beredskapstiltak.

### Rapporteringskrav 7.3.5.1



**Rapportere på**

Opplys hvilke tiltak som er gjennomført i tabellen for prioriterte skipsverft i 2016. Kommentarer til de ulike lokalitetene må legges i den store tekstblokka.

Annen rapportering knytta til økonomi må ved behov gjøres i den store tekstblokka.

**Prioriterte skipsverft**

Navn på prioriterte skipsverft	Undersøkelser	Behov for tiltak	Tiltaksplan land	Tiltak land	Tiltaksplan sjø	Tiltak sjø
Solund Verft AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	
Westcon Yard Florø AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Stad Yard AS	Varsel, Pålegg					
Ankerløkken Eigedom AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg			

**Rapporteringskrav 7.3.6.1.3****Rapportere på**

Fylkesmannen skal med samme frist som årsrapporten, sende en egen rapport om sikkerhetstilstanden til KMD. Rapporten skal særskilt redegjøre for oppfølgingen av de eventuelle mangler og avvik som embetet har identifisert ved forrige rapportering. Fylkesmannen må vurdere nivå på sikkerhetsgradering på rapport om sikkerhetstilstand som sendes KMD.

Vi har sendt rapport om tryggleikstilstanden til KMD. Rapporten er sikkerhetsgradert og blir difor ikkje omtalt her.

**Rapporteringskrav 7.3.6.3.1****Rapportere på**

Det skal rapporteres særskilt om hvilke tiltak fylkesmannen har iverksatt for den enkelte kommune som er registrert i ROBEEK og hvilke tiltak som har vært iverksatt for å forhindre kommuner som er i faresonen til å bli registrert i ROBEEK. Det skal rapporteres om bruk av skjønnsmidler til ROBEEK-kommunene.

I 2016 har vi kontrollert og godkjent vedtak og saker i samsvar med økonomiforesegnene i kommunelova.

Vik og Årdal vart melde ut av Robek, medan Gloppen og Naustdal vart melde inn.

Vi har godkjent budsjettet for alle Robek-kommunane. Gloppen kommune fekk ikkje godkjent økonomiplanen og vart innmeldt i Robek på grunn av dette.

I dei tilfella vi ser at kommunen er inne i ei dårleg økonomisk utvikling, gir vi tilbakemelding i brev eller ber om møte med kommunen. Vi rettleier kommunane og gir naudsynt informasjon.

Vi har hatt fleire oppfølgingsmøte med Robek-kommunane Bremanger, Selje, Gaular og Naustdal. Kommunane følger plan for inndekking av underskot.

I samarbeid med KS har vi arrangert Robek-nettverk (i 2015 og 2016), og vi har i 2016 brukt 953 000 kroner av skjønnsmidlane til nettverket.

Etter ei samla vurdering fekk Gloppen kr 200 000, Gaular kr 1 700 000, Selje kr 1 400 000 og Naustdal kr 1 800 000 av dei ordinære skjønnsmidlane i 2016.

Vi arrangerer årlege samlingar for alle økonomisjefar og økonomimedarbeidarar i kommunane i fylket, der mellom anna økonomistyring, styringsdokument og rapportering er tema.

**Rapporteringskrav 7.3.6.4.1**

**Rapportere på**

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling og modernisering i kommunene, bruk av skjønnsmidler til formålet og formidling av resultatene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysing av fornyings- og innovasjonsmidlar, kriterium for tildeling og lenke til søknadsskjema. Vi gjev òg ei nærare orientering i eige brev til kommunane. Vi har brukt ekstra ressursar til rettleiing og informasjon om ny søknads- og rapporteringsbase ISORD dette året. Sidan FMSF har utvikla databasen, har vi brukt tid på å rettleie andre fylkesmannsembete om portalen, i tillegg til rettleiing til kommunar.

Vi fekk 29 prosjektsøknader innan søknadsfristen 1. mars. Vi prioriterte søknader innanfor områda:

1. Kommunale tenester til asylsøklarar og busetjing og integrering av flyktningar
2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald
3. Samfunnsutvikling og lokaldemokrati, til dømes på desse områda:
  - Planarbeid, mellom anna med vekt på folkehelse
  - Rekruttering
  - Velferdsteknologi
4. Tverrfagleg samarbeid mellom tenester for barn og unge

I alt 17 av søknadene fekk avslag fordi dei ikkje stetta kriteria for tildeling, eller at dei vart samordna med større fylkesprosjekt. I alt 12 ulike prosjekt fekk tildelt til saman 3 327 000 kroner. Når den endelege tildelinga er gjort, vert dette publisert på nettstaden vår og kommunane får brev om tildeling. Vi har eit arbeidsutval for tildelinga, der KS-leiaren i fylket er med som rådgjevar. Ved handsaming av søknadene deltek dei ulike fagavdelingane i embetet ved behov. Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek, vert prioriterte. Vi krev 50 prosent eigenfinansiering frå kommunane, og vi legg vekt på at kommunane formidlar læringspunkt frå prosjekta. Einskilde prosjekt vert presenterte i fagnettverk med kommunane eller på den årlege kommunekonferansen for rådmenn og ordførarar. Etter kvart som prosjekt frå 2016 vert ferdigstilte, vert det publisert i den nasjonale databasen for prosjektskjønn - ISORD.

**Rapporteringskrav 7.3.6.5.1****Rapportere på**

Det skal rapporteres om hvilke låneformål og hvilket låneomfang som godkjennes, og i hvilken grad fylkesmannen har nektet godkjenning av lån.

Til Robek-kommunar har vi godkjent lån til følgjande formål: investeringar innanfor vatn, avløp og renovasjon, lån frå Husbanken til vidare utlån, kjøp eller oppføring av bustader til vanskelegstilte og flyktningar, breiband (1/10 av interkommunalt samarbeid) og fullføring av barnehageprosjekt. Til nokre av kommunane vart det gjeve ei øvre ramme for finansiering. Kommunane er kjende med vår praksis og retningslinjer for lån til Robek-kommunar.

Vi har godkjent to lånesøknader frå interkommunale selskap.

**Tilsyn med kommunenes lånesøknader - formål og omfang**

Type søknad	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall lånesøknader	7	7	0	0
Omfang lånesøknader	38 312 000	38 312 000	0	0

**Rapporteringskrav 7.3.6.5.2****Rapportere på**

Antall og omfang av godkjente garantier, samt antall garantier som ikke ble godkjent.

Vi har godkjent fem søknader om nye garantiar og ei sak om forlenga garantitid.

**Godkjente garantier etter økonomibestemmelsene i kommuneloven**

Saksområde	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall garantisøknader	5	5	0	0
Omfang garantisøknader	12 000 000	12 000 000	0	0

**Rapporteringskrav 7.3.6.6.1****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på hvordan veiledningsarbeidet har blitt utført.

Vi informerte i god tid på nettsida vår om kostra-rapportering for rekneskapsåret 2015 og fristar, og fulgte opp med brev til kommunane. Der vi såg at skjema mangla eller ikkje vart godkjende hjå SSB, ringde vi eller sende e-post. Også i 2016 la vi spesielt vekt på skjema 34 A og B, og 35 A og B, kommunal eigedomsforvaltning og kostnader til dette. Berre éin kommune leverte for seint for publisering i mars. Etter rapporteringsfristen følgde vi opp kommunane som framleis hadde enkelte feil i rapporteringa.

Vi legg vekt på Kostra og rapportering, både i økonominettverket vårt og elles i møte med kommunane i fylket.

**Rapporteringskrav 7.3.6.6.2****Rapportere på**

Kort om fordelingen av skjønnsmidler, herunder rapportering i ISORD.

Samla ramme for skjønnsmidlar i 2016 var 73,3 millionar kroner. Av dette vart 28,8 mill. kroner betalt ut som kompensasjon for auka sats for arbeidsgivaravgift. I alt 4 970 000 kroner vart sett av til innovasjon og fornyingsprosjekt, og 953 000 kroner vart brukt til Robek-nettverket.

Skjønsmidlane for 2017 er reduserte med 11 millionar kroner eller 15 prosent. Vi har respekt for at skjønsmidlane vert reduserte for å leggje meir inn i den faste ramma. Likevel har vi har vanskeleg for å forstå kvifor skjønsmidlane prosentvis vert meir reduserte i Sogn og Fjordane enn i noko anna fylke, både der fylka får høgare og lågare skjønnsmidlar per innbyggjar.

**Rapporteringskrav 7.3.6.7.1****Rapportere på**

En kort beskrivelse dersom enkelte fagområder framstår som særlig problematiske å samordne i embetets samordningsarbeid.

Som vi har nemnt under hovudmål 2, ser vi på god samordning og samhandling som ein avgjerande faktor for å få til gode resultat for kommunane i eit fylke, både internt hjå Fylkesmannen, med andre statsetatar og med andre aktørar. Som nemnt ligg Sogn og Fjordane i landstoppen for dei fleste levekårsindikatorane, og vi meiner at våre initiativ til å ta i bruk «Sogn og Fjordane-modellen» på mange område, er ein av dei viktigaste grunnane. Modellen går ut på at vi over tid har brukt initiativrolla til Fylkesmannen for å lage faste nettverk, der alle viktigaste aktørane samarbeider i formaliserte forum for å nå felles mål på ulike livsområde.

Vi opplever ikkje særskilte utfordringar med samordning, men ser at somme regionale statsetatar som skal samarbeide med kommunane, har vanskar med å nå fram fordi dei ikkje kjenner kommunane godt nok. Prinsipielt meiner vi at det aller meste av det kommuneretta arbeidet til den regionale staten bør gå gjennom fylkesmennene, slik det er skildra i rapporten [Én dør til staten for kommunene](#) av Nivi analyse, der FMHO, FMRO og FMSF var oppdragsgjeverar.

**Rapporteringskrav 7.3.6.8.1**

**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som skal viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av fylkesmannen, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige
- Hvor mange av sakene totalt (uten å skille mellom saker etter klage og på eget initiativ) som hadde henholdsvis habilitet eller lukking av møter blant vurderingstemaene.
- Det skal gis en kortfattet omtale i årsrapporten av hvor mange klager fylkesmannen har mottatt etter kommuneloven § 60d fjerde ledd, hvilke kommunalrettslige tema de (særlig) veileder kommunene om samt bruk av interkommunalt samarbeid i fylket, med særlig vekt på bruk av vertskommunemodellen.

Vi har gitt generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Det har særleg vore spørsmål om lovlegkontroll og habilitet, mellom anna habilitet ved intern klagehandsaming i kommunen. Vi har også rettleidd enkeltkommunar om opne eller lukka møte i folkevalde organ.

To av lovlegkontrollane i 2016 gjaldt lukking av møte. I begge tilfella vart avgjerd om lukking kjent ulovleg. Ingen av kontrollane i 2016 gjaldt habilitet.

Vi har ikkje fått klager etter kommunelova § 60d fjerde ledd.

**Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ**

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	4	0	4
På eget initiativ	0	2	2

**Rapporteringskrav 7.3.6.9.1****Rapportere på**

Fylkesmennene skal i årsrapporten oppgi hvor mange klager på avslag om begjæringer om innsyn de har behandlet, jf. offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd, samt hvor mange tilfeller klager har fått helt eller delvis medhold i klager etter offentleglova § 32.

I 2016 har vi handsama 40 klagesaker som gjeld manglande dokumentinnsyn etter offentleglova. Dette er ein stor auke frå 2015, då vi handsama 16 klagesaker om manglande dokumentinnsyn etter offentleglova.

Fem av klagenes gjaldt manglande dokumentinnsyn hos fylkeskommunen, og resten manglande innsyn hos kommunar. Elleve klager vart tekne heilt eller delvis til følgje, medan vi oppheva vetak frå kommunen i to saker som vart sende i retur til kommunen for ny handsaming.

Vi har også handsama sju klager på manglande dokumentinnsyn etter forvaltningslova. Dette er ein auke på seks saker frå 2015. Det vart gjeve heilt eller delvis medhald i fem av desse klagenes.

Tretten av klagesakene etter offentleglova har vore klaga på til Sivilombodsmannen. I to av sakene (der den eine gjaldt klager frå to ulike klagarar for same dokument) har Sivilombodsmannen hatt merknader til vår rettslege vurdering, og vi har endra vedtak i klagesakene etter ei ny vurdering. Vi endra også vedtaket i ei sak etter at ombodsmannen stilte spørsmål om lovtolkinga vår, før ombodsmannen gav fråsegn. I to saker kritiserte ombodsmannen sakshandsaminga, først og fremst at vi brukte for lang tid. I åtte av sakene har ikkje Sivilombodsmannen hatt merknader, medan ei av sakene enno ikkje er avslutta.

I 2016 har vi også fått mange førespurnader om manglande innsyn hos kommunane. Sakene har ofte løyst seg utan klagehandsaming, ved at vi har sendt informasjon og rettleiing til aktuelle kommunar om korleis krav om dokumentinnsyn etter offentleglova og forvaltningslova skal handsamast.

Vi må leggje til at dei aller fleste klagenes på avslag på innsyn, er frå to privatpersonar. Særleg den eine av desse har også kravd innsyn i ein del dokument hjå oss som førsteinstans, og ein organisasjon har i særst stort omfang gjort det same. Samla har vi kanskje brukt eit halvt årsverk på desse tre. To av kommunane våre og fylkeskommunen har brukt omfattande ressursar på innsynskrav frå dei same privatpersonane, medan dei andre fylkesmannsembeta har brukt tilsvarende ressursar på organisasjonen.

Innsyn i kommunale og statlege dokument er ein viktig demokratisk rett, der vi sjølvsgt skal bruke dei ressursane som trengst. Etter

offentleglova skal innsynskrav og klagesaker avgjerast utan ugrunna opphald. Vi er samde i den generelle tolkinga Sivilombodsmannen har lagt til grunn om at innsyn i første instans skal gjevast etter to-tre dagar, og at klagesaker skal avgjerast innan to veker. Men vi meiner det er høgst problematisk at det ser ut som at Sivilombodsmannen brukar dette som absolutte reglar, der det ikkje spelar noko rolle kor stort samla trykk det på same tid kjem frå den som krev innsyn.

Sivilombodsmannen kritiserte oss for at vi oss brukte sju veker på å avgjere ein klage over avslag på innsyn i ei sak medan vi hadde inne mange ulike klager og innsynskrav frå same person. Ombodsmannen viste berre til eigne fråsegner for å underbygge tolkinga. Sjølv brukte ombodsmannen sju og ein halv månad på å handsame realiteten i saka.

Tolkinga frå Sivilombodsmannen medfører i praksis at innsynskrav frå ein einskildperson må prioriterast føre alle andre saker eit forvaltningsorgan driv med, til dømes oppnemning av representant for einsleg mindreårige asylsøkjjarar, klager på avslag på sosialhjelp, eller klage i byggesaker. Dermed vert einskildpersonar sett i posisjon til å lamme eit forvaltningsorgan fullstendig.

Vi ønskjer oss difor ei presisering i lova av kva som ligg i «utan ugrunna opphald» når det kjem svært mange innsynskrav frå same kjelde. Vi ønskjer oss dessutan ein klarare heimel for å avslå innsynskrav som er motiverte ut frå sjukane eller ønske om å påføre forvaltningsorgan arbeid.

### Rapporteringskrav 7.3.6.10.1

#### Rapportere på

Embetet rapporterer hvor mange tilsyn det har gjennomført.

Forklaring:

- Det bes om ett tall for alle tilsyn hjemlet i opplæringsloven, barnehageloven, helse- og omsorgstjenesteloven mv.
- Det rapporteres samlet for kommunene og fylkeskommunen(e)
- Antall tilsyn det skal rapporteres på, omfatter planlagte tilsyn (som landsomfattende/nasjonale tilsyn) og hendelsesbaserte tilsyn uavhengig av tilsynsmetodikk og hvor ressurskrevende tilsynet var.
- Antall tilsyn det skal rapporteres på, omfatter ikke forundersøkelser, sjølvmeldingstilsyn og dokumentgjennomganger uten oppmøte (fysisk eller videokonferanse) på tjenestestedet eller i kommunen/fylkeskommunen.
- Det bes ikke om tall for avvik eller pålegg.
- Det bes ikke om verbalrapportering om samordningsarbeidet.

Fylkesmannen har til saman gjennomført 109 tilsyn og systemrevisjonar heimla i opplæringslov, barnehagelov , helse- og omsorgstenestelov.

Fordelt slik:

Barnehagelov: 5

Opplæringslov: 10

Helse og omsorgstenestelov: 94

### Rapporteringskrav 7.3.6.11.1

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal føre en oversikt over behandlede plansaker, omfang av innsigelser, klager fremmet av fylkesmannen og meklinger.

Vi fører plan- og dispensasjonssaker vi har til handsaming i eit eige planskjema (excel-ark), og i tillegg har vi ei eiga oversikt over kva saker vi fremjar motsegn mot og klagar på, og korleis desse sakene vert løyste. I 2016 kom det inn om lag 550 plan- og dispensasjonssaker til høyring hos oss.

Vi har fremja motsegn mot 16 planar i 2016. Vi løyser i all hovudsak motsegnene gjennom dialog med kommunane og gjennom mekling for eit fåtal. Vi har fått ei motsegnssak avklart hjå KMD i 2016 (hyttefelt ved Digernesvatnet i Førde kommune, del av arealdelen til kommuneplanen). Vi har påklaga elleve dispensasjonsvedtak.

### Rapporteringskrav 7.3.6.12.1

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten for 2016 rapportere hvor mange saker som ikke ble avgjort innen 12 uker, hvor stor overskridelsen var, hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i forskriften jf. [pbl. § 21-8 andre ledd](#), hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Sjå kommentar under tabellen. Vi viser også til kommentarane våre under resultatmål 3.3.1.1.6.1.

**Rapportering om saker etter plan- og bygningsloven**

<b>Hvor mange saker som ikke ble avgjort innen 12 uker</b>	124
<b>Hvor stor overskridelsen var i sakene som ikke ble avgjort innen 12 uker</b>	89
<b>Hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i forskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd</b>	3
<b>Hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i</b>	87
<b>Hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse</b>	0

110 byggesaker og 14 plansaker var sakshandsamingstida over 12 veker. Av byggesakene vart 15 saker behandla mellom 12 og 15 veker, 26 saker behandla mellom 15 og 20 veker, 28 saker behandla mellom 20 og 25 veker, 44 saker behandla mellom 25 og 30 veker, og 11 saker over 30 veker. Av plansakene vart 3 saker behandla mellom 12 og 20 veker, 5 saker mellom 20 og 25 veker, 1 sak mellom 25 og 30 veker og 5 saker over 30 veker

**Rapporteringskrav 7.3.7.1.1****Rapportere på**

Kort beskrivelse av aktiviteten på området, herunder oversikt over:

- Tros- og livssynssamfunn som mottar tilskudd og antall medlemmer det er gitt tilskudd for
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

I 2016 har vi utbetalt 595 192 kroner i statstilskot. Tolv trus- og livssynssamfunn i Sogn og Fjordane har fått utbetalt tilskot for til saman 1261 medlemmer. Dette er om lag 170 000 kroner meir enn året før.

Vi fekk inn ein klage frå eitt av trussamfunna på kor mange godkjende medlemmer det vart utbetalt tilskot for. Klagen vart avvist, og vårt avvisningsvedtak er ikkje klaga på.

Eitt tidlegare uregistrert trussamfunn vart registerført i 2016, og ingen av trus- og livssynssamfunna er blitt sletta. Ved utgangen av året har vi 17 registrerte og uregistrerte trus- og livssynssamfunn i Sogn og Fjordane i vår oversikt.

**Rapporteringskrav 7.3.7.2.1****Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi handsama 31 søknader om oskespreiing i 2016. Dette er ein auke på fire søknader frå 2015. Vi innvilga 30 av søknadene og avslo ein.

I tillegg handsama vi ein søknad om privat gravstad, som vart avslegen.

I alt 20 av søknadene om oskespreiing var førehandssøknader, medan 11 av søknadene kom frå den som skal sørge for gravferda i ettertid. I 16 av sakene vart det gjeve løyve til oskespreiing i sjø, medan det vart gjeve løyve til oskespreiing på land i 14 saker.

Det er ikkje kome klager på kommunale enkeltvedtak etter gravferdslova i 2016.

**Rapporteringskrav 7.3.7.3.1**

**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi har handsama åtte søknader om dispensasjon frå hovudregelen i lov om helgedagar og helgedagsfred § 5 første ledd, om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. Tre av søknadene vart avslagte, og to av avslagane vart klaga på til departementet. Ingen av klagen vart tekne til følge.

Sentrum i Balestrand kommune vart i forskrift 21.03.2016 godkjend som typisk turiststad i perioden 1. mai til 30. september.

**Rapporteringskrav 7.3.8.1**

**Rapportere på**

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (jf. metodehåndbok og egen mal for rapportering). Fylkesmannen skal beskrive hvilke risikovurderinger som ligger til grunn for valg av tema og tilsynsobjekt. Med risikovurdering mener vi hvilke kilder, hva kildene viser og hvilke vurderinger og konklusjoner fylkesmannen har utledet fra disse.

Val av tilsynsobjekt er gjort ut frå ei risikovurdering av kommunen og den ein skilde skulen. Vurderinga byggjer vi m.a. på deltaking på faste møteplassar, dialog og kontakt, mediasaker, statistikk frå ulike kjelder (Basil, GSI, Skoleporten m.fl), tilsetjings situasjonen i kommunen (nytilsetjing og endringar) og førespurnader frå brukarar.

**Rapportering på FNT – forvaltningskompetanse**

Kontrollspørsmål																							
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21
Sogndal	Kaupanger skule	08.01.2016	1	1	1	0	0	0	1	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0

**Gjennomførte tilsyn - Barnehage**

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
Flora	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)	Barnehagelova § 22	4	Endelig rapport	1	0	0
Aurland	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)	Barnehagelova § 18	4	Endelig rapport	2	3	0
Stryn	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)	Barnehagelova § 18	3	Endelig rapport	1	0	0
Selje	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)	Barnehagelova § 18	2	Endelig rapport	1	0	0
Vik	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		2	Varsel om tilsyn	1	2	0
			15		6	5	0

**Gjennomførte tilsyn - Opplæring**

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
Naustdal	Naustdal barne- og ungdomsskule	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	4	14	0
Høyanger	Høyanger skule	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	5	9	0
Sogndal	Kvåle skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	5	16	0
Årdal	Farnes skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	5	12	0
Årdal	Tangen skule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	1	7	0
Bremanger	Hauge skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	2	4	0
Jølster	Skei skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	5	10	0
Flora	Eikefjord barne- og ungdomsskule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Varsel om tilsyn	0	0	0
Sogndal	Kaupanger skule	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	0	0	0
					31		27	72	0

**Status tilsyn varslet i 2015, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2016**

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
Sogndal	Fjærland skule	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	7	27	0
					3		7	27	0

*Gulen kommune har 01.02.2017 som frist for retting av pålegg.*

**Rapportering på FNT – skolebasert vurdering**

Kontrollspørsmål									
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5		
Årdal	Tangen skule	05.01.2016	1	1	1	1	1		

**Rapportering på FNT – skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen**

Kontrollspørsmål																								
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22
Årdal	Farnes skule	05.01.2016	0	1	1	0	0	1	0	0	1	0	0	1	1	1	0	1	1	1	0	0	1	0
Sogndal	Kvåle skule	08.01.2016	1	1	0	0	0	0	1	0	1	1	1	1	0	1	0	1	1	1	1	1	1	1
Bremanger	Hauge skule	23.06.2016	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0
Jølster	Skei skule	19.05.2016	1	1	1	0	0	0	1	0	0	1	1	1	1	0	0	0	1	0	0	0	1	0

**Status tilsyn varslet i 2015, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2016 (Barnehage)**

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
			0		0	0	0

**Rapporteringskrav 7.3.8.2**



**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en egen vurdering av i hvilken grad embetet har gjennomført en koordinert innsats mot kommuner og fylkeskommunen, særlig der det er avdekket mangelfullt samordnet tjenestetilbud for utsatte barn og unge. Vurder også hvilke tiltak som har vært mest effektive for å fremme samarbeid og samordning i og mellom kommuner og fylkeskommunen, tjenester og institusjoner som arbeider for og med utsatte barn og unge og deres familier.

Sjumilssteget vart avslutta som prosjekt i 2015. Det gjekk deretter over i ordinær drift, det vil seie at barnekonvensjonen skal takast med i alt arbeid uavhengig av avdeling eller område. Målsetjinga er å oppnå det same i kommunane. Vi er med i nasjonal gruppe for barnekonvensjonen i praksis.

Vi ser at det fortsatt er ein veg å gå i kommunane for å tenkje meir på omsynet til barn og unge på tvers av sektorar, men vi ser også ei klar endring til det betre.

Vi har gjennomført eit felles prosjekt mellom utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga; *læringsnettverk om psykisk helse og opplæring hos utsette barn og unge*. Målet har vore å auke kompetansen hjå kommunane på utsette barn og unge, ved å sjå på mindreårige asylsøkarar og flyktningar som ei spesifikk gruppe. Sentrale tema er psykisk helse og opplæring. Gjennom prosjektet har vi jobba for å sikre eit tettare tverrfagleg samarbeid internt i kommunen om barn og unge og familiar med spesielle utfordringar. Tenester som har samhandla, er barnevern, barnehage, helsestasjon, skule, kommunal psykiatriteneste, flyktningteneste og Nav. Det har vore tre fellessamlingar. Første samling la vekt på problemretta rettleiing i grupper med erfaringsutveksling om arbeidet med mindreårige asylsøkarar og flyktningar. Andre samling tok opp landkunne og tredje samling traume og regelverk for opplæring.

I 2016 jobba vi saman med fylkeskommunen for å heve kunnskapen i kommunane på feltet kartlegging og realkompetansevurdering for framandspråklege elevar. Vi gjennomførte samlingar både med vekt på lov og forskrift og samlingar av meir praktisk karakter; *Korleis kan eg gå fram? Kva er forventa? Praktiske tips frå andre*.

**Rapporteringskrav 7.3.8.3****Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for den gjennomførte egevalueringen av kompetanse til å løse oppgavene på regelverksområdet innenfor barnehage og grunnskuleopplæring. I egevalueringen skal det gjerers rede for styrker og utfordringar, samt tiltak som er iverksatt for å sikre god kvalitet i klage-, tilsyns- og veiledningsarbeidet.

Vi har organisert juristane samla i juridisk avdeling, der dei gjev tenester til fagavdelingane etter behov. Utdanning har hatt ein dedikert person som ressurs, med høve til hjelp frå andre. I ein periode i 2016 hadde vi kapasitetsutfordringar som vi løyste på ein god måte gjennom tett dialog mellom avdelingane. Vi meiner at vi for 2017 står sterkare rusta enn vi gjorde i 2016.

Klagesaker vert handsama av jurist og fagperson (pedagog) saman. Dette gir positiv verknad både ved regelverkstolkning og formidling til sektoren.

Vi har få personar som driv med tilsyn etter barnehagelova, og er difor særleg sårbare for fråvær dersom vi må utføre hendingsbaserte tilsyn som følgje av den nye ordninga "tilsyn i enkeltbarnehage i særskilde tilfelle".

Vi har no gjort prioriteringar der vi styrkar tilsynslaget vårt, men vi må også i 2017 bygge ytterlegare kompetanse hjå fleire medarbeidarar for å bli mindre sårbare.

Klage

Vi har gjennomført tre regionale samlingar med ca. 150 deltakarar - skuleleiarar og lærarar med utgangspunkt i Udir si satsing på rettleiing når det gjeld standpunktavurdering og klager på standpunktarakterar. Det kom gode tilbakemeldingar frå deltakarane om at opplegget var relevant og nyttig.

Tilsyn på opplæringsområdet

Vi har gjennomført dei planlagde tilsyna i 2016.

Som grunnlag for å velje ut aktuelle kommunar og skular har vi eit overvakingssystem med om lag ti utvalde indikatorar som vi oppdaterer etter kvart. Vi vurderer også andre forhold, t.d. erfaringar frå tidlegare tilsyn. I 2014 og 2015 hadde vi regionsamlingar der vi orienterte om rettleiingsmateriellet i samband med FNT-tilsynet. I 2016 har vi informert og spesielt oppmoda kommunane og skulane til å bruke RefLex som eigenkontroll.

Tilsyn på barnehagelova

Innføring av eigenkontroll i RefLex og utarbeiding av rettleiar og kontrollspørsmålsskjema har gjort arbeidet med tilsyn meir oversiktleg og systematisk.

**Intern tilsynsgruppe**

Vi har ei intern tilsynsgruppe for å sikre god samordning og kvalitet på tilsynsarbeidet. Tilsynsgruppa er tverrfagleg samansett og representerer alle fagavdelingane i embetet.

**Rapporteringskrav 7.3.8.4**

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema om antall klager, type klager og resultatet av behandlingen.

Vi vurderer å ha god måloppnåing på feltet. Alle klagesakene under utdanning er behandla innan tre månader, og størstedelen av sakene er også behandla innan fristen i serviceerklæringa vår på fire veker.

Vi har lagt opp til at jurist og pedagog samarbeider om sakene, sidan sakene ofte inneheld både faglege og juridiske problemstillingar. Vi kartlegg klagesakene som kjem inn, og brukar informasjonen som ein del av grunnlaget for val av tilsynsobjekt.

I år har vi hatt få klagesaker innanfor alle område. Vi har hatt flest klager på standpunktarakter, men også her har mengda gått noko ned.

**Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunkt i fag	27	0	5	22	0
Spesialundervisning, § 5-1	3	1	2	0	0
Skyss, § 7-1	4	0	4	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	0	0	1	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	2	1	1	0	0
Sum	38	2	13	23	0

**Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 10	0				
Barnehageloven § 16	0				
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0				
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	0				
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0				
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
	0	0	0	0	0

**Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

**Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

**Klagebehandling - Spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

**Klagebehandling - Vidaregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	0
	1	0	1	0	0

**Rapporteringskrav 7.3.8.5****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall og type saker hvor klager henvender seg på nytt til fylkesmannen hvor skoleeier /barnehageeier /barnehagemyndigheten ikke har fulgt opp vedtaket.

**Rapporteringskrav 7.3.8.6****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak innenfor kompetanse og rekruttering på barnehageområdet.

Regionale og kommunale kompetanseplanar er i tråd med sentrale føringar. Kompetanseplanane har færre men meir spissa satsingsområde. Alle barnehagane deltek på ulike kompetansetiltak i regi av region eller kommune. Det vert jobba systematisk og godt med valde område. Det er fleire tilsette enn tidlegare som tek vidareutdanning og fagbrev. Barnehageeigarane legg til rette og støttar tilsette som ønskjer å heve kompetansen innanfor fagområde som barnehagen treng.

Det er gjennomført eit pilotprosjekt som heiter *vidareutdanning for assistentar og barnehagelærarar PUB/KOMPASS*. Utdanninga starta i mars 2015 og vart avslutta i juni 2016. Midlane vart overførte til høgskulen i 2014 og 2015. Erfaringane og tilbakemeldingane syner at dette er ein god måte å drive barnehagebasert kompetanseheving på.

**Kompetansetiltak tabell 1**

Kompetansetiltak	Midler brukt	Antall deltakere totalt	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	250 000	27	27	0
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	0	33	24	9
Kompetanseutviklingstiltak for samisk				
Økonomisk tilrettelegging	1 438 250	64	15	49

Kompetansetiltak tabell 2

	Kompetansemidler til kommuner og barnehager
Midler brukt	3 913 000
Antall barnehagemyndigheter som har fått midler	26
Antall kommunale barnehager som deltar i tiltak	121
Antall ikke-kommunale barnehager som deltar i tiltak	32
Antall barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	107
Antall barnehager deltatt på tema: språkmiljø	125
Antall barnehager deltatt på tema: realfag	34
Antall barnehager deltatt på tema: barn med særstilte behov	0
Antall barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	55
Antall barnehager deltatt på tema: dannings og kulturelt mangfold	20
Antall barnehager deltatt på tema: annet	20

Kompetansetiltak tabell 3

	Midler brukt
Regionale rekrutteringsnettverk og fagsamlinger	75 000

Kompetansetiltak tabell 4 - Hordaland

	Kompetansemidler til ikke-kommunale barnehageeiere
Midler søkt	
Antall barnehageeiere som har søkt midler	
Antall barnehageeiere som har fått midler	
Antall fylker som har deltatt	
Antall kommuner som har deltatt	
Antall barnehager som har deltatt	
Antall barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	
Antall barnehager deltatt på tema: språkmiljø	
Antall barnehager deltatt på tema: realfag	
Antall barnehager deltatt på tema: barn med særstilte behov	
Antall barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	
Antall barnehager deltatt på tema: dannings og kulturelt mangfold	
Antall barnehager deltatt på tema: annet	

### Rapporteringskrav 7.3.8.7

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort skriftlig kvalitativ vurdering av arbeidet med kompetanseutvikling i fylket. Dette gjelder både for strategi for etter- og videreutdanning og for strategi for etter- og videreutdanning for ansatte i PPT.

Hausten 2015 og vinteren 2016 jobba vi i fylket med å få på plass regional vidareutdanning under *Kompetanse for kvalitet*. Høgskulen i Sogn og Fjordane, kommunane og Fylkesmannen utarbeidde ei skisse til tilbods- og gjennomføringsmodell. Det vart gitt tre tilbud om vidareutdanning plassert på ulike stader i fylket. Kommunane slutta godt opp ordninga. Det er sendt inn eigen rapport om dette.

Vi har tatt opp spørsmålet om kompetanseplanar med kommunane. Særskilt har vi diskutert tidshorisont for og krava i kompetanseforskrifta. Vi vil i 2017 etterspørje planane frå kommunane.

Hausten 2016 starta vi saman med KS programmet *Den gode barnehage- og skuleeigar*. Dette programmet skal gå over eitt år og har politisk nivå, rådmannsnivå og barnehage- og skuleleiarnivå som målgruppe.

Skuleåret 2015-2016 gjennomførte seks av våre PPT-tilsette vidareutdanning i organisasjonsutvikling og endringsarbeid. Fem valde studietilbodet ved NLA i Bergen. I 2016 var det ingen søkjarar frå vårt fylke på vidareutdanningstilboda under SEVU-PPT.

Etterutdanningsmidlane som ligg til satsinga har vorte prioriterte brukt til fleirkulturalitet og fleirspråklegheit. I tillegg er det søkt om og gitt midlar til aktiv bruk av læringsressursen under SEVU-PPT-nett, spesielt for leiing.

Alle etterutdanningstiltaka under SEVU-PPT har vore i samarbeid med Statped-vest.

### Rapporteringskrav 7.3.8.8

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad de kommuner med lav kvalitet og kompetanse på barnehage- og grunnopplæringsområdet som er fulgt opp, har økt sin kvalitet og kompetanse, og videre hvilke virkemidler og tiltak som har hatt god effekt.

Dei nasjonale satsingane *Ungdomstrinn i utvikling* og *Vurdering for læring* er gjennomførte og rapporterte etter sentrale føringar. Dei siste puljane i satsingane får rettleiing.

Fylkesmannen har motivert og fått med kommunar både i *Realfagsatsinga* og satsinga på *Språkkommunar*.

I samband med retting av lovbrøt etter tilsyn har vi følgd særskilt opp og rettleidd barnehagemyndigheit med låg kompetanse. Vi har hatt jamnleg kontakt på telefon og e-post med kommunar med låg kvalitet og kompetanse.

Å sjå endring av kvalitet og kompetanse vil ta tid. I tillegg vil haldning og vilje til endring vere grunnleggande. Vi meiner aktuelle kommunar er i betring. Mellom anna har vi i 2016 starta programmet *Den gode barnehage- og skuleeigar* saman med KS. I alt 18 av 26 kommunar er med. Programmet vil vere ferdig i 2017.

### Rapporteringskrav 7.3.8.9

#### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi tilbakemelding på kontroll av foreløpig rapport fra BASIL av antall minoritetsspråklige barn i barnehage – tall per 15.12

Det er registrert 799 minoritetsspråklege barnehagebarn i Sogn og Fjordane.

### Rapporteringskrav 7.3.9.1

#### Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i fylkesmannens landbruksavdeling per 31.12.2016, og antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2016, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i fylket.

Det er om lag 16,4 årsverk ved nyttår til oppgåver under LMD. I tillegg kjem 2,3 årsverk med tilhøyrande administrative oppgåver og 1,5 årsverk på andre oppdrag utanfor LMD-området. Totalt er det i overkant av 20 årsverk ved avdelinga, fordelt på 23 personar.

I kommunane er det til saman 39,1 årsverk, inkludert 3,6 årsverk til viltforvaltning som ofte er lagt til fagfolka på landbruk. Dette er nokolunde uendra dei siste fem åra.

Av 26 kommunar, har 15 eiga landbruksforvaltning. Det er to definerte interkommunale landbrukskontor i fylket, med to og tre kommunar, og tre tilfelle der to kommunar har samarbeid om landbruksforvaltninga.

### Rapporteringskrav 7.3.9.2

**Rapportere på**

Rapporter på bruk av midler over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommunerettet arbeid, inkludert en regnskapsmessig fremstilling.

Vi har brukt midlane til våre kostnader med diverse kurs for kommunane, til diverse eksterne møte i samband med lokal mat, beitebruk og skogbruk, fagdag for folkevalde, kurs om IPT, kjøp av meteorologiske data for hagebrukskart og statistikk om utanlandsk arbeidskraft i landbruket.

Kurs for kommunane:	85 970
Eksterne møte:	14 079
Fagdag politikarar:	17 639
Kartdata og statistikk:	32 500
Inn på tunet, kurs	25 000
SUM	175 188

**Rapporteringskrav 7.3.9.3****Rapportere på**

Gi en kort beskrivelse av arbeidet med saker etter naturmangfoldloven, verneplaner, energisaker og konsekvensutredninger som berører landbruk.

Vi har ikkje større verneplanar på gang etter naturmangfoldlova. Det er nokre mindre område der det er tale om justeringar av eksisterande verneområde, og eit par tilfelle av frivillig vern.

Vi hadde bruken av naturmangfoldlova som tema på eit felles kurs for landbruks- og miljøforvaltninga i kommunane. Tema var ny rettleiar til del 2 i lova, kommunal praksis, og eit innlegg om biologisk mangfald.

Kraftutbyggingssaker gjeld hovudsakleg mindre utbyggingar med lokale eigarinteresser, ofte i kombinasjon med landbruksdrift. Men vi har også nokre få større saker. I fråsegna frå Fylkesmannen vert også landbruksinteressene vurderte og kommenterte, til dømes om beiteinteresser og fare for redusert gjerdeeffekt ved redusert vassføring.

Andre konsekvensutgreiingar gjeld større veganlegg, til dømes ny E39 på Vestlandet. Dette er ei krevjande sak for landbruk og jordvern.

**Rapporteringskrav 7.3.9.4****Rapportere på**

Rapporter på omfanget av skogbruksplanlegging med miljøregistreringer

Arbeidet med områdetakst og miljøregistrering i skogbruket (MiS) i Balestrand har halde på heile året. Planar vil vere klare for skogeigarane mot slutten av 2018. I 2018 vil vi også vidareføre arbeidet med å utvikle planane til eit nyttigare produkt for skogeigarane på Vestlandet. Samstundes er takstområdet for Balestrand utvida med Høyanger nordside og Hyllestad. For Naustdal er områdetaksten no på veg til å verte ferdig og utsending av planar starta heilt på tampen av fjoråret. På grunn av data frå arbeidet med nasjonal høgdemodell får vi no svært gode grunnlagsdata for å setje i gang områdetakstar med MiS i dei høgt prioriterte kommunane Eid og Gaular. Forprosjekt i regi av Vestskog er initierte.

I samsvar med hovudplanen vert vidare framdrift deretter kommunane Vik, Askvoll, Bremanger og Hornindal. Etter dette ønskjer vi å prioritere mindre område der vi kombinerer skogtaksering med driftsteknisk planlegging og områdeplan for skogsvegar.

**Rapporteringskrav 7.3.9.5****Rapportere på**

Beskriv kort arbeidet med klimatililtak innanfor landbrukssektoren, og gi en vurdering av måloppnåelse for miljøvirkemidlene.

Vårt regionale miljøprogram (RMP) med ei ramme på 23,4 millionar kroner har ikkje egne faste støtteordningar mot ureining og klima. Føremålet her er å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet.

Vi har likevel hatt 200 000 kroner frå klima- og miljøprogrammet som vi har nytta til å:

- redusere ureining ved tap av næringsstoff frå jordbruksareal til luft og vatn
- tilpasse landbruksdrifta til eit endra klima
- redusere utslepp av klimagassar og halde binding av CO<sub>2</sub> på same nivå som i 2010, då utgjorde utslepp frå jordbruket om lag 13 prosent av bindinga i skogbruket

I 2016 vart det løyvd midlar til informasjon og formidling av kunnskap om drenering, jordpakking, klimagassutslepp, klimatilpassa plantemateriale og tiltak for å hindre ureining frå rundballar. Det vart også løyvd midlar til kulturlandskapsfremjande tiltak i form av ein forvaltningsplan og prispengar til kulturlandskapspris i fylket.

Vi starta evalueringa av RMP hausten 2016 og resultatet skal leverast innan 15. februar. Forebels vurdering er at dei fleste ordningane har god måloppnåing.

### Rapporteringskrav 7.3.9.6

#### Rapportere på

Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll:

Vi har god kontakt med kommunane og deira arbeid med forvaltning av ulike ordningar. I 2016 hadde vi fagdagar for kommunane om PT, RMP, sjukdomsavløyning og skogfond. Mange kommunar tek direkte kontakt med sakshandsamar hos oss for å drøfte korleis dei skal forstå regelverket. På same måte har vi god kontakt med Landbruksdirektoratet. Denne dialogen er viktig for ei effektiv forvaltning.

Det vart gjennomført risikobasert forvaltningskontroll i ti av 26 kommunar i 2016:

- PT/RMP/SMIL: Solund, Gulen
- PT: Førde, Gaular, Naustdal og Jølster
- Avløyning ved sjukdom: Flora og Sogndal
- SMIL: Balestrand og Fjaler

### Rapporteringskrav 7.3.9.7

#### Rapportere på

Gi en oversikt over gjennomførte kontroller og hvordan avvik er fulgt opp, og gi en vurdering av kontrollresultatene. Ressurser avsatt til kontroll skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer.

Gjennomførte kontrollar syner i tabellane under kapittel 3.3.1.2.1.1 og 3.3.1.2.1.2. Der står det også kva type feil vi fann på både forvaltningskontrollane i kommunane og på føretakskontrollane.

Vi har gode erfaringar med kontrollarbeidet. Dette vert samordna med anna tilsyn hos Fylkesmannen og andre statlege etatar. Vi ser at kommunane rettar dei tilhøva som blir påpeikte og at forvaltninga over tid vert mindre personavhengig.

Kontrollen i Førde, Jølster, Naustdal og Gaular vart gjennomført som eigenvurderingskontroll. Vi utarbeidde sjekklister som kommunane sjølve skulle gå gjennom. Kvar kommune utarbeidde ein rapport frå kontrollen og vi laga kontrollrapportar med avvik og merknader for kvar einskild kommune. Kommunane har i ettertid laga ein plan for korleis dei vil lukke avvika. Ved oppstart og slutt vart kommunane kalla inn til fellesmøte for leiarar og sakshandsamarar. Dei fekk seks veker til å arbeide med kontrollen. På denne måten fekk alle same informasjon, og vi fekk ein god erfaringsutveksling mellom kommunane. Vår erfaring er at denne arbeidsforma er like arbeidskrevjande som vanleg kontroll, men at læringsutbytte og vilje til endring er større.

I alt 13 personar har vore med på kontrollarbeidet, med ein samla arbeidsinnsats på 1,4 årsverk. Samanlikna med tidlegare år har vi brukt vesentleg meir tid på risikovurdering og kunnskapsoppbygging.

### Rapporteringskrav 7.3.9.8

#### Rapportere på

Utarbeid oversikt over og gi en vurdering av klager og dispensasjonsøknader behandlet av fylkesmannen for samtlige tilskuddsordninger på landbruksområdet der kommunen er førsteinstans.

Vi viser til tabellane nedanfor som viser at vi ikkje har handsama mange klager på vedtak gjorde av kommunane.

Vi har i tillegg handtert 147 manuelle utbetalingar av tilskot, etter vedtak i kommunane. Nokre av desse er klager der kommunen som førsteinstans endrar sitt vedtak, men dei aller fleste er saker som må handterast manuelt på grunn av ein mangel eller feil som ikkje vart retta opp ved dei maskinelle kontrollane.

Vi får tilsendt sakspapira og vedtaka frå kommunane, og vi kontrollerer at vedtaka er forsvarlege før vi betalar ut.

#### Avløsning ved sykdom og fødsel mv.

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	9	5

*Dispensasjonane gjeld kravet til minimum næringsinntekt.*

#### Produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	2	10	5	1

#### Regionale miljøtilskudd

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
1	0	3	0	2

#### Ressurser avsatt til kontroll skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer

Antall personer	13.0
Antall årsverk	1.4

*Dette gjeld utarbeiding av kontrollplanen + gjennomførte kontrollar + risikovurderingane av alle ordningane.*

#### SMIL

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	0	0

*Har ikkje hatt klagesaker i 2016 på SMIL.*

#### Tidligpensjon for jordbrukere

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	1	1	2

*Ganske få saker, ulike problemstillingar.*

#### Øvrige tilskuddsordninger

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag

*Vi har ikkje hatt klagesaker på andre støtteordningar der kommunane er førsteinstans.*

#### Rapporteringskrav 7.3.9.9

##### Rapportere på

Gi en oversikt over

- Antall mottatte redegjørelser fra kommunen for avkorting av tilskudd (kopi av brev som er sendt søker), samt antall kommuner som har sendt dette.
- Antall mottatte redegjørelser fra kommunene i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse skal sendes FM i PT-4100B), samt antall kommuner som har sendt dette.

Det vert stadig fleire saker der kommunane kan dokumentere at dei har vurdert og eventuelt også gjort vedtak om avkorting. Men vi



ser at praksis varierer, både i saksgang/dokumentasjon og i reaksjonen på feil som vert oppdaga. Her er det naudsynt med vidare oppfølging, både med informasjon, opplæringstiltak og forvaltningskontroll.

#### Avkortning av tilskudd

	Antall mottatte redegjørelser	Antall kommuner som har sendt redegjørelse
Redegjørelse fra kommunen for avkortning av tilskudd (kopi av brev som er sendt til søker)	96	19
Redegjørelse fra kommunen i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse i PT4100B)	224	25

*Vi har ikkje fått kopi av alle breva/vedtaka kommunane har fatta, men vi har registrert 96 saker med avkortning. Alle kommunane har sendt inn liste med saker der dei har vurdert avkortning, og 19 kommunar har altså vedteke avkortning. Alle kommunar har sendt oversikt/liste/kopi av brev som gjeld saker der dei ikkje har avkorta. Ikkje alle inneheld detaljert grunngjeving, berre at dei har vurdert avkortning. Ein kommune sende berre liste utan grunngjeving.*

#### Rapporteringskrav 7.3.9.10

##### Rapportere på

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart skal det gis en oversikt over:

- Hvilke tiltak som er gjennomført for å ivareta landbruksinteressene i det regionale kartsamarbeidet.
- Eventuelle kommuner i fylket som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).
- Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5).

Vi viser til tabellen nedanfor. Det er ein del kommunar som har problem med å halde karta ved like. Dei oppgir manglande kompetanse og kapasitet som hovudårsak. Vi tilbyr fagleg hjelp og opplæring, men blir også nøydde til å ta dette formelt opp med enkelte kommunar i året som kjem.

#### Kartsamarbeid

Rapporteringskrav	Kort redegjørelse (stikkord)
a. Hvilke tiltak er gjennomført for å ivareta landbruksinteressene i det regionale kartsamarbeidet.	Innspel til geovekstprosjekta, planlegging av periodisk ajourhald av AR5. Avgrensing av skogsområde til laserskanning.
b. Eventuelle kommuner som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).	Kommunane som ikkje har ajourført AR5 i 2016: Gulen, Hyllestad, Årdal, Gaular og Eid. (Bremanger og Vågsøy har hatt periodisk ajour). Kommunane som har ikkje sendt jordregisterfiler til LR i 2016: Flora, Hyllestad, Leikanger, Gaular og Eid. (Bremanger og Vågsøy har ikkje sendt på grunn av periodisk ajour).
c. Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5)	Tilbakemeldinga frå kommunane tyder på mangel på resursar. Arbeid med ajourføring er ikkje prioritert.

#### 3.3 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Totalt sett meiner vi at vi har nytta midlane våre i samsvar med forventningane til oppdragsgjevarane, med unntak av på verjemålsområdet. Verjemål er underfinansiert, og vi valde å bruke meir midlar enn vi fekk tildelt til å tilsetje i engasjement for betre å handtere alle sakene med einsleg mindre asylsøklarar kom. Vi nytta 280 000 kroner meir enn tildelinga vår. Også på kommunereforma har vi nytta meir ressursar enn vi fekk tildelt.

Etter at avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma vart innført frå 2015, har vi over tre år fått redusert løyvinga med 1 633 000 kr for 2017, i praksis nær tre stillingar.

På andre sida vart både beredskap og utdanning (skulemiljø og mobbing) i 2016 og 2017 styrkt med nesten ei stilling kvar.

Vi innrettar drifta etter reduserte rammeløyvingar, og takkar for tilliten til sjølve å prioritere mellom fagområda. Men vi ser at det fører til vanskelege diskusjonar mellom fagområde og avdelingar og i siste omgang misnøye frå oppdragsgjevarane våre der vi prioriterer ned.

Ei av årsakene til at det er differanse mellom 2015 og 2016 på ressursrapporteringa, er lønsoppgjeret. Der det er små avvik mellom 2015 og 2016, blir det ikkje kommentert særskilt.

**AD:**

På 0525.01 har vi ved endring i bemanning prioritert ned område samanlikna med 2015. På fagmidlar skuldast om lag kr 150.000 reduksjon, at vi har hatt vakanse i stilling ved skifte av bemanning og lægre lønsutbetaling til den som starta i stillinga. Vi har også redusert bemanninga noko, gjennom at ein tilsett som delvis har vore løna på prosjekt, no har gått over på andre oppgåver. Denne ressursen har ikkje vorte erstatta i 2016, men vi arbeider med å auke bemanninga for dette prosjektet i 2017. Vi ser også at vi i 2015 har ført ein tilsett på feil resultatområde. Denne skulle vore ført på HOD, men vart ført på AD.

**HOD:**

Årsaka til at vi har nytta meir på 0525.01 i 2016, er mellom anna at midlane til styrking av pasient og pårørande si stilling, vart flytta frå 0525.21 til 0525.01 i 2016. Gjennom 2015 hadde vi vakanse i fleire stillingar. Med stabil bemanning i 2016 har vi nytta meir ressursar enn i 2015.

**JD:**

Vi fekk refundert lønsmidlar frå eit internasjonalt prosjekt innanfor beredskap. Integrering er flytta frå BLD til JD i 2016.

Årsaka til den store auken i fagmidlar i 2016, er den mellombelse styrkinga på verjemålsområdet, og at vi fekk midlar til ei ny stilling på beredskap.

**KLD:**

I 2015 hadde vi vakanse i nokre stillingar på miljø, og nye personar starta i stillingane i 2016. Dette er årsaka til auka ressursbruk i 2016 samanlikna med 2015.

**KMD:**

Vi fekk auke i tildelinga innanfor IKT i 2016, og i tillegg har vi auka ressursbruken på planområdet med rekruttering av trainee. Vi forventar at ressursbruken i 2017 vert redusert på planområdet.

**KD:**

Årsaka til ressursnedgang er at delar av ei stilling som tidlegare var fullfinansiert av prosjektmidlar, no er delvis finansiert av embetet.

**Andre:**

Vi ser at ei feilføring i 2015 gjer at ressursbruken i 2016 er redusert. Dette har ført til ein tilsvarande auke på KMD sitt område.

**Ressursrapportering**

Departement	Kapittel 0525, 2016	Fagdep. 2016	Kapittel 0525, 2015	Fagdep. 2015
Arbeids- og sosialdepartementet	845	929	1 108	1 314
Barne- og likestillingsdepartementet	2 370	821	2 438	751
Helse- og omsorgsdepartementet	8 429	2 723	6 956	2 826
Justis- og beredskapsdepartementet	2 390	7 261	2 478	5 072
Klima- og miljødepartementet	10 825	2 308	10 338	2 112
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	39 319	839	37 723	757
Kunnskapsdepartementet	5 334	1 444	5 278	1 682
Landbruks- og matdepartementet	10 327	0	10 424	10
Andre	568	975	731	756
<b>Sum</b>	<b>80 407</b>	<b>17 300</b>	<b>77 474</b>	<b>15 280</b>

**3.4 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat**

Vi løyser pålagde samfunnsoppdrag på ein god måte innanfor dei rammene vi har. Samtidig er rekneskapsresultatet vårt om lag som varsla i tertialrapporten.

**3.5 Andre forhold**

Vi vil nemne nokre satsingar som er særmerkte for vårt embete:

#### Nasjonale oppgåver innanfor IKT og digitalisering

Som nemnt er eit særmerke for vårt embete at vi har nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegrerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte.

Bakgrunnen for at vi har desse oppgåvene er ein tanke om at det er enklare og meir effektivt å utvikle digitale løysingar når utviklarkompetansen og fagkunnskapen sit under same tak. Då kjem ideane til nye digitaliseringsprosjekt gjerne i ein samtale i lunsjen, og det er kort veg frå idestadiet til utprøving og gjennomføring. I utviklingsfasen arbeider fagfolket og utviklarane så tett saman at vi sikrar oss at løysingane blir praktisk innretta for å løyse konkrete behov. Samstundes har vi ein klar filosofi på at vi i mest mogleg grad skal gjenbruka digitale løysingar som alt finst på marknaden, på nye område. Når arbeidsmengd og trong for kompetanse tilseier det, brukar vi private firma som underleverandørar i samsvar med rammeavtalar etter anbod.

På den måten leverer vi gode digitale tenester til ein langt rimelegare pris og med mykje lågare risiko for havari, enn mange andre offentlege digitaliseringsprosjekt. Vi er difor samde med signala frå KMD om at tida for dei gigantiske offentlege IT-prosjekta bør vera over, fordi dei inneber høg risiko.

I 2016 har FMSF halde fram arbeidet med prosjekta «digital tenesteutvikling» og «styringsportal».

Vi har lansert tre større tenester i forlenginga av det første:

- Administrasjon av trussamfunn er utvikla i samarbeid med FMOA og tilrettelagt for alle embete. FMSF har saman med KMD dialog med Kulturdepartementet for å sjå på mogleg vidareføring av tenesta slik at trussamfunna sjølve kan handtere eigen informasjon. Det vil kunne utløse større gevinstar.
- Rettsrådsløysinga er i 2016 utvida til å kunne ta imot salærkrav direkte frå tolk. Dette gjev gevinst for både tolk, advokat og embete. Rettsrådsløysinga har med det fått inn ei ny brukargruppe med stort potensial for ytterlegare auke i bruken.
- Systematisk samanlikning (Sysam) er blitt utvikla for at embeta og fagavdelinga i KMD skal ha betre oversyn over klagesaker etter plan- og bygningslova. Løysinga er utvikla i godt samarbeid med FMOA og BoBy-avdelinga i KMD. FMSF har nytta løysinga gjennom heile 2016 og har svært gode erfaringar. Løysinga gjev betre oversikt internt og svarar på dei rapporteringskrava KMD stiller. Det er laga fleksibelt slik at det kan vere mogleg å attbruke på andre område. FMSF er i dialog med UDir om dette for utdanningsområdet.

FMSF har i tett dialog med KMD utvikla styringsportalen vidare. Alle embeta leverer årsrapport for 2016 i ny løysing, og vi har så langt fått mange positive tilbakemeldingar.

I samarbeid med andre har vi gjennom 2016 lansert ei rekkje enklare skjema og tenester som publikum kan nytte i korrespondanse med fylkesmannen. Tenestene blir etter kvart som dei er utvikla, gjorde tilgjengelege på fylkesmannen.no.

Vi opplever auka merksemd på digitalisering både frå embeta, departement og direktorat. Vi set pris på dette og ynskjer å halde fram med å gjere vårt for å forenkle, forbetre og fornye.

#### Klimafylket Sogn og Fjordane

Klimaframskrivingane tilseier at vi må vente oss eit varmare, våtare og villare klima. I vår region har vi registrert fleire dagar med regn, meir intenst regn, oftare og kraftigare flaumar, fleire jordskred og færre dagar med snø i låglandet. Einskildaktørar kan ikkje løyse utfordringane aleine, og ei vellukka klimaomstilling i samfunnet set føre tett samarbeid mellom både kommunar, regional stat, organisasjonar og næringslivet.

Dei seinare åra har vi arbeidd målretta i prosjektet *Klimafylket Sogn og Fjordane* for å styrkje samarbeidet med både kommunane og relevante kompetansmiljø i og utanfor fylket. Klimaomsyn har vorte stadig meir integrert i den kommuneretta innsatsen i embetet, og gjennom ei rekkje regionale og nasjonale prosjekt har vi bidrege i å utvikle og implementere ny kunnskap og meir effektive verktoy.

Mellom anna har vi, i tett samarbeid med prosjektleiar Vestlandsforskning, bidrege aktivt i utviklinga av eit [nettbasert klimaverktøy](#) for handtering av klimasårbarheit i kommunale arealplanprosessar. Satsinga er finansiert av KLIMAFORSK-programmet under Noregs forskingsråd og skal slutførast i august 2017. Gjennom deltaking i klimarettar utviklingsprosjekt har vi opparbeidd oss gode erfaringar og nettverk, og erfarer at embetet og klimapartnerskapen i fylket er ein ettertrakta samarbeidspartnar; også internasjonalt. Vi er også med på prosjektet Toksklim, med hovudmål å avklare om klimaendringar kan auke spreieing av og forsterke effekten av miljøgifter.

I mai 2016 arrangerte vi nasjonal klimakonferanse i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, NVE, Statens vegvesen, Norsk Bremuseum, Vestlandsforskning og United World College. Sentrale tema var korleis vi skal planleggje for eit endra klima, kva inneber det grøne skiftet i praksis, og korleis skal Noreg følgjer opp Paris-avtalen. Konferansen hadde om lag 175 deltakarar frå offentleg og privat sektor. Vi vil halde ny konferanse i august 2017.

### Eigenvurderingstilsyn

Dei siste åra har vi brukt det vi kallar *eigenvurderingstilsyn* (også kalla *læringstilsyn* eller *clustertilsyn*) med kommunar på beredskaps-, utdannings-, landbruks- (forvaltningskontroll) helse-, sosial- og barnevernsområda. Det går ut på at medan vi utfører systemrevisjon med utvalt tilsynskommune, utfører nabokommunane eigenvurdering av eigne tenester etter rettleiing. Til slutt går vi gjennom erfaringane saman med alle kommunane og peikar på kva som må forbetrast.

På denne måten femner vi om langt fleire kommunar enn ved vanlege tilsyn. Fleire evalueringar av læringstilsyn har stadfesta at kommunane er nøgde og at effekten av eigenvurderinga på tenestekvalitet er på nivå med det vi ser ved vanleg tilsyn. Kommunane seier at dei lærer meir når dei vert utfordra til å sjå seg sjølve utanfrå.

For oss er utfordringa at vi brukar klart meir ressursar på eit læringstilsyn med fire-fem kommunar enn eit vanleg tilsyn med éin kommune, og at vi ikkje nødvendigvis får godskrive ekstrainsatsen i måltala våre.

### Internasjonale prosjekt

I 2015 og 2016 har vi delteke i to utviklingsprosjekt i Romania.

Vi har vore partner i demokratiprojektet «Active Citizenship», etter initiativ frå den rumenske demokratiorganisasjonen Expert Forum. Prosjektet går ut på undervise om og diskutere verkemiddel for å kunne ha eit levande demokrati. Målgruppene er lærarar, elevar i vidaregåande skule, journalistar, offentleg tilsette og andre demokratiorganisasjonar, der vi mellom anna har hatt innlegg på opne diskusjonsmøte saman med statsråd og statssekretær. Andre partnerar er mellom andre British Council og US Embassy i Bucuresti. Prosjektet var finansiert av EØS-midlar og Konrad Adenauer Stiftung. I forlenginga av prosjektet kom fire personar frå Active Citizenship på studietur til Noreg, der vi tok imot dei hjå Fylkesmannen og hjelpte til med å ordne møte med mellom andre KMD, Justis- og beredskapsdepartementet, Sivilombodsmannen, Helsingforskomiteen, Difi og Sogndal kommune.

KS er partner og vi deltek på vegner av DSB i klimatilpassingsprosjektet «Green Way to Sustainable Development». Vi bidreg med erfaringar og kompetanse på analyse av klimasårbarheit og utvikling av klimatilpassingsstrategiar. Hovudaktiviteten i prosjektet er opplæring og rettleiing i tre rumenske pilotkommunar. Prosjektet er finansiert av EØS-midlar.

Dei to prosjekta gjev oss verdifulle perspektiv som kjem eige arbeid til nytte, til dømes kor velfungerande og lite byråkratisk den norske forvaltninga er, på grunn av den grunnleggjande tilliten folk flest har til kvarandre og til forvaltning og politikarar. Vi vart også minte på at denne tilliten ikkje er noko som kjem av seg sjølv, og som vi må arbeide for å halde oppe. Prosjekta frigjer også lønsmidlar som går med.

### Innsynskrav

Til slutt vil vi nemne eit område som er ei utfordring for oss. Vi har i 2016 brukt opp mot eit halvt årsverk på å handtere innsynskrav og klagar på avslag på krav om innsyn frå to privatpersonar og ein organisasjon. To av kommunane våre og fylkeskommunen har også brukt omfattande ressursar på innsynskrav frå dei same privatpersonane, medan dei andre fylkesmannsembeta har brukt tilsvarande ressursar på innsynskrav frå organisasjonen.

Innsyn i kommunale og statlege dokument er ein viktig demokratisk rett, der vi sjølv sagt skal bruke dei ressursane som trengst. Men vi er usamde i tolkinga frå Sivilombodsmannen om at innsyn i første instans skal gjevast etter to-tre dagar og at klagesaker skal avgjerast innan to veker, utan at det spelar noko rolle kor stort samla trykk det kjem frå den som krev innsyn.

Sivilombodsmannen kritiserte oss for at vi oss brukte sju veker på å avgjere ein klage over avslag på innsyn i ei sak medan vi hadde inne mange ulike klager og innsynskrav frå same person. Ombodsmannen viste berre til eigne fråsegner for å underbygge tolkinga. Sjølv brukte ombodsmannen sju og ein halv månad på å handsame realiteten i saka.

Vi ønskjer oss difor ei presisering i lova av kva som ligg i «utan ugrunna opphald» når det kjem svært mange innsynskrav frå same kjelde. Vi ønskjer oss dessutan ein klarare heimel for å avslå innsynskrav som er motiverte ut frå sjukane eller ønske om å påføre forvaltningsorgan arbeid.

Vi har kommentert dette spørsmålet meir utfyllande under rapporteringskrav 7.3.6.9.1.

## 4 Styring og kontroll i embetet

### 4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging

Vi set stor pris på at tildelingsbrevet og verksemds- og økonomiinstruksen no samlar oppdraga våre og at det viktigaste kjem tidleg i førebelse tildelingsbrev. Vi er også glade for arbeidet med å forenkle og forkorte embetsoppdraga.

Det viktigaste interne styringsverktøyet i embetet er verksemdplanen. I tillegg til ein plan for felles mål og satsingsområde, har kvar avdeling eigen verksemdplan. I verksemdplanen omset vi føringar og embetsoppdrag i handlingar, saman med føringar frå vår eigen strategiplan. Vi arbeider i hovudsak med verksemdplanen frå desember til februar, men han er eit levande verktøy som må endrast dersom det kjem nye signal utover året.

Særskilte satsingar i embetet vert lagde inn i prosjekt. Vi har som regel to embetsprosjekt kvart år, der i prinsippet alle avdelingar tek del. I 2016 har embetsprosjekta vore *klimaløftet* og *integreringsfylket Sogn og Fjordane 2016*. I klimaløftet, som også var embetsprosjekt i 2015, har vi arbeidd med klimatilpassing og utsløppsreduksjonar av klimagassar, både hos oss sjølv, i kommunane og i det fylkesdekkande samarbeidet. I integreringsfylket Sogn og Fjordane har vi arbeidd med å forbetre og utvikle samordninga av informasjon og rettleiing frå regionale statsetatar og fylkeskommunen til kommunane.

Tilsvarande gjennomfører vi spesielle satsingar gjennom prosjekt i avdelingar, og mellom fleire avdelingar. Verksemdplanen vert jamleg følgt opp i avdelingane utover året. Vi rapporterer status for prosjekta våre kvart kvartal i leiarmøte.

I lang tid har vi hatt ei serviceerklæring der vi har definert forventna sakshandsamlingstider for dei viktigaste utoverretta tenestene våre mot publikum. Serviceerklæringa vart sist justert i 2014. Vi følgjer opp sakshandsamlingstidene i rapportar i leiarmøte kvart kvartal.

Styringssystemet vårt er lett tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Her har vi ei rekkje skriftlege rutinar, til dømes for delegering, samordning, varsling, innsynskrav, helse, miljø og tryggleiksarbeid og mykje anna. Vi sikrar oss mot mishald til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar etter førebuing frå økonomieininga. Reiserekningar vert godkjende av leiarane etter førebuing frå økonomieininga. For forvaltningsvedtak og tilskot skal det alltid vere to personar som står bak, samshandsamar og ansvarleg leiar eller mellomleiar.

#### 4.1.1 Embetets risikostyring

Med bakgrunn i føringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Riksrevisjonen har vi prioritert å risikovurdere strategiplanen, verksemdskritiske område og større prosjekt. Leiargruppa definerte desse områda som verksemdskritiske i 2016:

- Sakshandsamingstid
- Sjukefråvær
- Informasjonstryggleik
- Økonomistyring
- Strukturendring - arbeidsmiljø
- For liten kapasitet til førebygging, rådgjeving og rettleiing

Risikovurderingane er ein del av rapporteringa som vi følgjer opp i leiarmøte kvart kvartal. Der følgjer vi også opp faktorar med høg risiko. Vi ser at risikovurderingar kan vere eit nyttig verktøy for å avdekkje kritiske faktorar i konkrete arbeidsoppgåver. Likevel krev verktøyet i seg sjølv ressursar. Vi er opptekne av å ha rett balanse mellom tidsbruk og nytteverdi. Samstundes opplever vi at Riksrevisjonen etterspør dokumentasjon av risikovurderingar på stadig fleire område, men tilvising til reglement om økonomistyring i staten. Oppdraget våre på området er generelt formulert i verksemds- og økonomiinstruksen. Vi meier det vil vere føremålstenleg om oppdraget vert meir konkret.

Vi vil leggje til at vi sjølsagt alltid har eit blick både på korleis vi løyser oppgåvene våre og kva som fungerer bra og mindre bra i organisasjonen, utan at vi brukar den meir omfattande systematikken for risikovurderingar

#### 4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har eit styringssystem som inneheld alle interne styringsdokument og retningsliner. Dette er ein del av vår interkontroll. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

Vi har eit lokalt tilpassa kapittel fire i verksemds- og økonomiinstruksen. I dette kapitlet er det informasjon om den interne styringa i embetet og korleis mykje av internkontrollen vert følgt opp. Vi har verksemdsplan for heile embetet med avdelingsvise planar. Ulike prosjekt, serviceerklæringa vår og verksemdskritiske område vert rapportert på kvartalvis i leiarmøtet. Vi nyttar RiskManager i informasjonstryggleiksarbeidet vårt, og planlegg å ta det i bruk i avvikshandteringa vår i løpet av 2017.

I 2016 har vi fått på plass oppdatert innkjøpsstrategi.

Leiinga vurderer at styringssystema samla sett fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i embetet. Ei utfordring kan likevel vere å ha tid til å drive med kontroll utover det vi har rapporteringskrav på.

#### **4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet**

Vi har stabil bemanning med mykje saksbehandlingskompetanse og anna arbeidserfaring. Vi får godt kvalifiserte søkjarar og gode søkjartal på ledige stillingar. Hovudkontoret vårt er i ein liten kommune med 2 300 innbyggjarar, men vi rekrutterer frå eit felles bu- og arbeidsområde i Indre og Midtre Sogn med åtte kommunar med til saman 30 000 innbyggjarar. I tillegg rekrutterer vi mange yngre personar som har studert og kanskje hatt første jobb i Bergen, Oslo eller Stavanger, og som ønskjer å bu ein stad med nærleik til naturaktivitetar. Vi har også kontorplass i Førde for tilsette i landbruksavdelinga og somme andre stillingar, der det felles bu- og arbeidsområdet utgjer 35 000 innbyggjarar.

Kapasiteten i embetet er i hovudsak tilstrekkeleg til å prioritere dei viktigaste oppgåvene.

På verjemålsområdet er vi klart underfinansierte både fordi vi opplever ein stor auke i talet på verjemål og fordi vi har etterslep etter flyktningkrisa vinteren 2016. Løyvinga vår er dimensjonert ut frå at vi skal handtere om lag 1 100 verjemål, slik vi hadde då verjemålsreforma vart sett i verk i juli 2013. Ved årsskiftet til 2017 hadde vi over 50 prosent meir, 1 717 verjemål. Flyktningkrisa førte til at det i fylket opna mange nye mottaksplassar for einsleg mindreårige asylsøklarar. Vi nær dobla mannskapet på verjemål mellombels for å kunne ta unna den auka saksmengda, og set pris på ekstramidlane vi fekk. Nesten alle mellombels tilsette har no slutta fordi vi ikkje har midlar til forlenging. Vi har ikkje klart å ta unna saksmengda trass i at asylmottaka er under avvikling.

Innan nokre fagområde har vi kapasitetsutfordringar på grunn av stor auke i saksmengda, særleg for klagesaker på helse- og sosialområdet.

#### **4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)**

Vi har ymse inventar og IKT-utstyr, men elles har vi ikkje materielle verdier av vesentleg verdi.

#### **4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet**

Vi har ikkje kjennskap til andre avdekte svake punkt eller utfordringar. Vi har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

Vi brukar RiskManager i informasjonstryggleiksarbeidet. For nærare informasjon om arbeidet kring informasjonstryggleik viser vi til særskilte rapporteringar.

#### **4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende**

Vi har statistikken for sjukefråvær oppe på leiarmøte kvart kvartal, og helse, miljø og tryggleik ein til to gonger i året.

I embetet kjem det sjeldan opp problemstillingar om likestilling og diskriminering, men vi er medvitne om at det etterkvart er ei klar overvekt av kvinner tilsett i embetet.

Vi er sertifiserte som miljøfyrtårn, både i lokala på Leikanger og i Førde. og gjer vårt beste for å etterleve dette, med vekt på kjeldesortering, bruk av kjemikalium og straumforbruk.

## 5 Vurdering av framtidsutsikter

### 5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

#### Samhandlingsstruktur og «Sogn og Fjordane-modellen»

Som vi har vore inne på i kap. I og III, er Sogn og Fjordane eit fylke som presterer godt på dei fleste levekårsindikatorane som kriminalitet, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning, arbeidsløyse og levealder. Vi er også langt framme på IKT-området, både i privat og offentleg sektor. Vi merkar ikkje nedgangen i oljesektoren like godt som dei andre vestlandsfylka, og reiseliv og eksportretta næringar dreg nytte av lågare kronekurs. Arbeidsløysa er lågast i landet. I prosentvis folkevekst målt mot dei andre fylka, kom vi i 2015 på 14. plass og i 2016 på 11. plass.

Vi utfører embetsoppdraget vårt godt, og at vi har mange flinke medarbeidarar som arbeider med ein felles føresetnad om å lage eit betre samfunn ved å gjennomføre statleg politikk. Vi rekrutterer godt til nye stillingar.

Som vi også har vore inne på, meiner vi at områda vi har lukkast på i vårt fylke, er særprega av eit godt samarbeid mellom dei viktigaste samfunnsaktørane på ulike område. Vi meiner god samhandling er viktigaste faktor for å skape betre samfunn, og at vi over tid har brukt initiativrolla til Fylkesmannen til å få gode resultat på mange område.

Vi fryktar at samhandlingskulturen og «Sogn og Fjordane-modellen» kan gå tapt, dersom han ikkje vert lagt inn som ein viktig premiss i strukturdiskusjonar. I så fall kan det føre til at dei gode resultat vi i fylket får på ei rekkje område, også går tapt.

#### Digitalisering

Vi er overtydde om at offentleg forvaltning har store gevinstar å hente på digitalisering, både for å spare tid og arbeid, og for å få betre kvalitet på tenestene til innbyggjarane. Vi helsar difor velkomen mange av initiativa KMD har kome med på området, og vi arbeider vidare med å utvikle nye løysingar med relativt små ressursar. Likevel kunne arbeidet gått fortare i staten, og det går altfor seint i kommunane. Vi er difor samde med KMD i at staten i større grad må ta ansvar for å oppmuntre kommunane til å digitalisere. Til dømes kan staten ta initiativ til felles standardisering av løysingar og kravsspesifikasjonar.

Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane har vi etablerte samarbeidsstrukturar på digitaliseringsområdet i Sogn og Fjordane. Vi har gode erfaringar med felles prosjekt for digital samhandling mellom den regionale staten og alle kommunane, til dømes elektronisk dokumentutveksling mellom Fylkesmannen og kommunane og elektronisk meldingsutveksling for helseopplysningar mellom alle kommunar, fastlegar og helseføretak. For å ta arbeidet vidare har vi starta prosjektet «Digitaliseringsfylket», som vi har orientert KMD om i fleire samanhengar. Prosjektet går ut på å innføre eit heilskapleg system for digital dokumentutveksling mellom stat, kommune, innbyggjarar og arkiv, og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, kommunane og KS, fylkeskommunen (fylkesarkivet), Difi, Vestlandsforskning og IT-forum. Prosjektet har fem hovuddelar:

1. Arkiv til arkiv - elektronisk utveksling av arkivsaker mellom stat og kommune
2. Automatisk avlevering av arkivmateriale til depot (eArkiv)
3. eInnsyn som ny felles innsynsløysing for offentleg post – også for kommunane
4. Digital post til innbyggjarane – også for kommunane
5. eSignering for innbyggjarane – også for kommunane

Målet er å få med alle kommunane i fylket i første omgang, og deretter, dersom KMD gjev oss oppdrag om det, å bruke modellen på fylke etter fylke i landet. Prosjektet har så langt fått avgrensa økonomisk støtte gjennom regionalt forskingsfond og fornyingsmidlane for kommunane. Vi saknar ei støtteordning for fellesprosjekt mellom stat og kommune. Det kan ta lang tid å få prosjektet i mål dersom vi ikkje får støtte frå andre kjelder.

#### Verjemålsområdet

Vi er også i år uroa for at vi ikkje klarar å yte gode nok tenester på verjemålsområdet. Løyvinga vår er dimensjonert ut frå at vi skal handtere om lag 1 100 verjemål, slik vi hadde då verjemålsreforma vart sett i verk i juli 2013. Ved årsskiftet til 2017 hadde vi 1 717 verjemål, altså over 50 prosent meir. Vi har under kapittel 3.1.3.4 gjort greie for moglege konsekvensar av spriket mellom løyvinga og behovet.

Vi tek opp att at vi gjer vårt beste, men situasjonen er vanskeleg og belastninga stor på dei tilsette. Dersom ikkje Justis- og beredskapsdepartementet tek grep, vil det få konsekvensar.

#### Integrering og busetjing

Med den store auken i flykningar som kom hausten og vinteren 2015 og 2016, er integrering og busetjing viktig dei neste åra. Kommunane våre har stor vilje til å busetje flykningar, og dei vert skuffa når IMDi i siste omgang ikkje tilbyr så mange som dei på oppmoding frå IMDi har sagt ja til å ta imot.

Likevel er største utfordringa å syte for at flyktingane lærer seg norsk, kjem i arbeid og får eit meningsfylt tilvære. I einsskilde kommunar er det gjort mykje bra i samarbeid mellom Nav og fylkeskommunen, til dømes der det er oppretta klassar i vidaregåande skule i helsefag eller andre yrkesretningar, særskilt retta mot innvandrarar. Vi har saman med Nav og fylkeskommunen teke initiativ til eit felles prosjekt med kommunane for å få meir ut av kvalifiseringsprogrammet, som vi vonar kan løfte dei kommunane som ligg etter.

Vi legg til at det er naturleg at asylmottak vert avvikla når det kjem færre asylsøkjjarar. Vi saknar likevel ei kompensasjonsordning for kommunar som har inngått leigekontraktar for lokale og tilsett folk for å byggje dei kommunale tenestene rundt asylmottak, særleg mottak for einslege mindreårige. Elles vil det vere vanskeleg å motivere kommunane til å byggje opp tenester rundt asylmottak dersom det trengst i framtida.

#### Økonomiske rammer for kommunane

Vi har respekt for at inntektssystemet vert lagt om, med meir vekt på folketal. Vi har også respekt for at skjønsmidlane til kommunane vert reduserte for å leggje meir inn i den faste ramma.

Likevel må vi peike på at det får følgjer for tenestene i våre spreiddbygde kommunar når inntektsveksten er under pris- og lønsveksten. Og vi har vanskeleg for å forstå kvifor skjønsmidlane prosentvis vert meir reduserte i Sogn og Fjordane enn i noko anna fylke, både der fylka får høgare og lågare skjønsmidlar per innbyggjar. Ingen andre fylke når opp i 15 prosent reduksjon, som for våre kommunar utgjør 11 millionar kroner.

For somme kraftkommunar i fylket kjem reduksjonen i grunnlaget for eigedomsskatt på toppen av reduserte rammeinntekter frå staten, og det kan føre til store reduksjonar av inntektsgrunnlaget.

### **5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt**

Vi har gjort greie for konsekvensar under kvart punkt som er teke opp under kapittel 5.1 framtidsutsikter.

### **5.3 Andre forhold**



## 6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Sogn og Fjordane.pdf](#)

## **Leiingskommentar årsrekneskapen 2016**

### **Føremål**

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I årsrapporten del VI finn du årsrekneskapen vår.

### **Stadfesting**

Årsrekneskapen er i samsvar med «bestemmelser om økonomistyring i staten», rundskriv R-115 frå Finansdepartementet, krav frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av vår disponible tildeling, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

### **Vurdering av vesentlege forhold**

Vi har samla disponert tildelingar til drift kr 81.764.000,- i 2016. I tillegg har vi forvalta ein del tilskotsmidlar og prosjektmidlar frå ulike departement og direktorat. Dette er midlar der bruken er styrt av departement og direktorat, og vil variere etter kva regjering og Storting prioriterer til ei kvar tid.

Det har vore eit stort press på verjemålsområde. Noko av dette skuldast det store omfanget av flyktningar, men hovudårsaka er for knappe ressursar for å behandle den aukande saksmengda. Vi har difor, også i 2016, eit meirforbruk innanfor dette område.

Overskotet på post 01 vart kr 1 133 144,- og på post 21 vart det eit overskot på kr 2 621 233,-. Vi ber om at desse midlane vert overførte til 2017.

Frå 2015 til 2016 har vi hatt ein auke i tal årsverk frå 116 til 122. Retningslinene for korleis årsverka skal reknast ut er endra. Endringa i prinsipp åleine utgjør ein auke på om lag eit årsverk. I tillegg skuldast ein vesentleg del av auke i årsverk behovet for å auke bemanninga på verjemål. I tillegg vart beredskapsområde styrkt med ei stilling frå sommaren av, som følgje av auka løyving til arbeidet med beredskap.

Vi får tildelinga vår frå fleire ulike departement og direktorat, og vi får mange belastningsfullmakter. I artskontorrapportering og notar er alle rekneskapstala våre inkluderte. Når desse tala vert samanlikna med tildelinga, vil nokre av dei vere unaturleg høge for normal drift. Lønskostnadene våre inkluderer til dømes alle utbetalingar til eksterne som får godtgjersle utbetalt frå Fylkesmannen, som til dømes kontrollkommisjonen for psykiske helse og sensorar.

Vi har ansvar for å drifte Statens hus, og vi er mottakar av alle fakturaer som gjeld Statens hus. Vi har ansvar for å fordele desse kostnadane på dei andre leigetakarane.

Utestående med statskassa utgjorde per 31.12.16 kr 5.740.659,-. Dette er ein auke frå 2015 på kr 664.897,-. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva egedelar og gjeld det utestående er samansett av.

**Tilleggsopplysningar**

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen vår. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per no, men revisjonsrapporten er forventa å vere klar i 2. kvartal 2017. Revisjonsrapporten er unntatt frå innsyn fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Leikanger 20. februar 2017

Anne Karin Hamre

-sign-

## **Prinsippnote årsrekneskapen**

Årsrekneskapen for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er utarbeidd og avlagt etter retningslinjene fastsett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», fastsett 12. desember 2003, med endringar seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsett av KMD.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa viser løyvingsrapportering, og behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og kva grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeida med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

Rekneskapen følgjer kalenderåret.

Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.

Utgiftene og inntektene er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapet» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.8.1. Ordinære forvaltingsorgan vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årets slutt vert saldo på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

### ***Løyvingsrapportering***

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som vi har rapportert til statsrekneskapen. Det er oppstilt etter kapittel og post i løyvingsrekneskapen som Fylkesmannen har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eimedlar og gjeld vi står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kollonna «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Vi har ikkje gitt løyvingsfullmakter til andre verksemder.

### ***Artskontorrapportering:***

Artskontorrapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Vi har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og viser derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga.

Note 7 i artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa.

## Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2016

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2016	Merutgift (-) og mindretgift
0525	Fylkesmannsembetene - driftsutgifter	01			81 764 000	81 380 107	383 893
0525	Fylkesmannsembetene - spes. driftsutgifter	21			2 853 000	6 960 673	-4 107 673
0225	Tiltak i grunnopplæringen - driftsutgifter	01			680 000	690 835	-10 835
0225	Tiltak i grunnopplæringa - særskilde driftsutg	21			1 053 000	1 052 847	153
0225	Tilskudd til oppl. av barn og unge i statl. asyl	64			16 390 000	16 371 964	18 036
0225	Tilskudd til leirskoleopplæring	66			1 127 000	1 126 626	374
0226	Spesielle driftsutgifter	21			9 125 000	8 840 468	284 532
0226	Kvalitetsutvikling i grunnskolen - videreutdar	22			380 000	249 347	130 653
0231	Utviklingstiltak barnehage	21			7 009 091	6 630 596	378 495
0231	Barnehager - Tilskudd til svømming i barneh	70			597 000	597 000	0
0341	Den norske kirke og andre tros- og livssynssa	70			Open fullmakt	595 192	#VERDI!
0451	Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredsl	01			588 000	588 000	0
0469	Vergemålsordningen - driftsutgifter	01			6 878 152	7 158 101	-279 949
0469	Vergemålsordningen - spes. driftsutgifter	21			Open fullmakt	3 356 698	#VERDI!
0470	Fri rettshjelp - driftsutgifter	01			Open fullmakt	2 828 496	#VERDI!
0500	Kommunal- og moderniseringsdepartementet-	21			3 372 358	3 357 599	14 759
0520	Tilskudd til de politiske partiers kommunale c	71			32 900 000	32 208 019	691 981
0520	Tilskudd til de politiske partiers fylkesorganis	73			71 800 000	72 055 822	-255 822
0520	Tilskudd til de politiske partiers fylkesungdor	75			20 992 000	20 369 126	622 874
0571	Rammetilskudd til kommuner - spes. driftsutg	21			1 450 000	1 429 927	20 073
0621	Tilskudd til sosiale tjenester og sosial inklude	21			1 949 220	1 497 953	451 267
0621	Sosiale tjenester og tiltak for vanskeligstilte	63			3 106 174	2 644 363	461 811
0714	Folkehelse - Spesielle driftsutgifter	21			178 700	46 646	132 054
0721	Statens helsetilsyn - Driftsutgifter	01			500 000	446 504	53 496
0734	Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustilta	01			Open fullmakt	2 262 208	#VERDI!
0761	Tilskudd forvaltet av sosial-og helsedirektorat	21			632 700	335 991	296 709
0761	Omsorgstjeneste - Kompetanse og innovasjon	68			11 190 700	11 110 700	80 000
0762	Primærhelsetjeneste - spes. driftsutgifter	21			300 000	224 896	75 104
0762	Primærhelsetjeneste - forebyggende helsetjene	60			800 000	775 000	25 000
0762	Forebygging av uønsket svangerskap og abort	73			400 000	395 000	5 000
0765	Psykisk helse og rusarbeid - spesielle driftsutg	21			701 300	612 621	88 679
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kommunale tjene	60			6 550 000	6 550 000	0
0765	Psykisk helse og rusarbeid - rusarbeid	62			5 739 000	5 738 938	62
0781	Forsøk og utvikling mv - spes. driftsutgifter	21			Open fullmakt	27 608	#VERDI!
0783	Personell - spes. driftsutgifter	21			1 140 000	1 025 011	114 989
0840	Tiltak mot vold og overgrep - Spesielle driftst	21			71 435	71 435	0
0854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet - spes. drift	21			793 271	699 495	93 776
0854	Kommunalt barnevern	60			13 720 000	13 370 000	350 000

0858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet - spe	21		1 094 069	971 843	122 226
1144	Miljørettet prosjektarbeid m.m.	77		200 000	175 187	24 813
1400	Spesielle driftsutgifter MD	21		740 000	694 850	45 150
1410	Miljøvernovervaking og miljødata	21		446 400	445 265	1 135
1420	Miljødirektoratet - driftsutgifter	01		10 000	10 134	-134
1420	Miljødirektoratet - spes. driftsutgifter	21		2 969 500	2 964 738	4 762
1420	Statlige vannmiljøtiltak	22		2 810 000	2 808 328	1 672
1420	Klima, naturmangfold og forurensning- oppdr	23		1 200 000	1 059 054	140 946
1420	Tiltak i verneområder	31		4 420 000	4 316 425	103 575
1420	Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt	72		1 500 000	528 000	972 000
1420	Forebyggende og konfliktdepende tiltak i ro	73		390 000	385 893	4 107
1420	Verdensarvomr.,kulturl.,verdskapning	81		1 070 000	1 070 000	0
1420	Tilskudd til prioriterte arter og utvalgte naturt	82		1 737 000	1 608 116	128 884
1425	Driftsutgifter	01		670 000	672 139	-2 139
1425	Tilskudd til fiskeformål	70		360 000	360 000	0
1425	Tilskot til viltføremål	71		352 952	352 952	0
1633	Nettoordning for mva i staten	01			5 126 023	
				Open fullmakt		
<i>Sum utgiftsført</i>				326 701 022	339 230 759	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling*	Regnskap 2016	Merinntekt og mindreinntekt(-)
3525	Inntekter ved oppdrag	01		0	6 728 905	6 728 905
3525	Ymse inntekter	02		0	749 251	749 251
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29		0	239 542	
5700	Arbeidsgiveravgift	72		0	8 373 715	
<i>Sum inntektsført</i>				0	16 091 412	
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>					<b>323 139 346</b>	
<b>Kapitalkontoer</b>						
60069401	Norges Bank KK /innbetalinger				14 780 590	
60069402	Norges Bank KK/utbetalinger				-337 255 040	
715214	Endring i mellomværende med statskassen				-664 897	
<i>Sum rapportert</i>					0	

<b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)</b>						
				<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>	<b>Endring</b>
715214	Mellomværende med statskassen			-5 740 659	-5 075 762	-664 897

\* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

**Virksomhet:** AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

<b>Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter</b>			
<b>Kapittel og post</b>	<b>Overført fra i fjor</b>	<b>Årets tildelinger</b>	<b>Samlet tildeling</b>
0525.01	1 252 000	80 512 000	81 764 000
0525.21	2 853 000		2 853 000
xxxxxx			0
xxxxxx			0

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastnings- fullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings- fullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
0525.01	Kan overføres	383 893		383 893	749 251			1 133 144	[5% av årets tildeling i note A]	1 133 144
0525.21	Kan overføres	-4 107 673		-4 107 673	6 728 905			2 621 233	[5% av årets tildeling i note A]	2 621 233
xxxx21	"kan nyttes under post 01"			0				0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx45				0				0		
xxxx45	"kan overføres"			0				0	[Sum årets og fjorårets tildeling]	
xxxx70				0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
xxxx75	"overslagsbevilgning"			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		

\*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

**Forklaring til bruk av budsjettfullmakter****Kan overføres:**

Mindreforbruk på både kap.post 052501 og kap.post 052521 kan overføres til neste år

**Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter**

Verksemda har brukt driftsinntekter rapportert på kap.post 3525.02 til å dekke inn meirutgifter på driftspost 0525.01. Tilsva rande har vi brukt meirinntekter på kap.post 3525.01 til å dekke inn meirutgifter på 0525.21.

**Mulig overførbart beløp:**

Mindreforbruk på kr. 1.133.144 på kap.post 052501 er under grensa på 5% for overføringer til neste år. Mindreforbruket på kr 2.621.233 på kap.post 052521 gjeld prosjekt som går over fleire år.

Vi ber difor om at begge vert overførte til 2017.



## Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2016

	Note	2016	2015
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	7 478 156	9 440 327
Andre inntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		7 478 156	9 440 327
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utgifter til lønn	2	85 667 029	79 821 583
Andre utgifter til drift	3	40 299 819	39 564 493
<i>Sum utgifter til drift</i>		125 966 848	119 386 076
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>118 488 692</b>	<b>109 945 748</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetaling til investeringer	5	2 352 288	1 262 954
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	429	1 714
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		2 352 717	1 264 668
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>2 352 717</b>	<b>1 264 668</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	70 002	288 891
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		70 002	288 891
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utgifter av tilskudd og stønader	7	205 785 171	188 282 341
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		205 785 171	188 282 341
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		169 540	168 251
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		8 373 715	7 871 340
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		5 126 023	3 940 314
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-3 417 232	-4 099 277
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>323 139 346</b>	<b>295 104 589</b>

## Oversikt over mellomværende med statskassen \*\*

Eiendeler og gjeld	2016	2015
Fordringer	0	0
Kasse	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-4 095 290	-3 367 298
Skyldige offentlige avgifter	-5 248	-8 563
Annen gjeld	-1 640 121	-1 699 901
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	<b>8</b>	<b>-5 740 659</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

\*\* Spesifiser og legg til linjer ved behov.

**Kontrollsum:**

323 139 346

323 139 346

0

**Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane****Note 1 Innbetalinger fra drift**

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
<b><i>Sum innbetalinger fra gebyrer</i></b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
<b><i>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i></b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Salgsinntekt tjenester, avgiftsfri	749 251	507 336
Inntekter fra salg av oppdrag, avgiftfri	6 728 905	8 932 991
<b><i>Sum salgs- og leieinnbetalinger</i></b>	<b>7 478 156</b>	<b>9 440 327</b>
<i>Andre innbetalinger</i>		
<b><i>Sum andre innbetalinger</i></b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalinger fra drift</b>	<b>7 478 156</b>	<b>9 440 327</b>

## Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2016	31.12.2015
Lønn	72 161 549	69 744 269
Arbeidsgiveravgift	8 373 715	7 871 340
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-2 201 248	-3 261 405
Andre ytelser	7 333 013	5 467 378
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>85 667 029</b>	<b>79 821 583</b>
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
<b>Antall årsverk:</b>	122	116

«Andre ytelser» gjeld i hovudsak utbetalingar til sensorar, kontrollkommisjonar, nemnder, styre, råd etc., og ikkje til egne tilsette.

Prinsippa for å rekne ut årsverk er endra frå 2015 til 2016, der ein i 2016 også tek med overtid og ekstra timar.

Endringa i prinsipp utgjer om lag eit årsverk. Tal årsverk med gamalt prinsipp er 121.

## Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2016	31.12.2015
Husleie	1 603 873	1 582 424
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	159 959	55 752
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	7 044 566	7 294 296
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	144 202	148 216
Mindre utstysanskaffelser	237 274	224 841
Leie av maskiner, inventar og lignende	2 041 845	1 893 570
Kjøp av fremmede tjenester	15 182 265	14 401 064
Reiser og diett	5 967 431	5 656 952
Øvrige driftsutgifter	7 918 404	8 307 378
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>40 299 819</b>	<b>39 564 493</b>

Grupperinga av artskontoar knytt til dei ulike postane i note 4, gjer at tala gir eit feil bilete på enkelte av postane

Det er særleg posten "Husleie" som skil seg ut.

Nøkkeltalet husleige i del 2 i rapporten, viser at kostnaden ved å bu er kr 12.237.836.

**Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	429	1 714
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>429</b>	<b>1 714</b>

**Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane****Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer**

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	2 352 288	1 262 954
<b>Sum utbetaling til investeringer</b>	<b>2 352 288</b>	<b>1 262 954</b>

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
<b>Sum utbetaling til kjøp av aksjer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

**Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten**

	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
Tilfeldige og andre inntekter	70 002	288 891
<b>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>	<b>70 002</b>	<b>288 891</b>

Inntektene på denne noten utgjør i sin heilheit tilbakebetaling av ubrukt tilskot frå tidlegare år frå kommunane.

**Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

**Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten**

	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
Tilskudd til kommuner	73 890 670	55 038 112
Tilskudd til fylkeskommuner	1 712 930	3 076 036
Tilskudd til private	3 274 987	3 799 936
Tilskudd til organisasjoner	125 870 837	124 078 257
Tilskudd til statsforvaltningen	1 035 747	2 290 000
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>	<b>205 785 171</b>	<b>188 282 341</b>



## Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

## Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2016	31.12.2016	Forskjell
	Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomværende med statskassen	
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<i>Sum</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Omløpsmidler			
Kundefordringer	344 883	0	344 883
Andre fordringer	0	0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	<b>344 883</b>	<b>0</b>	<b>344 883</b>
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-5 614	0	-5 614
Skyldig skattetrekk	-4 095 290	-4 095 290	0
Skyldige offentlige avgifter	-5 248	-5 248	0
Annen kortsiktig gjeld	-1 953 664	-1 640 121	-313 543
<i>Sum</i>	<b>-6 059 816</b>	<b>-5 740 659</b>	<b>-319 157</b>
<b>Sum</b>	<b>-5 714 933</b>	<b>-5 740 659</b>	<b>25 726</b>

\* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

## Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
<i>Aksjer</i>							
Selskap 1							
Selskap 2							
Selskap 3							
<b>Balanseført verdi 31.12.2016</b>							<b>0</b>
* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.							